



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Hausten 2022

Er oljen den nye oljå?

Ei undersøking av grammatisk hokjønn i Stavanger

Øystein Sandve

Forord

For all hjelp med masteroppgåva mi rettar eg takk til

Randi Neteland, min kyndige og omtenksame rettleiar;

Per Sigmund Sævik Bøe for interessa di. Takk for pragmatiske råd i byrjinga av prosjektet og for at døra di var open då du sjølv var midt opp i ditt eige doktorgradsarbeid;

Agnete Nesse for gode råd undervegs i prosjektet

Eikelandsosen, 28. august 2022

Innhald

1 Innleiing	10
1.1 Formål og problemstilling.....	10
1.2 Forklaringar	11
1.3 Struktura i avhandlinga.....	12
2 Stavanger	13
2.2 Historisk gjennomgang.....	14
2.3 Demografi.....	16
2.3.1 Befolkningsutvikling	16
2.3.2 Innvandring og bumønster	18
2.3.3 Næringsliv og sysselsetjingsmønster.....	19
2.3.4 Utdanning.....	19
2.4 Språksituasjonen i Stavanger	21
3 Teori	22
3.1 Innleiing.....	22
3.2 Sosiolingvistik.....	22
3.3 Synkron og diakron variasjon	23
3.4 Sosial variasjon	24
3.4.1 Klasse.....	24
3.4.2 Alder	24
3.4.3 Kjønn	25
3.5 Språkending.....	27
3.5.1 Internlingvistiske faktorar	27
3.5.2 Ikkje-språklege faktorar	31
3.6 Dialekta i Stavanger	35
3.6.1 Stavanger bymål.....	36
3.6.2 Det høgare talemålet.....	36
3.6.3 Morfologisk grammatikksskisse	37
3.7 Genus.....	43
3.7.1 Leksikalsk genus	43
3.7.2 Referensielt genus	45
3.7.3 Genuskongruens	46
3.8 Forskingsspørsmål.....	48
3.8.1 Språk og alder.....	48
3.8.2 Possessivet <i>mi</i>	48
3.8.3 Determinativ og adjektiv.....	49
3.8.4 Språk og kjønn	49
4 Metode	50

4.1 Innleiing.....	50
4.2 Datamaterialet eg nyttar	50
4.2.1 Innhenting	51
4.2.2 Handsaming	53
4.2.3 Vurdering av datamaterialet.....	54
4.3 Framgangsmåten	55
4.3.1 Kort om talemålskorpuset	55
4.3.2 Feilkjelder	56
4.3.4 Andre vurderingar i kodingsarbeidet.....	57
4.4 Språklege variablar.....	58
4.5 Reliabilitet og validitet	58
4.5.1 Situasjonsbunden variasjon.....	59
4.6 Kvantitativ og kvalitativ metode.....	60
5 Resultat	61
5.1 Innleiing.....	61
5.3 Variabel 1: Bøyingsmorfemet av feminina i bestemt form eintal.....	62
5.3.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	63
5.3.2 Alder	63
5.3.3 Kjønn	64
5.3.4 Skilnader mellom svake og sterke feminina	65
5.4. Variabel 2: Endingsmorfemet av svake feminina ubestemt form eintal.....	67
5.4.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	68
5.4.2 Alder	68
5.4.3 Kjønn	69
5.6 Variabel 3: Artikkelen <i>ei</i>	70
5.6.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	70
5.6.2 Alder	70
5.6.3 Kjønn	71
5.7 Variabel 4: Demonstrativ possessiv i prenominal posisjon	72
5.7.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	72
5.7.2 Alder	73
5.7.3 Kjønn	73
5.8 Variabel 5: Demonstrativ possessiv i postnominal posisjon.....	74
5.8.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	74
5.8.2 Alder	75
5.8.3 Kjønn	75
5.9 Variabel 6: Determinativ	76
5.9.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	77

5.9.2 Alder	77
5.9.3 Kjønn	78
5.10 Variabel 7: Frekvente adjektiv	79
5.10.1 Samla oversyn etter opptaksår	79
5.10.2 Alder	80
5.10.3 Kjønn	80
5.11 Informantar	81
5.11.1 Informant 411	81
5.11.2 Informant 408	82
5.11.3 Informant 427	84
6 Drøfting av resultat	85
6.1 Markør for genus	85
6.2 Feminina og artiklar	86
6.2.1 Hybridformer	87
6.2.2 Reduksjon og dekategoriisering	88
6.2.3 Kriterium for genus?	89
6.2.4 Alder og språk	90
6.3 Possessiv	91
6.3.1 Familierelasjonar	92
6.4 Kongruens med pronomen	92
6.5 Adjektiv og determinativ	94
6.5.1 Aldersvariasjon	94
6.5.2 Hybridformer	96
6.5.3 Hypotesetesting	96
6.6 Kjønn og språk	96
6.7 Metodiske merknader	97
6.7.1 Andre genusstudiar	97
6.7.2 Arkemorfemet og <i>Talebanken</i>	98
6.8 Språkendring	99
7 Konklusjon	101
7.1 Oppsummering	101
7.2 Vidare forskning	101
Samandrag	102
Abstract	102
Litteraturliste	103

Liste over tabellar

Tabell 1: Bøyingsparadigme for hannkjønn i Stavanger bymål.....	37
Tabell 2: Bøyingsparadigme for hokjønn i Stavanger bymål.....	38
Tabell 3: Frekvente adjektiv i Stbm. når hovudleddet i frasen er i bestemt form eintal	40
Tabell 4: Determinativ i Stbm.....	41
Tabell 5: Determinativ i dht.	41
Tabell 6: Pronomen i Stavanger bymål, skrivne med fonemisk skrift	42
Tabell 7: Pronomen i det høgare talemålet, skrivne med fonemisk skrift.....	42
Tabell 9: Genuskongruens i Stavanger bymål.....	47
Tabell 10 Variabel 1, etter opptaksår. Skåre i prosent	63
Tabell 11 Variabel 1, fordeling etter alder, skåre i prosent.....	63
Tabell 12: variabel 1, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent.....	64
Tabell 13: : variabel 1, fordelt etter kjønn, opptaksår 2010, skåre i prosent	64
Tabell 14 Sterke hokjønnsord.....	65
Tabell 15 Svake hokjønnsord	66
Tabell 16: Sterke feminina, fordelt etter alder, skåre i prosent	66
Tabell 17: Svake feminina fordelt på alder, skåre i prosent	66
Tabell 18: Variabel 2, etter opptaksår, skåre i prosent.....	68
Tabell 19: Variabel 2, fordelt etter alder, skåre i prosent.....	68
Tabell 20: Variabel 2, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent.....	69
Tabell 21: Variabel 2, fordelt etter kjønn, opptaksår 2010, skåre i prosent	69
Tabell 22: Variabel 3, etter opptaksår, skåre i prosent.....	70
Tabell 23: Variabel 3, fordelt etter alder, skåre i prosent.....	70
Tabell 24: Variabel 3, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent.....	71
Tabell 25: Variabel 3, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent.....	71
Tabell 26: Variabel 4, etter opptaksår, skåre i prosent.....	72
Tabell 27: Variabel 4, fordelt etter alder, skåre i prosent.....	73
Tabell 28: Variabel 4, opptaksår 1981/82, fordelt etter kjønn, skåre i prosent	73
Tabell 29: Variabel 4, opptaksår 2010, fordelt etter kjønn, skåre i prosent	74
Tabell 30: Variabel 5, etter opptaksår, skåre i prosent.....	74
Tabell 31: Variabel 5, etter alder, skåre i prosent	75
Tabell 32: Variabel 5, etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent.....	75
Tabell 33: Variabel 5, etter kjønn, opptaksår 2010, skåre i prosent.....	76

Tabell 34: Variabel 6, etter opptaksår, skåre i prosent	77
Tabell 35: Variabel 6, etter alder, skåre i prosent.....	78
Tabell 36: Variabel 6, fordelt etter kjønn, skåre i prosent.....	78
Tabell 37: Variabel 7, etter opptaksår, skåre i prosent	79
Tabell 38: Variabel 7, fordelt etter alder, skåre i prosent.....	80
Tabell 39: Variabel 7, fordelt etter kjønn, skåre i prosent.....	80
Tabell 40: Genuskongruens for informant 411, skåre i prosent	81
Tabell 41: Genuskongruens for informant 408, skåre i prosent	83
Tabell 42: Genuskongruens for informant 427, skåre i prosent	84
Tabell 43: Variabel 1–8 med variantar	86
Tabell 44: Variabel 6 og 7, fordelt etter alder, skåre i prosent.....	94

1 Innleiing

Dei siste åra har lingvistar forska mykje på grammatisk kjønn i norske bydialekter. Særleg har det vore retta interesse mot korleis det grammatiske kjønnssystemet er i endring. Mange av studiane peikar på ein tendens til at grammatisk hokjønn er utsett for reduksjon. Ofte vil ein slik reduksjon innebera eit samanfall, der den tradisjonelle femininumskategorien fell saman til eit felleskjønn med maskuline former.

Det er gjort genusstudiar blant anna i Oslo (Hårstad & Opsahl, 2021; Lødrup, 2011), Trondheim (Busterud; Lohndal; Rodina; Westergaard, 2020) Tromsø (Alsos, 2016; Westergaard & Rodina, 2016) og Kristiansand (Kvinlaug, 2011). I Bergen har grammatisk hokjønn allereie falle saman med maskulinum til eit felleskjønn (Nesse, 2005). Sjølv har eg interessert meg lenge for grammatisk hokjønn i Stavanger-dialekta. Gjennom å snakka og lytta til siddisar i ulike aldrar, har eg danna meg ei oppfatning om at dei yngre språkbrukarane ikkje bruker dei tradisjonelle kongruensformene for femininum lenger. I staden for bruker dei maskuline former og konstruksjonar, som ein gjerne oppfattar som «finare». Likevel er det ikkje gjort ein studie i Stavanger med einsretta fokus på grammatisk kjønn. Det er difor interessant å studera talemålet på ein metodisk god måte, for å sjå om ein finn liknande utviklingstendensar for grammatisk hokjønn i Stavanger.

Det er òg gjort fleire sosiolingvistiske studiar av talemålet i Stavanger, blant anna Gabrielsen (1984), Aasen (2011) og Johannessen (2020). Den nyaste studien er gjort June Thea Johannessen (2020). Masterprosjektet hennar retta blikket mot yngre mål i Stavanger, som også Finn Gabrielsen (1984) gjorde i sin hovudfagsoppgåve. Eg kjem til å støtta analysar og påstandar i tidlegare forskning av dialekta. Eg har lytta til talemålsopptaka som vart spelte inn i samband med talemålsundersøkingane til masterprosjekta til Finn Gabrielsen (1984) og Kristine Nymark Aasen (2011). Både Aasen (2011) og eg har nytta eksterne opptak frå 1982. Desse talemålsopptaka utgjer empirien i denne avhandlinga.

1.1 Formål og problemstilling

I denne avhandlinga undersøker eg korleis språkbrukarane i Stavanger opererer med grammatisk hokjønn i talemålet. Ved å undersøka åtte ulike språklege variablar, skal eg danna eit bilete av femininum i talemålet. Desse variablane knyter eg til ikkje-språklege faktorar som alder og kjønn, for å få undersøka om det er skilnader når det kjem til

grammatisk hokjønn i talemålet. Særleg interessant er å sjå på variasjonen fordelt på alder, for å undersøka om det er tendens til språkendingar.

Utgangspunktet i denne avhandlinga er problemstillinga:

Korleis realiserer språkbrukarane i Stavanger genuskongruens med femininum?

Eg kjem til å ta i bruk talemålskorpuset til Universitetet i Bergen, og stiller meg det overordna forskingsspørsmålet: *Korleis er fordelinga av feminine genusmarkørar blant dei undersøkte språklege variablane i talemålet i Stavanger?* Eg kjem til å forklara variasjonen i talemålet gjennom dei ikkje-språklege faktorane. Alder vert ein viktig sosial variabel fordi det kan gje eit diakront bilete dialekta. Gjennom alder kan ein freista å dra utviklingslinjer, som kan gje eit frampeik for kva slag retning talemålet er på veg hen når det gjeld grammatisk hokjønn.

1.2 Forklaringar

For å gjera teksten mest mogleg lesarvenleg, er ord og frasar frå talemålet skrivne i *kursiv*. Denne skrivemåten fylgjer norsk ortografi. Undervegs i teksten har eg brukt ulike skrivemåtar for å framstilla talemålet på ein meir nøyaktig måte. Det er brukt fonemisk skrivemåte med skråstrekar både for å presentera eit fonem og når det har vore nødvendig å skildra uttalen nærmare. Ved fonemisk skrift har eg ikkje inkludert tonelag. Fonetisk skrivemåte med klammeteikn er brukt for å visa til allofonar av eit fonem og til å framstilla realisering av uttale med presist. I tabellane i teorikapittelet (3.6.3) vert det grammatiske systemet i talemålet presentert, og det er stort sett brukt fonemisk skrivemåte, utanom tabell 6 og 7 som er skrivne fonetisk (sjå 3.6.3.4).

I denne avhandlinga bruker eg nemningane *maskulina* og *feminina*. Maskulina refererer til hannkjønnsord og maskuline pronomen. Feminina inkluderer hokjønnsord og feminine pronomen. Det er òg verdt å poengtera at nemninga *tradisjonell(e)* vil i denne avhandlinga bety målmerke og språktrekk ein finn i Stavanger bymål (Stbm.), til forskjell frå *konservative*, som er målmerke innom høgstatusosiolekta i byen (dht.).

1.3 Strukturen i avhandlinga


Denne avhandlinga er består til saman av sju delkapittel. Først tek eg for meg byen Stavanger og kommunen. Blant anna vil det vera ei framstilling av demografiske forhold, næringsliv og sysselsetjing. Ved å undersøka utviklinga i folketalet, kor mange som pendlar og sysselsetjingsstrukturar, får ein eit inntrykk av kva slags språksamfunn Stavanger er. Neste kapittel gjer greie for relevant teori for språkleg variasjon og endring. Seinare i kapittel 3 gjer eg greie for genusteori, før eg utbroderer om dei språklege trekka i talemålet i Stavanger som er aktuelle for denne avhandlinga. Til slutt i teorikapittelet presenterer eg forskingsspørsmåla. Desse skal eg forsøka å svara på i drøftingskapittelet (kap. 6). I det etterfylgjande metodekapittelet problematiserer eg datamaterialet eg har nytta i avhandlinga.. Eg presenterer metoden i denne undersøkinga, og legg fram kva metodiske val eg gjorde undervegs i prosjektet, og eg legg vekt på utfordringar og potensielle feilkjelder i arbeidet mitt. Deretter, i kapittel 5, presenterer eg resultata mine, som er kvantifiserte i tabellar etter dei sosiale bakgrunnsvariablane alder og kjønn. I kapittel 6 summerer eg opp resultata, presenterer kva for variantar som indikerer samsvar med feminint genus. I tillegg undersøker eg om det er eit gjennomgåande mønster i variasjonen i talemålet til informantane, før eg går i djupna på variablane med fokus på alder og kjønn. I kapittel 6 trekker eg òg fram interessante frasar og former som er relevante for drøftinga. I kapittel 7 samlar eg opp trådane frå avhandlinga og gir ein oppsummerande konklusjon.

2 Stavanger

Stavanger er ein by og kommune i Rogaland fylke. Byen ligg på austsida av ei halvøy nord på Jæren. Stavanger er administrasjonssenterer i fylket og den fjerde mest folkerike kommunen i Noreg med sine 144 699 innbyggjarar (SSB, 2022a, 2022c). Kommunen har eit areal på 241 km² fordelt på 37 øyar.

Dei siste tiåra har Stavanger ekspandert monaleg, som har ført til at dei omliggande tettstadene – i nabokommunane Randaberg, Sola og Sandnes – har vakse saman med Stavanger, og utgjør dermed den tredje største tettstaden i landet med 228 287 innbyggjarar (Thorsnæs, 2021). Trass i utbygging og befolkningsutvikling, ligg Stavanger kommune i ein region der landbruk er ein av dei viktigaste næringane; nesten 20 prosent av arealet består av dyrka jord (Stavanger kommune, 2022a).¹

Figur 1 Kart over kommunane i Rogaland fylke




I tillegg har Stavanger ekspandert administrativt. Heradskommunane Madla og delar av Hetland inngjekk i Stavanger som fylgje av endringane i kommunestrukturen i 1964–1965 (Gjerde, 2002, s. 16). Også under den siste kommunereforma fekk Stavanger kommune utvida geografiske grenser: Øykommunane Finnøy og Rennesøy vart slegne i hop med Stavanger frå og med januar 2020. Før den siste kommunesamanslåinga bestod Stavanger av dei sju bydelane Eiganes og Våland, Tasta, Hundvåg, Madla og Kvernevik,

¹ Dvs. 46 000 dekar jord

Hinna, Hillevåg og Storhaug. I dag er kommunen heller inndelt i ni kommunedelar bestående av dei sju bydelane saman med Finnøy og Rennesøy (sjå figur 2).

Figur 2 Kart over Stavanger kommune



(2021 Norkart AS/Geovekst og kommune/NASA)

Kart over Rogaland (Rogaland fylkeskommune, lasta ned 7. september 2021
<https://www.rogfk.no/om-fylkeskommunen/om-rogaland/>)

2.2 Historisk gjennomgang

Opphavet til Stavanger som by og handelstad er sterkt knytt til domkyrkja, som vart bygd på byrjinga av 1100-talet. Kor tid etter, i 1125, vart bispesetet Stavanger danna. Sidan Stavanger var så tett knytt til domkyrkja, var byen sær avhengig av dei geistlege og kjøpekrafta deira (Brendalsmo & Paasche, 2017). Handelen i byen føregjekk i lang tid på

eit regionalt nivå med fiskarar og bønder frå Ryfylke og Jæren (Helle, 1975, s. 171). Folketalet i byen var relativt lågt gjennom heile mellomalderen, skriv Gabrielsen (1984, s. 35). Til samanlikning var Bergen ein mykje større by med internasjonale handelspartnarar. På midten av 1200-talet etablerte hanseatane seg i Bergen, som grunnla handelskontor på Bryggen kort tid etter svartedauden. Stavanger opplevde derimot kraftige nedgangstider som fylgje av pesten. Først på 1500-talet fekk Stavanger ein økonomisk og kulturell oppsving; sildefisket tok seg opp og eksporten av trelausten auka. Domkyrkja vart pussa opp og Stavanger vart ein administrasjonsby (Thorsnæs, 2021).

I 1684 vart nesten heile byen lagt i oske etter ein stor bybrann, og vart fråteken kjøpstadsrettane. Men det var ikkje det einaste tilbakeslaget: Året før brannen vart både stiftamtmanden og lagdomsdomstolen flytta til Kristiansand. I tillegg overtok Kristiansand bispesetet etter pålegg frå Kongen. «Ved disse kongelige resolusjoner svant byens betydning som åndelig centrum» (Berntsen & Larsen, 1925, s. 2). Mangelen på desse vitale økonomiske og administrative privilegia gjorde at Stavanger heldt fram å vera ein småby utover 1700-talet.

Men utover 1800-talet nådde byen eit økonomisk høgdepunkt som fylgje av ekspansjon av sildefiske og internasjonal fraktfart. Den industrielle revolusjonen førte med seg ny industri til byen i ein by som tidlegare hadde vore einsretta mot sildefangst og seglskutefart. Dette gav støtet til ein ny vekstperiode. I 1873 vart den første hermetikkfabrikken i landet etablert. Næringa gav utvikling også innanfor andre bransjar (Thorsnæs, 2021). Fem år etter, i 1878, opna den 75 kilometer lange jarnbanen til Egersund, som seinare vart forlenga til byar på sørlandet. Trass i utviklinga innan næringsliv og infrastruktur, var det likevel mange rogalendingar som utvandra til Nord-Amerika i denne perioden (Myhre, 2015).

Den store økonomiske depresjonen på 30-talet hadde ramma byen kraftig. Langvarig pandemi, arbeidsløyse og verditap gjorde livet hardt for mange nordmenn i mellomkrigstida. Likevel auka produktiviteten og levestandarden steig (Gjerde, 2020). I etterkrigstida var hermetikkindustrien på retur. I staden for skaut petroleumsindustrien fart: I desember 1969 vart det funne store oljereservar ved Ekofiskfeltet. I 1972 vedtok Stortinget at Stavanger skulle vera «oljebyen» der oljeindustrien hovudakleg skulle vera plassert, i lag med det nye statsoljeselskapet og Oljedirektoratet (Gjerde, 2002, s. 39–40). Mange nye ledige arbeidsplassar i petroleumsindustrien førte med seg ei enorm tilflytting og sysselsetjinga tok seg kraftig opp (Nerheim, 1990, s. 42). Arbeidskraft som var kvalifisert til å arbeida i industrien, måtte hentast frå andre land. Ei omfattande teknologiutvikling på

fleire område førte til eit stort behov for ekspertise (Ryggvik; Smith-Solbakken; Tollaksen, 2020). Aasen (2011, s. 9) skriv at berre ti år etter at industrien vart lagt til Stavanger, «hadde byen høgare nettoinntekt per skattytar enn Oslo».


Ikkje nok med at mange siddisar som var knytte til oljeindustrien fekk ei vesentleg høgare inntekt, vart byen endra kulturelt og arkitektonisk. Gjerde (2002, s. 81) skriv at Stavanger som med sterke avholds- og bedehusmiljø gjekk gjennom eit kulturelt hamskifte, til ein by med rikt uteliv. I 1997 vart bedehuset til Lars Oftedal, ein av grunnleggarane bak indremisjonsrørsla, gjort om til revyscenen Stavangeren – med skjenkeløyve. I 2008 var byen, i lag med Liverpool, kulturhovudstad i Europa.

2.3 Demografi

2.3.1 Befolkningsutvikling

Dei siste førti åra har Stavanger hatt ein positiv folketilvekst. Folketalet i Stavanger var om lag 90 700 i 1980. Dette talet har auka til 144 669 innbyggjarar ved siste folketeljing ved siste kvartal i 2021 (SSB, 2022a). Den stabile befolkningsutvklinga kjem av at Stavanger har lenge vore prega av innflytting frå regionen og elles i Noreg. Befolkningsutviklinga har vore jamt stigande for heile fylket Rogaland. Det er hovudsakleg personar mellom 20 og 40 år som buset seg i Stavanger. Desse er i yrkesaktiv alder og har gjerne born (Stavangerstatistikken, 2011, sitert i Aasen, 2011, s. 10). Grafen nedanfor viser befolkningsutvklinga dei siste 40 åra:


Figur 3 Befolkningsvekt i Stavanger 1980–2022



(Basert på statistisk data frå SSB, 2022a)

Nettoinnflyttinga har vore gått i pluss mellom 1980 og 2020, utanom i 2000, 2001 og 2017. I og med at Stavanger er så avhengig av oljeutvinning og industrien rundt produksjonen av petrolueum, kan desse tre unnatakstilfella sporast tilbake til negativ vekst i oljeindustrien. Dei to førstnemnde, 2000 og 2001, kjem truleg av kutt i arbeidsplassar i oljeindustrien på grunn av låge oljeprisar (Stavanger-statistikken, 2010, sitert i Johannessen, 2020, s. 7). Også oljekrisa i 2016 gav ein brå oppgang i arbeidsløyse, og ei endring i flyttemønsteret (Stavanger kommune, 2019, s. 6), som sannsynlegvis førte til stagnasjon i folkeveksten året etter (Mullis, 2019). Johannessen (2020, s. 7) skriv at i åra 2007, 2008, 2010 og 2012 har det vore stor nettoinnflytting med over 420 nye siddisar per år. Etter 2017 har innflyttinga vore stigande. I 2030 vil det vera om lag 149 600 innbyggjarar i kommunen, anslår SSB (2022a).

Figur 4 Nettoinnflytting og -innvandring 2002–2018



(Basert på data frå Stavanger-statistikken)

2.3.2 Innvandring og bumønster

Innvandring frå andre land har stige dei siste tiåra, og ført til positiv befolkningsutvikling i kommunen. Gabrielsen (1984, s. 49) skriv at det var 4614 utanlandske statsborgarar i Stavanger i 1978. Då utgjorde det om lag 5 prosent av innbyggjarane. I dag har denne prosenten vakse til 24 prosent. Innvandrarar frå Polen er sterkast representert, slik som i resten av landet forøvrig. Samstundes er polske innvandrarar sterkast representerte blant dei som flyttar ut av landet igjen (SSB, 2022b).

Med 563 innbyggjarar per km² (SSB, 2022c), er kommunen nesten like tettfolka som Trondheim kommune. Nesten 70 prosent av innbyggjarane eig bustad sjølv, mens om lag 20 prosent leiger (SSB, 2021). Det er flest folk i dei sentrale delane av Stavanger kommune; Eiganes og Våland har høgast folketal og er den mest tettfolka delen av Stavanger. Dei nye kommunedelane Rennesøy og Finnøy består av fleire øyar, og er minst tettbygde (Stavanger kommune, 2021a). I kommunen bur det typisk flest barn og unge i dei ytre områda, medan dei unge vaksne er overrepresentert i sentrum av byen. Dei eldre er overrepresentert i utbyggingsområde og nabolag utanfor sentrumskjernen (Stavanger kommune, 2019, sitert i Johannessen, 2020, s. 9). Bumønsteret i det siste ser ut til å endra seg, ettersom det er høgast boligbygging og barnevekst i dei sentrale bydelane (Stavanger kommune, 2019, s. 9). I tillegg har sentrumsområda høgast nettoinnflytting, spesielt frå andre delar av Noreg. Den

største gruppa av tilflyttarar er personar mellom 20 og 40 år. Mange av desse har også barn. Dei siste tiåra har folketilveksten vore stigande for Rogaland som fylke (SSB, 2022d).

2.3.3 Næringsliv og sysselsetjingsmønster

Tidlegare stod skipsbygging, hermetikk, emballasje og grafisk industri sentralt i Stavanger (Gabrielsen, 1984, s. 50). Heilt sidan oljefunnet ved Ekofiskfeltet i 1969 har petroleumsindustrien vore ei sentral næringsverksemd i Stavanger; utover 1970-talet skjedde det eit skifte frå industri over til meir tenestebaserte næringar (Aasen, 2011, s. 8). I 2019 hadde 75 prosent arbeid innan tertiærnæringar og 25 prosent innan sekundærnæringar. Innan primærnæringa er det om lag 700 personar sysselsette (Stavanger kommune, 2022b; SSB, 2022c).

I 2020 var det 71 892 personar sysselsette i kommunen (SSB, 2022c). Til saman har Stavanger 108 634 tilsette i alle dei ulike verksemdene og institusjonane i kommunen (Stavanger-statistikken, 2021). Det inneber at mange pendlar inn til kommunen for å arbeida. 35 719 pendlar inn til kommunen (SSB, 2022c). Sjukehuset i Stavanger, innunder etaten Helse Vest, har flest tilsette i kommunen (Stavanger-statistikken, 2021). Helse og sosialtenester er den største arbeidsgivaren òg i Rogaland fylke (Stavanger kommune, 2021).


Stort sett har folk i Stavanger høge inntekter. Men under den siste oljekrisa i 2016 gjekk inntektene ned, og kjøpekraften fall kraftig. Dei unge husholdingane gjekk mest ned i inntekt. Arbeidsløysa steig raskt under oljekrisa i 2016–17, men kom seg opp igjen kort tid etterpå (Stavanger kommune, 2019). Det vitnar om at Stavanger er avhengig av og sårbar for svingingar innan oljeprisen og petroleumsindustrien.

2.3.4 Utdanning

I Stavanger kommune er det 49 offentlege skular. Desse er fordelte på 33 barneskular og 16 ungdomsskular (Stavanger kommune, 2021b). Rogaland fylkeskommune driv 25 vidaregåande skular i tillegg til ein fagskule og to skulesenter (Rogaland fylkeskommune, u.å.). På desse offentlege skulane var det om lag 17 000 grunnskuleelevar i Stavanger kommune og 17 000 gymnaselevar i Rogaland i 2020 (Johannessen, 2020, s. 10). I tillegg er det fleire privatskular. I Rogaland finst det 26 privatskular med til saman 3400 elevar (Ellingsen, 2020).

Sørvest for sentrum ligg Universitetet i Stavanger. Per 2018 har universitetet 12 000 studentar og 1600 tilsette, fordelt på seks fakultet (Hansen, 2019). Johannessen (2020, s. 10) påstår at universitetet har vore viktig for Stavanger og regionen, spesielt med tanke på folketalet i Stavanger kommune og kommunane rundt. Det har ført til at færre uteksaminerte elevar flyttar til andre byar og tettstader for å studera.

I kommunen har 51 000 personar høgare utdanning (SSB, 2022c). Ein fjerdedel av dei unge vaksne mellom 21 og 29 år i kommunen har ikkje fullført vidaregåande utdanning. I visse delar av byen der bustadene er billige, har færre fullført vidaregåande utdanning (Stavanger kommune, 2019, s. 10). I kommunen ser fordelinga slik ut:



Figur 5 Fordeling over utdanningsnivå i Stavanger kommune

(Statistik data henta frå SSB, 2022c)

2.4 Språksituasjonen i Stavanger

Gjennom heile mellomalderen har Stavanger vore ein småby, sjølv om byen tidvis hadde bispesete og administrative roller. Det at Kristiansand på 1600-talet tok over mange av dei vitale funksjonane som hadde tilhøyrt Stavanger, gjorde at byen fekk meir lokal forankring. Stavanger «gikk [...] frem som økonomisk centrum for Jæren og Ryfylke, og dens innbyggere blev vel kanskje i dette tidsrum ennu mer enn i det foregående vesentlig rekrutert fra disse landskaper» (Berntsen & Larsen, 1925, s. 2). Ved folketeljinga i 1875 kjende ein fødestaden til meir enn 6 000 innflyttarar til byen som kom frå andre stader i Rogaland (Gabrielsen, 1984, s. 44). Det vil seia over 25 prosent av det totale folketalet i Stavanger.² Godt over halvta av desse kom frå dei ti næraste prestegjelda. Sidan Stavanger først og fremst var eit økonomisk sentrum for sitt omland, var byen ein språkleg smeltedigel først og fremst av andre Rogalandsmål, som var nært knytte til kvarandre. Det gir rom til å spekulera i om det har gitt eit språkleg utslag ved bymålet i Stavanger (Stbm.) ikkje er så ulikt bygdemåla i Rogaland. Dei typiske endringane i talemålet sidan 1925 har vore analogisk utjamning og leksikalsk utskifting, ifylgje Gabrielsen (1984).

Med den økonomiske vekstperioden under siste halvdel av 1800-talet, vaks òg borgarskapet fram. Borgarane i byen tenkte etter kvart ikkje berre på økonomisk kapital, men i høg grad på kulturell kapital – altså «dannelse». Gabrielsen (1984, s. 38) skriv at «det dannede sprog» vert ein ideologisk hjørnestein i den sosiale identiteten til borgarskapet. Dette språket var i høg grad påverka av dansk skriftspråk. Framveksten av det høgare talemålet (dht.) kan ein plassera til 1800-talet. Likevel kan ein ikkje slå sikkert fast kor tid Stavanger vart splitta i to språksamfunn. Med tanke på at *Stavanger bymål* frå 1925 nemner men det må ha skjedd før 1900-talet (Gabrielsen, 1984, s. 40).

I teorikapittelet (sjå 3.6) kjem eg tilbake med ei meir utfyllande grammatikkskisse over talemålet i Stavanger. Ei oversikt over lydverket er ikkje teken med i denne avhandlinga, men er presentert i blant anna Aasen (2011, s. 15–7).

² I 1897 var det om lag 23 500 innbyggjarar (Thorsnæs, 2021)

3 Teori

3.1 Innleiing

Språkhistoria vert ofte samanlikna med ei rennande elv (Sandøy, 1998, s. 83). Visse stader fossar elva – og språket endrar seg raskt – mens andre stader renn elva treigare. På same måte er visse tidsperiodar stabile, mens andre gonger er utviklinga meir drastisk, som til dømes under synkopetida (jf. Torp & Vikør, 2014, s. 37–40). Språkutvikling og -ending varierer både i tid og rom.

Likevel gjenstår spørsmålet: *Kvifor* renn elva slik ho gjer? Ei bestemt språkending ein bestemt stad vil ikkje nødvendigvis vera treffande eller aktuelt for andre dialekter. Det er òg utfordrande å slå fast noko sikkert om kvifor språket utviklar seg på den måten det gjer, fordi årsakene er så tett vovne «saman at ein kan skrella av lag på lag av faktorar utan at ein nokon gong synest å koma fram til den verkelege kjernen» (Skjekkeland, 2009, s. 70). Ein kan likevel prøva å trekka fram årsakssamanhengar som verkar rimelege, ut frå den innsikta me allereie har om språk og samfunn (Sandøy, 1996, s. 129).

I dette kapittelet skal eg gjera greie for sosial og språkleg variasjon. Eg kjem til å konsentrera meg om språkending, med eit særleg blikk på genus. Vidare diskuterer eg endringar i genussystem, for å sjå dei i lys av internlingvistiske og ikkje-språklege faktorar. Deretter presenterer eg talemålet i Stavanger og presenterer ordklassar og *tilhøyrande ord* som får morfologisk fleksjon av genus. Til slutt, i 3.8, stiller eg oppfylgjande forskingsspørsmål relevante til problemstillinga.

3.2 Sosiolingvistikk

Tidlegare hadde den klassiske dialektologien hadde sett på dialektane som homogene einingar – med formål om å skildra dialektane som heilskaplege system (Aasen, 2011, s. 25). Men dette perspektivet tok ikkje høgde for den synkrone variasjonen innom varietetane. Det vart etter kvart vist større interesse for språkleg (og sosial) variasjon. Den amerikanske sosiolingvisten William Labov innsåg at «the variation and fuzziness which so many linguists tried to ignore were quite often indications that changes were in progress» (Aitchison, 2013, s. 43). Med Labov sine undersøkingar av situasjonsbetinga variasjon innom talemålet i New York på 1960-talet, fekk den moderne sosiolingvistikken eit gjennombrøt (Sandøy & Nesse, 2016, s. 41; Aitchison, 2013; Akselberg, 2003).

I sosiolingvistisk forskningstradisjon ser ein på språklege fenomen i lys av samfunnsforholda kring språket, ved å sjå til såkalla *ytre* og *indre* faktorar i språksamfunnet. Desse faktorane vil eg i denne avhandlinga kalla for internlingvistiske og ikkje-språklege.³ Det er fleire lingvistar som derimot innvender mot denne dikotomien, som «har argumentert for at en bør prøve å overskride og eliminere hele denne motsetningen» (Mæhlum, 1996, s. 175–6), og trekker fram at det ikkje er konsensus i fagmiljøa. Men den eine utelukkar nødvendigvis ikkje den andre: Det er nok mest fruktbart å undersøka samspelet mellom dei internlingvistiske og sosio-demografiske faktorane for å beskriva språkendring. Sagt på ein annan måte er samanhengen mellom språk og samfunn av interesse.

Sosiolingvistikk er eit samansett og tverrfagleg fagfelt i krysningpunktet mellom lingvistikk og samfunnsvitenskapane antropologi, sosiologi og sosialpsykologi (Hårstad, Lohndal, Mæhlum, 2017; Akselberg, 1994, s. 27; Venås, 1982, s. 9). Sosiolingvistikken har som mål å forklara, dokumentera og beskriva språkleg variasjon innanfor et gitt geografisk og sosial fellesskap. Dette fellesskapet kallar me gjerne for eit *språksamfunn*. Sjølve kjernen er studiet av sosial variasjon (Akselberg, 2003, s. 125). Ein deler fylgjeleg opp eit språksamfunn inn i *sosiale* og *språklege* variablar. Samspelet mellom sosiale og språklege variablar er av interesse for sosiolingvisten.

3.3 Synkron og diakron variasjon

Når ein skal forklara språkleg endring og variasjon, kan ein kasta blikket bakover i tid, og dra moglege utviklingslinjer for korleis språket har utvikla seg over ein gitt tidsperiode (Sandøy, 1996, 24). Denne *diakrone* innfallsvinkelen står i kontrast til den *synkrone*. Når ein ser på synkron variasjon, ligg fokuset på å studera det samtidige språket utan å ta omsyn til det historiske opphavet (Dyvik, 1999).

Todelinga er eit anerkjent metodologisk prinsipp, som vart introdusert av den sveitsiske lingvisten Ferdinand de Saussure. Han samanliknar dikotomien med ein trestamme. Om du sagar på tvers får du eit synkront innblikk i faktisk språkbruk; sagar du på langs kan ein sjå den historiske diakrone utviklinga av språket (Aitchison, 2013, s. 38–9).

³ Alternativt indre og ytre (Skjekkeland, 2009), innomspråklege og utomspråklege (Sandøy, 1996) eller interne og ekstra-lingvistiske faktorar (Hinskens, Auer og Kerswill, 2005, s. 41)

3.4 Sosial variasjon

Språket er ein sosial praksis, brukt som kommunikasjonsmiddel med andre, i kulturelle og sosiale kontekstar med ein felles kode som medlemene i eit samfunn er meir eller mindre samde om (Sandøy, 1996, s. 17). Språk, og språklæring, er ein viktig del av sosialiseringprosessen, noko som gjer språk til eit sosialt fenomen, ikkje berre noko som er knytt til individet.

Innan sosiolingvistisk forskning er det vanleg å kategorisera informantane til ei rekke sosiale variablar som ligg utanfor språket (Venås, 1991, s. 151). Kjønn, klasse og alder er slike uavhengige variablar. Desse er relevante å trekkja inn når ein rettar blikket mot variasjon og endring i genussystem innom ein varietet.

3.4.3 Klasse

Innan sosiolingvistisk forskningstradisjon er det vanleg å kategorisera informantane inn i samfunnsklasse. Norske sosiolingvistar har nytta ulike innfallsvinklar for klasseinndeling, sidan *lagdelingsmønstra* (social stratification) i USA (jf. Labov, 1966), ikkje er like kompatible med norske forhold.

Yrke gir informasjon om både inntekt, nettverk og status. Difor har fleire studiar inndelt informantar til yrke. I Stavanger tok Gabrielsen (1984, s. 55–8) utgangspunkt i ei marxistisk klasseinndeling. Han delte inn informantane basert på *foreldra sitt yrke*, med opplysningar om formue og inntekt, som skulle fungera som ein meir aktuell representasjon av produksjonsmidla. Det resulterer i ei tredelt inndeling med arbeidarklasse, småborgarskapet og borgarskapet (jf. Gabrielsen, 1984, s. 57–8). Ein meir aktuell indikator for sosioøkonomisk status er utdanningsnivået til foreldra eller til informanten sjølv. Det kan fortelja kva sjikt i samfunnet informanten vil peila seg inn på.

Sosio-økonomisk bakgrunn manifester seg òg i kva bydel ein bur i. Aust og vest har i mange byar, som til dømes Oslo, vore symbol for ei rekke motsetnader som levealder, yrke, buforhold (Nesse, 2008, s. 21). Desse sosiale faktorane kan òg gje utslag på språkbruk. Stavanger har vore ein sterkt lagdelt samfunn: Kva for bydel eller nabolag ein kjem frå, har hatt mykje å seia for kva slags klasse ein tilhøyrrer, og potensielt kva for sosiolekt ein snakkar.

3.4.2 Alder

Ein viktig uavhengig variabel i sosiolingvistik er alder. Sidan språk endrar seg, er det ofte tendensen at eldre nyttar meir tradisjonelle former enn dei yngre. Når ein ser på språkleg variasjon blant ulike aldersgrupper, får ein òg eit innblikk og moglegheit til å studera diakron variasjon (Chambers & Trudgill, 1998, s. 76). Frå eit synkront perspektiv var ideen

til Labov at ein kunne samanlikna ulike alderssegment innanfor same språksamfunn. Dei språkforskjellane ein fekk dokumentert på denne måten, «kunne tolkes som igangværende endringstendenser, og forskeren kunne dermed prognosere en fremtidig lingvistisk tilstand» (Hårstad mfl., 2017, s. 167).

3.4.2.1 Livsfaseendringar

Datamaterialet denne avhandlinga bygger på er talemålsopptak gjorde i 1981 og 2010. I neste kapittel vert materialet grundigare diskutert. I opptaka er det somme panelinformantar som deltok begge gongene. Desse er særskilt interessante å studera fordi ein kan avdekka såkalla livsfaseendringar, noko som Kristine Nymark Aasen (2011) gjorde i si oppfylgingsgransking. Labov (1994, s. 84) definerte det som *livsfaseendringar* (age-grading) når einskilde endrar si lingvistiske åtferd gjennom livet, uavhengig om språksamfunnet gjer det. Denne aldersavhengige variasjonen inneber at lingvistiske særtrekk kan vera knytte til eit visst alderssegment, og at språkbrukarane endrar åtferd etter kvart som dei vert eldre (Hårstad mfl., 2017, s. 167). Ikkje nok med at språkbrukaren har ulike kontaktnettverk som fylgje av arbeid, utdanning, mobilitet – både geografisk og sosialt – og fritidsaktivitetar, vil dei endra språkbruken etter det som er forventa av dei (Labov, 1994, s. 111)

3.4.3 Kjønn

Ein har lagt stor vekt på kjønn som variabel innan sosiolingvistisk forskningstradisjon. Ein tek utgangspunkt i at kjønn er ein sosial praksis, på linje med språk (jf. Eckert & McConnell-Ginet, 2003). Sosiale forventningar knytte til kjønn og kjønnsroller påverkar språkbruken innom ein varietetet, både individuelt og kollektivt.

William Labov (1990, sitert i Bøe, 2013, s. 60–1) presenterer tre prinsipp der han forsøker å forklara samanhengen mellom kjønn og språkleg variasjon. I eit språksamfunn der forskjellige variantar lever stabilt side om side, vil kvinner i større grad enn menn velja bort dei stigmatiserte formene, til fordel for såkalla *prestisjeformer*. Norske talemålsgranskingar har funne same tendens som samstemmer med Labov sitt første prinsipp. Det er relevant å sjå til bruken av variabelen første person eintal (*eg*), sidan det er ein markør for prestisje i mange dialekter. Variantar som *je* og *jei* er knytte til høgstatusosiolektene, medan *eg* vert gjerne oppfatta som meir folkeleg. I Stavanger observerte Gabrielsen (1983, s. 71) at blant yngre var det stort sett kvinner som tok i bruk den «penare» prestisjevarianten /je:/, mens menn nyttar i større grad varianten /e:g/. Også i

Bergen brukte kvinner i større grad enn menn høgstatusvarianten *jei* (Nesse, 1994, s. 88). Menn held på dei tradisjonelle dialekttrekka i noko større grad, fordi dei «synest å vera meir knytte til språkformer som gjev lokal gruppesolidaritet» (Skjekkeland, 2009, s. 28). Sidan kvinner er meir statusmedvitne, har dei ein tendens til å ta i bruk «finare» språktrekk (Mæhlum m.fl., 2008, s. 120).

Samstundes er kvinner meir innovative i språkbruken. Når nye språktrekk kjem inn frå andre språktrekk, vil kvinner på eit tidlegare tidspunkt – og i større grad – enn menn ta opp desse trekka (Bøe, 2013, s. 61). I ei tidleg talemålsgransking gjennomført i Sveits, påviste dialektologen Louis Gauchat at kvinner generelt sett tok i bruk språklege novasjonar tidlegare enn menn (Hårstad, mfl., 2017, s. 106). Som oftast vil kvinner ha ein høgare frekvens av nye språktrekk.⁴ Vidare kan det tenkjast at personar som nyttar prestisjevariantane av *eg* vil i større grad nytta tilsvarende, «finare» språkdrag. I oversikta over informantar frå oppfylgingsgranskinga til Aasen (2010, s. 144–158), finn denne tendensen: Informantar som nyttar nektingadverbet */ike/* bruker større grad */je:/* enn dei som seier */içe/*. Om ein legg til grunn at bruk av felleskjønn er prestisje på lik linje med variablane beskrivne ovanfor, kan ein forventa liknande tendens: Kvinner er kanskje først ute med bruk av felleskjønn (*commune*) og gjer dette i større grad enn menn. Resonnementet mitt baserer seg på to vilkår: for det første at bruk av felleskjønn er meir prestisjeprega, for det andre avhenger det at visse språktrekk (altså enkelte variablar) har morfologisk overføringsverdi til genussystemet.

⁴ Eit unntak finn ei i talemålsgranskinga til Bøe (2013, s. 94). I Oгна (rbm.) observerte han at yngre menn tok i bruk */j/* for den tradisjonelle *kj*-lyden i større grad enn yngre kvinner

3.5 Språkendring

I eit levande språk ligg det eit stadig tildriv av nyregulering (Sandøy, 1996, s. 130). Sjølv utan ytre påverknad ligg det ein kime til språkendring. Når ein ser på dei internlingvistiske faktorane (kap. 3.7), forklarar ein språkendingar basert på faktorar som ligg i sjølve språket (Skjekkeland, 2009, s. 74). Labov (1994) definerte desse som «change from below», altså språkendingar som har oppstått på staden, i motsetnad til endringar som er henta inn utanfrå, omtalt som «change from above».

Som regel har ei språkendring sitt opphav med ein innovasjon: Éin eller fleire språkbrukarar tek i bruk eit nytt språkdrag. Den eldre generasjonen vil som oftast slå ned på innovasjonar i språket, som «talefeil» (jf. Sandøy, 1998), og innovasjonen kan stoppa allereie der. Likevel er det mange innovasjonar som buset seg i språket. Her kjem eg til å trekkja fram interlingvistiske og ikkje-språklege faktorar for språkendingar og forklara spreingsmønster til desse.

3.5.1 Internlingvistiske faktorar

Språktileinginga omtaler den amerikanske sosiolingvisten William Labov (2010) som «transmission». I denne overføringa kan ein seia at den yngre generasjonen *gjenskapar* språket frå den eldre generasjonen (Torp & Vikør, 2014, s. 23). Når born systematiserer grammatikken i morsmålet sitt, *generaliserer* dei mønster i språket ubevisst, og overfører så desse til å gjelda fleire – ofte med suksess. På ei anna side er det vanleg at born er for ivrige med å overføra reglar: Til dømes kan ein høyra yngre språkbrukarar seia /jide/ i staden for /ga:/ for preteritum av *å gje*. Slike ytringar som ikkje samsvarer med talemålet eller den aksepterte skriftlege standarden i språket, kallar ein for *overgeneraliseringar* (Lightbown & Spada, 2012).

Sjølv om det ikkje finst noko overordna motiv for internlingvistiske talemålsendingar (Sandøy & Nesse, 2016, s. 58), kan ein ofte knyta dei til prinsippet om *språkleg økonomisering*. Det handlar om å skapa eit mest mogleg samsvarande og koherent system, som er *optimalisert* til evna vår til å uttala ord og vår kognitive minnekapasitet.

3.5.1.1 Analogi

Analogisk motivert endring skjer når ein språkleg konstruksjon vert generalisert etter mønster frå ein annan språkleg konstruksjon, som «skyldes reanalyse av lavfrekvente ord på grunnlag av et meir frekvent mønster i andre ord enn dem som gjennomgår endringen» (Garmann, 2003, s. 91). I tillegg til lågfrekvente ord, er det særleg dei *uproduktive klassane* som er utsette for endring via analogi. Uproduktive klassar er dei som ikkje får tillagt fleire

medlemer. Analogisk utjamning endrar språket både morfofonologisk (Aitchison, 2013, s. 98; Labov, 1994, s. 440) og morfosyntaktisk. Herifrå fokuserer eg først og fremst på morfosyntaktiske endringar.

På norsk finst det ei rekke substantiv som er uproduktive. Sandøy (1996, s. 133) trekker fram den ikkje-produktive maskuline *er*-klassen, som rommar ord som *vegg* og *bekk*.⁵ I rogalandske dialekter – og i nynorsk – vert desse hankjønnsorda tradisjonelt sett bøygd med *er*- og *ene*-ending i fleirtal. I norrønt hadde denne klassen tilsvarande *ir*-ending i nominativ fleirtal (Haugen, 2015, s. 11–2). Det gir former som *veggir* og *bekkir*. Det er stadig fleire som bøyer desse hankjønnsorda etter mønster frå den meir frekvente måten å bøya maskulinum på, nemleg med *ar*- og *ane*-ending.⁶ Ein kan setja opp ein proporsjonal analogi som ei likning:

$$\textit{hest} : \textit{hestar} = \textit{vegg} : x$$

$$x = \textit{veggar}$$

Talarane er i tvil om bøyinga av substantivet; dei klarer ikkje å hugsa den tradisjonelle forma av *vegg* i ubestemt fleirtal, så dei har jamført bøyingsuffikset med andre maskuline substantiv, den produktive *ar*-klassen som dei fleste hankjønnsord tilhøyrrer. Tilsvarande analogisk utjamning kan òg råka hokjønnsord. I mange dialekter vil ein bøya *elv* som *elvar* i fleirtal, fordi ordet har tradisjonelt sett tilhøyrt den feminine *ar*-klassen. I likskap med *vegg*, er ikkje denne klassen produktiv, og ein kan få ei tilsvarande likning:

$$\textit{bukse} : \textit{bukser} = \textit{elv} : x$$

$$x = \textit{elver}$$

Over halvparten av substantiva i norsk er hankjønn, mens om lag ein tredel er hokjønn (Trosterud, 2001). Talet på nøytrumsord har halde seg ganske konstant frå norrønt tid til i dag, medan maskulinum har auka sterkt. Fylgjeleg har det gått utover femininum (Conzett, 2011, sitert i Müller, 2012, s. 37). Når nye substantiv dukkar opp i norsk, som i nyare tid kjem som ordimport frå engelsk (Jenstad, 2016, s. 481–5), vert dei vanlegvis tilordna maskulint genus (Enger & Conzett, 2016, s. 225). Då kan ein stilla seg spørsmålet om det i så fall må liggja ein mekanisme bak som tilordnar genus til nye ord (jf. Conzett, 2006, s. 223).

⁵ Sandøy (1996) bruker *sauer* og *benker* som sine døme. Eg viser til *vegg* og *bekk* som er meir relevante for rbm.

⁶ Skjekkeland (2009, s. 210) fann analogisk utjamning av slike uproduktive klassar i Kvinesdalsdialekta for både hankjønn og hokjønn

Forklaringa ovanfor vitnar om at femininum er mindre produktivt enn maskulinum. Sidan det er færre hokjønnsord, vil desse brukast sjeldnare enn hannkjønn, som på si side har høgare frekvens. Frekvensargumentet står sterkt innanfor kognitiv lingvistik: Minnestyrken aukar for kvar gong ein høyrer eller produserer ei ordform (Sandøy & Nesse, 2016, s. 59). Ord med låg frekvens kan begynna å føya seg etter mønster med høg typefrekvens. Før eg diskuterer vidare, illustrerer eg ei ny likning, denne gongen med ‘sekk’ (m.) og ‘bok’ (f.) i bestemt form eintal som døme:

$$sekk : sekken = bok : x$$

$$x = boken$$

I dette hypotetiske dømet har hokjønnsordet føydd seg etter eit meir frekvent mønster, altså maskulin fleksjon. Om det er mange nok som bøyer ‘bok’ – eller eit anna hokjønnsord – som maskulinum, vil det først vera uklart for talarane – kanskje spesielt dei yngste – å kategorisera ordet til det eine eller andre genuset. Det kan føra til at talarane vert usikre på samsvar og bøyinga til ordet, og talarane plasserer ordet til ein meir produktiv og frekvent klasse. At substantiv som tradisjonelt sett har vore hokjønn kan gå over til hannkjønn som fylgje av analogisk utjamning som vist ovanfor, hevdar Enger (2004, s. 136) er

en veldig enkel forklaringsmodell, men helt urimelig er den nå ikke i dette tilfellet, bl.a. fordi det formodentlig var flere maskuliner enn femininer [...] og fordi en kan hevde at maskulinum framstår som det umarkerte genus

Men analogisk utjamning kan ikkje åleine forklara kvifor just femininum er på tilbakemarsj i norsk. Kva så med nøytrum? Overraskande nok har inkjekjønn halde seg stabilt, trass i at det utgjer mindre enn ein sjettedel av substantiva (Trosterud, 2001).⁷ Likevel står nøytrum i ein særeigen posisjon i dei skandinaviske varietetane (jf. Enger & Haugen, 2018, s. 47). Sett frå eit morfofonologisk standpunkt har nøytrum meir markert bøying, blant anna fordi nøytrum manglar endingsmorfem i ub. f. fl. Nøytrum skil seg òg ved å ha distinktive former for adjektiv og determinativ, der mange ord får *t*-ending i sørvestlandske målføre.

I motsetnad til femininum, meiner Enger (2004, s. 137) at det «er klart sterkere tendens til alliterativ kongruens i maskulinum enn i femininum (...) Maskuliner er nemlig nærmest konsekvent knyttet til elementet -en». *Alliterativ kongruens* inneber at substantivet sjølv inneheld ein markør som er lik kongruensmarkøren, og som tydeleg indikerer genuset

⁷ I nynorskordboka er 16 % inkjekjønn, 32 % hokjønn og 52% hannkjønn

til substantivet (Corbett, 1991, s. 117). I Stavangerdialekta (sjå kap. 3.6) er femininum mindre koherent med den preminale artikkelen *ei*, bestemtheitsmorfemet *-å* og *a*-ending i ubestemt form eintal. Dette manglande formsamsvaret innom femininum, gir maskulinum eit «konkurransefortrinn», hevdar Enger (2004), som ikkje har like variert fleksjon.

Den franske talemålsgranskaren Antoine Meillet (1912, sitert i Aitchison, 2013, s. 115) påstår at analogidanning nødvendigvis ikkje er ei gjennomgåande endring av språket som heilskap: «Whereas analogy may renew forms in detail, usually leaving the overall plan of the system untouched». Likevel kan innovasjonar frå analogisk utjamning – over tid – bidra til at grammatikken vert meir regelmessig og koherent, poengterer lingvisten Kristin Hagemann (2015). På eit overordna nivå verkar det som om analogi er språkbrukarane sitt forsøk på å gjera språket meir i samsvar med seg sjølv. Optimalitetsprinsippet heng såleis tett på analogisk utjamning.

Frå talemålsopptaka i 1981 i Stavanger, fann Gabrielsen (1984, s. 112) derimot ikkje eit einaste eksempel på at gamle uproduktive stammer har vorte utsette for analogisk utjamning. I staden for såg han utvikling av ein ny allomorf: fleirtalsmorfemet *-år* for maskulina i ubestemt form fleirtal. Dei to ulike bøyingsmorfema *-ar* og *-er* vert *nøytralisert* til kort /o/. Nøytraliseringa er ein *regressiv assimilasjon* som kan sjåast som indre analogisk motivert endring. Sjølv om talespråkendingar som kan forklarast med utgangspunkt i språket sjølv ofte er systemforenklingar (jf. Skjekkeland, 2009, s. 75), verkar derimot arkemorfemet ikkje forenklande. Snarare får talemålet ein ny kontrast mellom ubestemt form fleirtal *-år* og bestemt form fleirtal, *-ane* (m.) og *-ene* (f.). Sagt på ein annan måte har ein «ukjend» allofon dukka opp innom bøyingsparadigma til substantiva. Det fører ikkje til ei forekling av bøyingsparadigma i talemålet, men introduserer det som Trugdill (2011, s. 243) omtaler som «irregularization». Vidare utgreiing kjem eg tilbake til seinare i grammatikkssikkene i 3.6.3.1.3.

3.5.1.2 Naturlegheit

Ein sentral internlingvistisk faktor til språkending er *naturlegheit*. Språklege drag som førekjem ofte i eit språk, kallar ein gjerne for *naturlege* (Sandøy, 1996, s. 135). Hyppige språktrekk vil påverka språket morfofonologisk og morfesyntaktisk. Språkdrag som førekjem sjeldan, som er mindre generelle, vil språkbrukaren oppleva som markerte. Desse er fylgjeleg meir utsette for *utjamning* (sjå kap. 3.5.2.3). Det inneber at naturlegheit og markertheit står i opposisjon til kvarandre. Premisset ligg i at det som er markert og vanskeleg å læra, er *unaturleg* (Enger, 1998, s. 9).

Analogisk utjamning av uproduktive klassar inneber reduksjon av markertheit, sidan morfologien vert meir koherent og regelrett. Maskulinum meir prega av alliterativ kongruens, der morfemet /en/ er gjennomgåande i frekvente adjektiv (sjå kap. 3.6.3.2) og som artikkel (prenominal artikkel og bestemheitssuffiks). Dette skil seg frå femininum som i Stavanger bymål har morfema /ei/, /o/ og /a/ (sjå 3.6.3). «Where gender is marked consistently with the same affix, for example, on the noun and any adjective modifying that noun, children seem to find it easier to acquire» (Clark, 1998, sitert i Enger, 2004, s. 138). Sidan fleksjonen ikkje er så kompleks som ved femininum, er det psykolingvistisk sett lettare å læra maskulinum. Når maskulinum er meir frekvent og mindre markert vil språkbrukaren sjå til maskulinum som ein slags «standard». Med eit slikt premiss til grunn, vil språkbrukaren i større grad falla tilbake på maskulin kongruens om ein er usikker kva genus han skal tileigna eit gitt ord. Gitt at dette resonnementet er tilfelle, inneber det ein *grammatisk reduksjon* der femininum er utsett. Eit slikt genussamanfall kallar ein gjerne for dekategoriisering.

3.5.2 Ikkje-språklege faktorar

Me bruker språk til å forklara omgjevnadene våre. Då er me avhengige av ord og uttrykk som er tilpassa det samtidige samfunnet (Sandøy, 1996, s. 135; Skjekkeland, 2009, s. 73). Dei sosiokulturelle forholda i Noreg har gjennomgått drastiske endringar dei siste hundreåra: Frå å vera eit samfunn basert på fiske og jordbruk, er samfunnet i dag industrialisert og digitalisert. Som ein konsekvens vil ei rekke nye ord og uttrykk koma inn i språket, medan andre forsvinn (Aitchison, 2013, s. 154; Jenstad, 2016, s. 500–1). Frå eit diakront perspektiv har langvarig språkkontakt med nedertysk og seinare dansk har hatt store utslag for ordtilfang og morfologi. Spesielt har den sterke digitaliseringa av kultur og samferdsel og framveksten av sosiale medier auka importen av ord frå engelsk (sjå 3.5.2.2). Mange av desse import- og framandorda integrerer seg og føyer seg inn i norsk fonologi, morfologi og ortografi.

3.5.2.1 Dialektkontakt

Urbaniseringa har prega det norske samfunnet dei siste tiåra. Folk flyttar meir enn før, og mange buset seg i langt større grad i sentrale strøk og i byar. Denne geografiske mobiliteten har blant anna ført med seg meir dialektkontakt. Når talemålsbrukaren er på

flyttefot til eit nytt språksamfunn, vil talemålsbrukaren *akommodera* talespråket sitt til dei han snakkar med. *Konvergens* er når ein tilnærmar seg ein annan talespråkleg varietet, *divergens* er det motsette (Akselberg, 2014, s. 160). Fleire reiser og pendlar mellom byar i samband med jobb, og i dag tek fleire høgare utdanning enn for 50 år sidan. Det har ikkje berre har ført til sosial mobilitet, men geografisk mobilitet. Det har auka dialektkontakt når studentar frå ulike stader i landet samlast i ein og same by, på folkehøgskule eller på campus.

3.5.2.2 Spreiing

Ein vellukka språkleg innovasjon begynner først når eit anna individ (P_2) tar etter vanen til innovatøren P_1 . Når fleire språkbrukarar begynner å tilpassa seg, vert det lettare for P_3 , P_4 osv å ta i bruk den nye språkvanen. Labov (2001, s. 278) hevdar at endringar får lettare innpass om dei «below the level of social awareness». «Det normale er at ei endring først går sakte frå individ til individ, så skyt ho fart, og fleirtalet tar raskt over det nye draget» (Sandøy & Nesse, 2016, s. 48). Denne endringsprosessen, innanfor eit lokalsamfunn, modellerer ein vanlegvis som ei S-kurve (Aitchison, 2013, s. 94).

Desse nye språktrekka som P_1 tek i bruk kan anten ha sitt opphav utan ytre påverknad (change from below) eller frå *ytre* impulsar (change from above). Språkdrag spreier seg òg over til andre språksamfunn, ikkje berre innom sitt eige. Spreiingsmønster vert forklart gjennom to modellar. Når ulike språkdrag spreier seg frå eit språksamfunn ut til omlandet ser ein til *bølgeomodellen*. Den andre, *sprangmodellen*, er når språkdrag hoppar frå språksamfunn til eit anna (Sandøy, 2014, s. 222). Som oftast skjer eit slikt sprang frå eit større sentrum til eit mindre, altså der sentruma står i eit hierarkisk forhold til kvarandre. I dag er det dei større norske byane, i tillegg til engelskspråklege kulturar, som har status som dominerande normsenter.

I dag er det ei utbreidd oppfatning at språkendringar foregår ved sprangmodellen (Sandøy, 2014, s. 222). Fonemsamanfallet mellom /ç/ og /ʃ/ er eit døme på dette.⁸ Dette bergenske fenomenet spreidde seg raskt til Stavanger før det var fullstendig gjennomført i Bergen og omlandet (Sandøy & Nesse, 2016, s. 51). Det vil seia at yngre talemålsbrukarar i andre sentra brukte /ʃ/ for *kj* før samanfallet hadde kome til rurale strøk i Midthordland. I hovudfagsoppgåva til Karen Margrethe Hegland (1996, s. 107) observerte ho ut at /ʃ/-varianten var på frammarsj i Stavanger. I 2010 brukte over ein tredel av informantane /ʃ/-fonemet for uttale av *kj*-lyden (Aasen, 2011, s. 65). Spreiingsmønsteret av dette fonemet

⁸ Allofonane [ç] og [ç̃] går inn under fonemet /ç/, [ʃ] og [ʃ̃] går inn under fonemet /ʃ/

viser at det er potensielt Bergen, med det markerte *kj-sj*-samanfallet, som fungerer som normsenter for Stavanger. I 2008 studerte Evy Nodland spreingsmønsteret på samanfallet frå Stavanger til Egersund. Her observerte ho at språkdraget hadde hoppa frå sentrum til sentrum, og på den måten unngått dei rurale bydgemåla på Jæren (Nodland, 2008, s. 103). Bøe (2013) registrerte likevel fonemsamanfall på rurale Ogna, som viser at språkdrag også spreia seg ut i tråd med bølgeomodellen.

3.5.2.3 Utjamning

Nye språktrekk vil ikkje alltid få innpass i mottakardialekta, mens andre gonger utkonkurrerer novasjonen dei tradisjonelle trekk. Med andre ord er ikkje akkomodasjonsteori eller spreing åleine fullstendige forklaringsmodellar for kvifor ei dialekt endrar seg på grunn av kontakt. Det krevst ein «elimineringssprosess» som reduserer variasjon både innom og mellom dialekter. Denne prosessen kallar me for *dialect levelling* (Trudgill, 1986). I prosessen vil ofte språklege trekk som er enklare, fonologisk, grammatisk eller leksikalsk, utkonkurrera dei komplekse (Nevalainen, 2011, s. 285). Trudgill (1986, s. 98) påpeiker at det er dei *markerte variantane* som vert utsette for «reduction and attrition». Sagt på ein annan måte er markerte variantar eller «stereotypable features» ei mindretalsform fordi ho avvik språkleg sett eller er knytt til ein stigmatisert gruppe i samfunnet (Kerswill & Trudgill, 2005, sitert i Bøe, 2013, s. 53).

3.5.2.4 Regionalisering

Tendensen er at «the forms with the widest geographical (and social) usage are the one that are retained» (Trudgill, 1986, s. 98). Det kan føra til at det lokale særpreget ved varietetar vik til fordel for *regionale* variantar. Med omgrepet *regional dialect levelling* legg Kerswill (2011, s. 229) vekt på at utjamning kan føra til ein regionalisering av språket. Akselberg (2005, s. 111) definerer *talemålsregionalisering* som

ein prosess som fremjar, etablerer, endrar eller utvidar ein talemålsregion med omsyn til fonologiske, morfologiske, prosodiske, syntaktiske eller leksikalske tilhøve eller ein kombinasjon av slike tilhøve

Regionaliseringsprosess fordrar såleis at talemålsbrukarane har ei forståing for kva som er *minst* markert på eit større nivå – regional og nasjonalt – ikkje berre innom sitt eige språksamfunn. Formelt sett har ikkje Noreg noka overordna norm for talemål, eit standardtalemål. Likevel finst det dominansforhold byar imellom. På eit nasjonalt nivå er det dialektene i og rundt Oslo, sentral-austnorsk, som er majoriteten av nordmenn bruker. Folk har vore i kontakt med denne dialektgruppa gjennom film, radio og kringkasting. Ein kan dimed argumentera for at dialektgruppa har ein uoffisiell status som nasjonalt standardtalemål.

Men det er ikkje utelukkande Oslo som har sånt dominansforhold. Talemålsbrukarar på sørvestlandet rettar heller blikket mot sentrumet i området sitt (jf. Akselberg, 2005, s. 111). I søre delen av Rogaland er det Stavanger som har status som sentrum i regionen, på grunn av administrative, økonomiske, politiske og kulturelle tilhøve. Flyttemønster som fylgje av pendling til arbeid eller fritidssyslar spelar ei viktig rolle for spreining av språktrekk, gjennom at folk på bygdene er i større kontakt med personar i byane (Sandøy, 2003, s. 233). Slik spreining skjer i tråd med bølgeomodellen.

På ei anna side framstår Bergen som normsenter for Stavanger. Aasen (2011, s. 120) spekulerer i om dei språklege endringane ho observerte i Stavanger, har kome som «eit resultat av regionaliseringstendens, der Bergen er regionsenter på Vestlandet». Det tyder på at Bergen fungerer som normsenter *utover* sin eigen region (jf. Akselberg, 2005, s. 127). Fonemsamanfallet mellom /ç/ og /ʃ/ (sjå 3.5.1.2) er eit språktrekk som sannsynlegvis har spreidd seg frå Bergen til Stavanger. Det er utfordrande å konstantera at den ekspansive *e*-infinitiven og minkande lenisering i Stavanger (jf. Aasen, 2011) kjem frå Bergen, sidan trekka også har eksistert i det høgare talemålet (dht.) i Stavanger.

3.5.2.5 Grammatisk forenkling

Ein forlengande konsekvens av dialektkontakt er at varieteten er meir utsett for *grammatisk forenkling*. For vidare diskusjon tek eg utgangspunkt i definisjonen til Kerswill & Trudgill (2008, s. 198), som seier at grammatisk forenkling er:

(...) a decrease in irregularity in morphology and an increase in invariable word forms, as well as the loss of categories such as gender, the loss of case marking, simplified morphophonemics (paradigmatic levelling), and a decrease in the number of phonemes.

Grammatisk forenkling vil altså seie at ein får færre fonologiske einingar, altså færre fonem og allofonar, og færre former av morfologiske kategoriar, som til dømes færre bøyingsklassar. Dei sentrale bymåla er meir eksponerte for språkkontakt enn perifere bygdemål. Enger (1998) hevdar, med bakgrunn i Trudgill (1989), at varietetar som har vore og er utsette for dialekkontakt, endrar seg i større grad morfologisk, medan fonologiske endringar får større spelerom i perifere varietetar. Ein kan finna eit godt døme på dette om ein samanliknar færøysk, ein historisk sett isolert varietet, med standard austnorsk, som har vore meir kontaktutsett. Trudgill (2011, s. 243) viser korleis ordet 'dag' (mask.) har utvikla seg morfofonologisk frå eit diakront perspektiv. I færøysk finst den morfosyntaktiske kompleksiteten, altså kausbøyinga, ennå i språket. Samstundes er ordet sterkt prega av

fonologisk assimilering. Det har ført til færøyingane realiserer ‘dag’ som /dagar/ → [dɛ:ɑɪ] i nominativ fleirtal og /dagi/ → [dɛ:ji] i dativ eintal. Samanlikna med sentral-austnorsk har kausbøying forsvunne; ‘dag’ har berre to korrensponderande former, *dag* og *dager*.

Dialektkontakt har òg ført til grammatisk forenkling av genus. Nesse (2005, s. 137) skriv at «[i] de varietetene der det har vært intenst kontakt med et nært beslektet språk, som nedertysk, har vi fått en utvikling som innebærer reduksjon fra tre til to genus». I tillegg til nøytrum har ein felleskjønn (også kalla *commune*), som inneber at femininum og maskulinum har falle saman til eitt felles genus med fortrinnsvis maskuline affiks og artiklar. Genussamanfall er gjennomført i både Bergen og i sentrale varietetar i Sverige og Danmark (Hårstad & Opsahl, 2022, s. 168). Meir perifere nordiske varietetar, som islandsk, færøysk og nær sagt alle norske dialekter, har vanlegvis tre leksikalske genus (Enger, 2004, s. 127).

Genussamanfall har fått morfofonologiske konsekvensar. Bøyingsklassane vert systematisert på ein annan måte og «de kongruerende ordene får andre endelser enn før sammenfallet» (Nesse, 2005, s. 138). Togenussystemt i bergensdialekta, med felleskjønn og nøytrum, kan sjåast på som ei grammatisk forenkling samanlikna med eit system med maskulinum, femininum og nøytrum. Sidan Bergen fungerer som normsenter for større delar av Vestlandet, er det ikkje utenkeleg at reduksjon i grammatisk hokjønn – på lik linje med andre språktrekk – kan springa til andre sentra eller påverka sitt omland.

3.6 Dialekta i Stavanger

Tradisjonelt sett har det funnest to sosiolektar i Stavanger, eit høgstatustalemål og eit talemål for det allmenne folket i Stavanger. Innbyggjarane sjølv kallar gjerne høgstatustalemålet «finare» språk, «Egenes-språget», eller berre «pent stavangersk». Det andre talemålet kallar ein vanlegvis for «gadespråget» (Gabrielsen, 1984, s. 1; Hognestad, 2019, s. 2). Eg kjem til å nytta nemningane *det høgare talemålet* (dht.) om «pent stavangersk» og *Stavanger bymål* (Stbm.) om gatespråket, i likskap med tidlegare granskingar av Stavangermålet (Omdal, 1967; Gabrielsen, 1984; Aasen, 2011; Hognestad, 2012).

Ein kan sjå på begge sosiolektene i Stavanger som *fullstendige språkssystem* (jf. Sandøy, 1996, s. 23). Aasen (2011, s. 18) framhevar at det er hovudsakleg på det morfologiske nivået snarare enn fonologiske at sosiolektene skil seg frå kvarandre. Eg skal

difor presentera begge talemåla i Stavanger. Vidare skal eg presentera Stbm. og dht. med grammatikkskisser førte opp i tabellar. Likevel vil det vera språkleg variasjon innom Stavangerdialekta. Difor vil den språklege skildringa av varieteteten vera ei *språkssystematisk idealisering*, ifylgje Sandøy (1996, s. 23). Sidan den skriftlege skildringa av talemålet er ei generalisering, tek ho ofte ikkje høgde for intra- og interindividuell variasjon innom varieteteten, sjølv om skildringa er deskriptiv. Trass i at ein forsøker å framstillta talemålet nøyaktig, er det fare for at grammatikskissene i 3.6.3 er ei idealisering.

3.6.1 Stavanger bymål

Den folkelege Stavangerdialekta (Stbm.) er ein varietet som høyrer til dei sørvestlandske målføra (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 96). Kjenneteiknande for dei sørvestlandske talemåla er at det er eit *a*-mål, med både *a*-infinitiv og trykklett *a*-ending på svake hokjønnsord i ubestemt form (Kolsrud, 1951, s. 52). Det er eit språktrekk som er bevart frå norrønt (Skjekkeland, 2010, s. 46). Og lenisering (*p, t, k > b, d, g*) og skarrande [ɣ] er karakteristiske kjenneteikn for talemåla i Stavanger (Aasen, 2011, s. 14). Ifylgje Berntsen & Larsen (1925) opererer bymålet med tre grammatiske kjønn: maskulinum, femininum og nøytrum. Dette tregenussystemet for Stbm. er gjengitt i Sandøy (1985, s. 279) og Aasen (2011). Som diskutert kort i kap. 2.4, har talemålet i Stavanger tradisjonelt sett mange felles språkdrag med varietetane på Jæren og i Ryfylke.

3.6.2 Det høgare talemålet

Høgstatustalemålet i Stavanger (dht.) er i stor grad prega av tradisjonelle skriftlege former frå dansk og seinare riksmål, med visse morfofonologiske særpreg. Vokalkvalitetet i talemålet er særleg markert, og har såleis vorte utsett for latterleggjering av både komikarar og folk i Stavanger som ein måte å sparka oppover på. Gabrielsen (1984) trekker fram eit velkjent sitat:

/ta: busn̩ runt nuln̩ o çø:be fiskapudin̩/ ⁹

Det høgare talemålet byggjer i hovudsak på skriftspråket riksmål. I likskap med bergensk har talemålet berre to kjønn: inkjekjønn og felleskjønn (Omdal, 1967; Aasen, 2011). Det høgare talemålet har ikkje så stor geografisk utspreiing i byen, sidan det har vore avgrensa til dei bydelane med høgare sosial status. Talemålet har altså ei avgrensa geografisk og sosial utspreiing (jf. Nesse, 2008, s. 20–2). Ikkje nok med at har vore geografisk avgrensa til høgstatusbydelane i Stavanger, er høgstatusosiolekta i dag på tilbakemarsj i Stavanger, med ein nedgang i dei markerte språklege variablane (Gabrielsen, 1984; Aasen, 2011, s. 61–

⁹ «Ta bussen rundt nullen å kjøpa fiskepudding» (null = kvartal). Gjort om til fonemisk lydskrift frå Norvegia. Dømet er henta frå Gabrielsen (1984, s. 1).

96). Gabrielsen (1984, s. 129) påstod allereie på 80-talet at det ikkje kanskje lenger eksisterte to fullstendig utbygde språkssystem i Stavanger; det høgare talemålet er på veg til å verta ein anakronisme. Vidare tolka han utviklinga i den retninga at det heller er bymålet (Stbm.) som spreier seg blant ungdom i alle sosiale klassar. Sjølv om dht. ikkje er i like sterk bruk i dag, finn ein framleis preg av det i repertoaret hjå talemålsbrukarar i Stavanger, som ein del av den språklege variasjonen.

3.6.3 Morfologisk grammatikkskisse

Tabellane over morfologien byggjer i stor grad på Aasen (2011, s. 14–24) og tidlegare dialektale skildringar av Sandøy (1985) og Hegland (1996). Sidan avhandlinga fokuserer på genuskongruens, er lydverket (fonologien) stroke frå grammatikkskissa i denne avhandlinga. I tillegg til substantiv, er genusmarkørane adjektiv, pronomener og determinativ er inkluderte i dette kapittelet. På bakgrunn av den aktuelle dialektsituasjonen skildra ovanfor, kjem eg til å leggja mest vekt på Stbm. vidare i dette kapittelet.

3.6.3.1 Substantiv

«Substantivbøiningen har i Stavanger folkemål i det store og hele et norsk grunnlag, i nær overensstemmelse med bøiningen i de omliggende landdistrikter (...)» skriv Berntsen & Larsen (1925, s. 208). Tradisjonelt sett har «gadaspråget» i Stavanger (Stbm.) eit operativt trekjønnsystem, medan høgstatusosiolekta (dht.) har derimot berre to kjønn: felleskjønn (commune) og inkjekjønn (Aasen, 2011, s. 18).

3.6.3.1.1 Hannkjønn

Tabell 1: Bøyingsparadigme for hannkjønn i Stavanger bymål

Substantiv	Eintal		Fleirtal	
	ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
Sterke	- [hest] <hest>	-en /hestn/ <hesten>	-ar /hestar/ <hestar>	-ane /hestane/ <hestane>
Svake	- [² fɑŋə] <fange>	-n /fɑŋn/ <fangen>	-ar /fɑŋar/ <fangar>	-ane /fɑŋane/ <fangane>

3.6.3.1.2 Hokjønn

Hokjønn vert bøygd ganske likt i bymålet (Stbm.) som varietetane omkring. Svake hokjønnsord endar vanlegvis på trykklett /a/ i ubestemt form eintal, eksempelvis *ei panna*. Såkalla delt hokjønnsbøying mellom svake og sterke feminina finst ikkje lenger i Stavanger bymål; endinga i bunden form eintal av sterke og svake hokjønnsord har falle saman til ei felles *å*-ending.

Tabell 2: Bøyingsparadigme for hokjønn i Stavanger bymål

Substantiv	Eintal		Fleirtal	
	ubestemt	bestemt	ubestemt	bestemt
Sterke	- [dø:ɾ] <dør>	-å /dø:ro/ <døra>	-er /dø:rer/ <dører>	-ene /dø:rene/ <dørene>
Svake	-a / -e [² pana] <panne>	-å /pano/ <panne>	-er /paner/ <panner>	-ene /panene/ <pannene>

3.6.3.1.3 Arkemorfemet *-år*

Dei tabellførte bøyingsparadigma ovanfor er kanskje ikkje like gjeldande lenger fordi dei kastar ikkje lys over eit viktig aspekt: I talemåla i Stavanger er det tendens til *nøytralisering* av opposisjonen mellom kort /a/ og /e/ i trykksvak posisjon føre uvular frikativ [ɾ]. Fonema går mot ein bakre, halvhøg og runda kortvokal. I staden for kort /a/ og /e/, får ein altså kort /o/. Gabrielsen (1984, s. 112) tolkar arkefonemet som ein regressiv assimilasjon. Det resulterer i former som /hestor/ *hestar* og /armor/ *armar* av ubestemt form maskulina, i tillegg enkelte leksem som til dømes *vintår* (Gabrielsen 1984, s. 72). Slik nøytralisering skjer når to ulike fonem vert oppheva under visse vilkår (Kristoffersen, 2015, s. 2–3). Vilkåret er oppfylt her fordi som bøyingsmorfem er ikkje fonema /a/ og /e/ betydingsskiljande i dialekta; begge uttrykker jo fleirtal i ubestemt form.

Gabrielsen (1984, s. 112) kallar det for eit nytt fenomen fordi det ligg «ei førestilling om at stavangersk talemål opphavlig har hatt (og til dels enno) opposisjon mellom fonemet /a/ og fonemet /e/ føre /r/ i trykklett posisjon». I grammatikkskissene til *Stavanger Bymål* frå 1925 er maskulinum og femininum gitt ulike bøyingsendingar,¹⁰ og nemner heller ikkje

¹⁰ I Berntsen & Larsen (1925, s. 208) er hankjønnsord gitt endinga *ar* og hokjønnsord *er*

arkemorfemet. Det er altså særst krevjande å slå fast kor lenge dette bøyingsmorfemet har eksistert i talemålet i Stavanger.

I masteravhandlinga til Johannessen (2020) er førekomsten av *år*-ending i ub. f. fl. av maskulina ein av variablane ho har undersøkt. Ho konkluderer med at endinga *-ar* i ub. f. fl. m. er sannsynlegvis det mest svekte tradisjonelle dialekttrekket hjå både dei eldre og yngre informantane, som i større grad bruker *-år* (Johannessen, 2020, s. 99). Samstundens hevdar ho at *-år* truleg har oppstått tidlegare ved hokjønn, som til dømes *jentår* ‘jenter’ og *kronår* ‘kroner’. Det vil seia at både maskulina og feminina kan ta *-år* i ub. f. fl. i Stavanger bymål. I så fall har den morfologiske distinksjonen mellom hannkjønn og hokjønn falle saman, som fylgje av analogisk utjamning (sjå 3.5.1.1).

3.6.3.2 Adjektiv

På norsk bøyer ein adjektiv i tal, bestemtheit og genus, i tillegg til gradsbøying. Adjektivsbøying er derimot ikkje så veldig markert, fordi dei fleste adjektiva manglar distinkte former for maskulinum og femininum. I eintal er det nøytrum som får eiga form, mens resten av genussystemet i mange norske dialekter «karakteriseres av en relativt stor grad av synkretisme mellom hankjønn og hunkjønn» (Busterud, Lohndal, Rodina, Westergaard, 2020, s. 3).

I Stavanger bymål får adjektiv i ubestemt form av hannkjønn og hokjønn den trykklette endinga /e/, vanlegvis realisert som ein schwa [ə]. I bestemt form eintal vil ei rekke frekvente adjektiv bøyast etter kjønn i Stavanger bymål, som for eksempel *den stora jentå* (fem.) mot *den store gutten* (mask.).¹¹ Denne bøyinga av adjektiv er ikkje unik for stavangersk talemål, men generelt utbreidd blant dei sørvestlandske varietetane, ifylgje Skjekkeland (2005, s. 115–7).

Frasar som *den stora jentå* er døme på attributiv genuskongruens der adjektivet vert bøygd hypotagmatisk i nomenfrasen. Slike adjektiv kan òg hengja seg på personleg pronomen i nomenfrasen. Adjektivet vil då vera etterstilt og bøyast hypotagmatisk i samsvar med pronomenet, som fungerer som hovudleddet i nomenfrasen. Det gir oss distinksjonar som: *han stygge* (m.), *hu stygga* (f.) og *det stygga* (n.)

Det vil seia at frekvente adjektiv tek *a*-ending når hovudleddet er femininum (sjå tabell 3). På ei anna side vil ikkje desse adjektiva bøyast i femininum i predikativ posisjon,

¹¹ Dette ordparet er teke frå Faarlund, mfl. (1997, s. 366) som viser til talemålet i Stavanger

*hu e *stora/store*. Attributiv og predikativ kongruens overlappar altså ikkje med kvarandre når det gjeld adjektiv. Me kan setja opp dei aktuelle adjektiva i ein tabell vist nedanfor:

Tabell 3: Frekvente adjektiv i Stbm. når hovudleddet i frasen er i bestemt form eintal

Stavanger bymål (Stbm.)		Nynorsk	
m.	f.	m.	f.
<i>store</i>	<i>stora</i>	store	
<i>galna</i>	<i>galna</i>	galne	
<i>heile</i>	<i>heila</i>	heile	
<i>låge</i>	<i>låga</i>	låge	
<i>stygge</i>	<i>stygga</i>	stygge	
<i>grøne</i>	<i>grøna</i>	grøne	
<i>første</i>	<i>førsta</i>	første	

3.6.3.2.1 Adjektivet ‘liten’

Eit unntak frå skildringa ovanfor er adjektivet *liten*, som i Stbm. vil bøyast i hannkjønn *liden* og hokjønn *lidå*. Dette adjektivet tek òg etter for genus i superlativ, jf. *den minsta jentå* (f.) mot *den minste gutten* (m.). Dette er derimot ikkje unikt for berre dette superlativet, men gjeld òg andre adjektiv.¹² Adjektivet kan bøyast i genus både predikativt og attributivt. Med andre ord kan ein på Stavanger bymål (Stbm.) seia *hu e lidå*. I attributiv form bøyer ein derimot adjektivet ulikt i ubestemt og bestemt form:

ei lidå jenta (ub.f.) | *den litla jentå* (b.f.)

3.6.3.3 Determinativ

Determinativ er ord som spesifiserer referansen til substantivet. Determinativa deler ein opp i tre undertypar: kvantorar, demonstrativ og possessiv (Faarlund mfl., 1997, s. 202). Desse vert bøygd i samsvar med genus. I tillegg kan ei rekke andre determinativ ta etter for genus i Stbm. I mange norske dialektene, inkludert i dei sørvestlandske *a*-måla, vil nominalfraser som uttrykker familierelasjonar få ei anna ending: Possessivet kjem som regel etter

¹² Frekvente adjektiv med sterk bøyning som ikkje får *aste*-ending i superlativ

nominalet, som står *utan* bestemtheitsmorfema *-a* og *-en*. Det gir former som til dømes *mor mi* og *bror din*.

I omliggande varietetar (rbm.) førekjem hokjønnsbøying av somme determinativ, som *eigå*. Dei fleste andre determinativ krev derimot ikkje genussamsvar. Blant anna kvantoren *noko* tek ikkje etter for genus.

Stbm.:

Tabell 4: Determinativ i Stbm.

	kvantor	demonstrativ	possessiv		
			1. person	2. person	3. person
maskulinum	en, ein	den, dene	min	din	sin
femininum	ei	den, dene	mi	di	si
nøytrum	et	de:, dete	mit	dit	sit

Dht.:

Tabell 5: Determinativ i dht.

	kvantor	demonstrativ	possessiv		
			1. person	2. person	3. person
commune	en, e:n	den, dene	min	din	sin
nøytrum	et	de:, dete	mit	dit	sit

Kvantoren *ein* (m.) er monoftongert i begge varietetane, men vert diftongert i Stbm. når det skal framhevast at det er snakk om éin (jf. nynorsk *ein* og *éin*). Possessivar i fleirtal (*mine*, *dine* og *sine*) er ikkje førte opp sidan dei ikkje tek etter for genus. Men i eintal vert possessivar bøygd i samsvar med genus, både prenominalt, postnominalt og predikativt.

3.6.3.4 Pronomen

Stbm.:

Tabell 6: Pronomen i Stavanger bymål, skrivne med fonemisk skrift

eintal					fleirtal		
1. person	2. person	3. person			1. person	2. person	3. person
e:g	du	han, an	hu, u	de:	me:	² dokoꝛ, ¹ dokoꝛ	di:
me:g	de:g	" "	² hena, ² hene, hu, u	"	os	"	"

Dht.:

Tabell 7: Pronomen i det høgare talemålet, skrivne med fonemisk skrift.

eintal					fleirtal		
1. person	2. person	3. person			1. person	2. person	3. person
je:	du	han, an	hu, u	de:	vi:	² deꝛe	di:
mei:	dei:	" "	² hene	"	"	"	"

Pronomena med fonetisk skrivemåte i tabell 6 og 7 er henta frå boka *Norsk dialektkunnskap* skriven av Helge Sandøy (1985, s. 280 og 284). Sidan det er over 35 år sidan ho vart gitt ut, har eg oppdatert tabellen for Stbm. i tråd med min lokale kjennskap til dialekta på fylgjande måte:

- [^vdokoꝛ] → [²dokoꝛ]. Siste stavinga er endra på grunn av arkemorfemet som nemnt i kapittel 3.6.3.1.1.1. I tillegg er [¹dokoꝛ] lagt til på grunn av ulikt trykk, blant anna emfatisk. Kortforma [dok] kan òg førekoma, spesielt når pronomenet fungerer som direkte og indirekte objekt;
- [^v(h)ene] → [²hene] i tabell 6 og 7. I tillegg la eg til [hu] og [u] som objektsformer og ein variant med *a*-ending [²hena] for Stbm. Sistnemnde heng saman med Stbm. som *a*-mål.

3.6.3.5 Infinitivsmorfemet

Både Gabrielsen (1984) og Aasen (2011) studerte infintivsmorfemet. Sjølv om denne avhandlinga ser på genuskongruens av femininum i talemålet i Stavanger, er det relevant å beskriva infinitivsmorfemet i Stavanger. Endinga *a* i infinitiv og i ubestemt form eintal av

svake feminina støttar kvarandre. Skjekkeland (2009, s. 209) hevdar at dei heng saman og har kvarandre å hengja seg på. Det gir oss ein til å spekulera om dei informantane som bruker *e*-infinitiv, også bruker *e*-ending der det tradisjonelt sett er *a*-ending, som adjektiv i attributiv posisjon eller i svake hokjønnsord i ubestemt form eintal. Dette spørsmålet har eg ikkje undersøkt nærmare i denne avhandlinga, sjølv om det er både relevant for problemstillinga.

Talemålet i Stavanger har òg ein del kortformer av verbet i infinitiv, der endingsmorfemet er utelate. Ifylgje Venås (1967, s. 210) er årsaka til dette at infinitiven har høg frekvens, og infinitivsmorfemet står ofte trykklett posisjon. Det er generelt at høgfrekvente språklege element vert utsett for fonologisk reduksjon (Torp, 2003).

3.7 Genus

Grammatisk kjønn, eller genus, kan sjåast både som ein ibuande eigenskap ved substantiva og ein måte å dela inn substantiv inn i klassar på (Enger & Conzett, 2016, s. 223; Sandøy, 1996, s. 62). Innan nordisk genusteori er det vanleg å skilja mellom leksikalsk og referensielt genus (Andersson, 2000, s. 549; Dahl, 2000, s. 110–1). Andre skil mellom grammatisk genus og semantisk genus, som dei svenske lingvistane Andersson (1979) og Teleman (1987). Corbett (1991) på si side nyttar omgrepsparet semantisk og syntaktisk kongruens i standardverket *Gender*. I dette kapitlet kjem eg til å gjera greie for både referensielt genus og leksikalsk genus, før eg legg vekk på genuskongruens (kap. 3.6.3) til slutt.

3.7.1 Leksikalsk genus

Innanfor nyare genusforskning er det ikkje uvanleg å argumentera for at det finst tildelingsprinsipp eller tilordningsreglar som sørgjer for at substantiv vert tildelt bestemte genus. Sentrale tilordningskriterium er *mening* og *form* (Corbett, 1991). Når ein snakkar om *form*, deler ein gjerne i lydstruktur (fonologi) og ordstruktur (morfologisk fleksjon). Ifylgje Corbett (1991, s. 40–1) står desse genustilordningsreglane i eit hierarkisk forhold til kvarandre:

Semantikk > morfologi > fonologi

3.7.1.1 Mening

Om ein kjenner til meininga til eit gitt nomen er det tilstrekkeleg til å fastslå det grammatiske kjønn, hevdar Corbett (1991, s. 13). Dette er til dels mogleg på norsk, fordi mange ord er sterkt knytte til eit samsvarande fysisk kjønn. Hannkjønnsst substantiv som *mann*, *okse*, *bukk* og *gubbe* har ein handfast samanheng med sitt maskuline kjønn, som står i eit binært

motsatsforhold til hokjønns substantiva *kvinne*, *kvige*, *søye* og *kjerring*. Tilordninga av hannkjønn og hokjønn kan til ein viss grad verka logisk, så lenge ordet refererer til noko levande og konkret. Desse kallar ein for *animate* nomen. Her finn ein som oftast eit samsvarsforhold mellom grammatisk kjønn og fysisk kjønn. Genussystemet på norsk er likevel ikkje binært, det er snarare tredelt. Substantiva *sen*, *benk* og *bord* har til felles at dei representerer ikkje-levande møbel; samstundes er dei tildelte tre ulike genera. Desse kallar ein for *inanimata* – og utgjer storparten av substantiva på norsk. Inanimate nomen gjer det utfordrande for born og andre som tileignar seg språk å tildela genus (Corbett, 1991, s. 85–88).

For at ein skal kunna bøya i samsvar med genus, kommenterer Corbett (1991, s. 7), må «the native speaker of the language [...] know the gender of a noun». Det må altså finnast tildelingsprinsipp for genus, for viss ikkje må ein pugga det grammatiske kjønn til alle nomen. Det finst ei rekke forklaringsmodellar for tildeling av genus; særskilt innan fagfeltet kognitiv lingvistikk har ein forsøkt å forklara genus med fokus på den leksikalske semantikken (jf. Corbett, 1991; Nessel, 2006). I norsk samanheng er det nok artikkelen til Trond Trosterud (2001) som har fått mest merksemd. Han argumenterte for at leksikalsk genus i norsk ikkje er arbitrært, men må vera regelstyrt. Med utgangspunkt i semantiske, morfologiske og fonologiske reglar, kan ein tildela nomenet eit grammatisk kjønn.

3.7.1.2 Form

Substantiv kan òg tilordnast eit genus basert på morfofonologisk *form* (Corbett, 1991, s. 51–61). Dette er spesielt gjeldande for romanske språk der siste staving plar vera ein markør for genus.¹³ Corbett (1991, s. 87) trekker fram ein genusstudie med franske born som informantar, utført av den britiske psykolingvisten Annette D. Karmiloff-Smith på slutten av 1970-talet. Då informantane vart spurde om å tildela ord i genus, såg det ut til at «the phonological clue provided by the last syllable of the word tended to outweigh the semantic clue in the picture». Det likevel viktig å poengtera at fransk, i likskap med andre romanske språk, har berre to genus. Desse er i større grad styrt av morfofonologisk form enn nordiske språk. Samstundes på norsk vil mange av orda som sluttar på trykklett *e*, som *lampe*, *jente* og *panne* vera hokjønnsord (jf. Trosterud, 2001). I ein nyare studie frå Tromsø – som eg kjem tilbake til seinare (sjå 4.1.3) – hadde dette morfofonologiske trekket liten effekt på genusmarkering (Busterud, mfl., 2021, s. 7). I Oslo derimot vil born gjerne bøya svake maskulina, som *bamse* og *kjele*, med *a*-ending, altså det feminine bestemtheitssuffikset

¹³ For eksempel er genus i spansk (kastiljansk) sterkt styrt av fonologisk form (Ogneva, 2020, s. 281).

(Lødrup, 2017, s. 125). I dette tilfellet overgeneraliserer born etter mønster frå svake feminina, som også endar på trykklett /e/.

I eit *a*-mål, som Stavanger bymål, tilsvarer slike ord som *lampe*, *jente* og *panne* svake feminina, og endar på trykklett /a/ i ubestemt form eintal, *ei panna* (sjå 3.6.3.1.2). Vidare plar verbalsubstantiv som endar med *-ing* (*ei krangling*) vera hokjønnsord.¹⁴ Ord på *-ar* (*ein slaktar*) er maskuline. Just her er det kanskje ikkje berre morfofonologisk, men like mykje ein semantisk komponent som plasserer ‘slaktar’ til maskulint kjønn (jf. Trosterud, 2001, s. 35).

Det er likevel fleire avvik for tildeling av genus til nomenet. Enger (2002) trekker fram hannkjønnsordet ‘skjede’ som på grunn av openberre leksikalske og for så vidt fonologiske årsaker burde vera eit hokjønnsord, noko som strir med tilordningsreglane til Trosterud (2001). Ein kan med andre ord ikkje venta at genus skal vera fullstendig predikabelt (Enger, 2002, s. 148; 2010, s. 681). Difor vert norsk rekna som eit lite transparent genuspråk, fordi «det er få eigenskapar som kan føreseie kva genus eit einskild substantiv har» (Busterud & Lohndal, 2022, s. 131). Grammatisk kjønn er snarare ein ibuande eigenskap ved substantivet, og det er ikkje nødvendigvis avhengig av konteksten eller kva slags eigenskapar referenten har eller ikkje har (Enger, 2009, s. 1282).

3.7.2 Referensielt genus

I motsetnad til leksikalsk genus, der *form* og *mening* til sjølve nomenet står sentral, er referensielt genus kontekstavhengig. Det som styrer kva genus ein bruker, er eigenskapane til den spesifikke referenten. På norsk kan ein for eksempel både skriva og seia: *Sjukehuset har tilsett ei jordmor. Han er frå Slovenia.* Det maskuline pronomenet *han* kan nyttast sjølv om det er eit hokjønnsord i den føregåande nominalfrasen, fordi det er avhengig av det biologiske kjønnnet til antesedenten. På same måte kan ein referera til ein lærar (m.) med pronomenet *ho*, til dømes. Ifylgje kongruenshierarkiet til Corbett (1991, s. 226), er det størst sannsyn for at personlege pronomen får genuskongruens.

I mange dialekter bruker ein òg pronomen (*han*, *ho* og *det*) til å visa til inanimate referentar. På norsk er det gangbart å seia: *Har du sett skjorta mi? Eg såg henne i går.*¹⁵ I dette eksempelet kongruerer pronomenet med femininumet *skjorta*. Bruk av pronomen som

¹⁴ I ei rekke dialekter vil ord som endar med *ing* tildelast maskulinum

¹⁵ Like eins skriftleg på nynorsk, der også pronomenet *ho* kan brukast

vist ovanfor kallar ein for anaforisk pronomen. Desse bruker ein når det er ein anaforisk relasjon mellom pronomenet og den anaforiske antesedenten.

Ifylgje kongruenshierarkiet til Corbett (1991, s. 226) er det personleg pronomen den ordklassen som har størst sannsyn for å få semantisk kongruens. Han viser til engelsk, der genus berre kjem til uttrykk i personlege pronomen (*he, she, it*). For eksempel vil adjektivet *liten* ha vanleg, syntaktisk nøytrumskongruens, *lite* når det står til eit barn, «men pronomenet kan likevel ha semantisk kongruens og dermed være *han* eller *hun*» (Vagstein, 2009, s. 78). På ei anna side, når det er snakk om inanimate antesedentar, er det ikkje uvanleg at *den* byter ut *han* og *ho*. I bokmål skriv ein typisk *jenta – hun*, men *boka – den*, noko som tilseier at det finst eit skilje mellom animate og inanimate referentar (Nesse, 2005, s. 142–4; Enger & Haugen, 2017, s. 45). Det fører til at den semantiske kongruensen bakom *han* og *ho* vert forsterka, i og med at «disse to pronomena blir [...] brukt for et mindre sett av referenter, og blir tydeligere enn før forbundet med animater, særlig mennesker» (Enger, 2004, s. 130).

Det er kanskje freistande å betrakta denne distinksjonen mellom *den* og *ho* som ei svekking av genuskongruens, med tanke på *ho* vil potensielt førekoma sjeldnare i munnleg tale og tekst. Men tvert om er det ikkje tale om genus som vert redusert; det er snarare ei endring frå tre anaforiske pronomen til fire (Enger & Haugen, 2018, s. 53). Som sagt må ein òg ta semantiske forhold med i vurderinga av genuskongruens, ettersom det ikkje er ein reint grammatisk grunn til at ein bruker *ho* i staden for *den* om *jenta*. Dermed gir det rom til å diskutera om det finst ulike genussystem som overlappar kvarandre i norske talemål (jf. Lødrup, 2011).

3.7.3 Genuskongruens

Dei tre genera maskulinum, femininum og nøytrum utgjer trekjønnsystemet på norsk. Men substantivet vert ikkje bøygd i genus; substantivet har rettare sagt eit genus (Enger & Kristoffersen, 2000, s. 68; Faarlund; Lie; Vannebo, 1997, s. 150). På same tid manifesterer genus seg typisk gjennom korleis substantivet vert bøygd. Resonnementet mitt sirkelargumentasjon, som gjer genus så vanskeleg å definera.

Norsk referansegrammatikk (NRG) trekker fram bruken av *artiklar* som det mest sentrale kjenneteiknet på substantivet. Dette inkluderer både kvantorar og bøyingsendingar i bestemt form – ikkje berre dei prenominala artiklane *ei, ein og eit* (Faarlund mfl., 1997, s. 150). Bøyingsendingane kan avsløra kva genus eit gitt substantiv har. På ei anna side påstår mange lingvistar, blant anna Lødrup (2011, s. 122–3), at fleksjon ikkje kan brukast som

kriterium for genus. I så fall vert genus sidestilt med ein vanleg bøyingsklasse, som ville bidra til å få svekka skiljet mellom morfologi og syntaks. Dette «innebærer at det bare er frittstående kongruenselementer som er fullgode markører for genus» (Busterud, mfl. 2020, s. 3). Ei slik forståing utelukkar altså bøyingsmorfem, bestemtheitssuffiksa *-en*, *-a* og *-et*. Mange støttar seg heller til genusdefinisjonen til lingvisten Charles F. Hockett (1958, s. 231), som slår fast at genus er «classes of nouns reflected in the behavior of associated words». Definisjonen er ofte gjengitt i lingvistisk litteratur om genus, blant anna i *Gender* (Corbett, 1991). Desse tilhøyrande orda på norsk er adjektiv, determinativ, partisipp og pronomer, som kongruerer hypotagmatisk med hovudleddet i nomenfrasen. Dei kongruerer òg – men ikkje like frekvent – predikativt og anaforisk.

Den svenske lingvisten Östen Dahl (2000, s. 584) argumenterer for ei slags mellomløysing, «treating some inflectional distinctions as gender». Enger (2004) støttar denne posisjonen: Han hevdar at så lenge fleksjonen korrelerer med kongruenseigenskapar, kan «også bestemtheitssuffiksene i ental [...] regnes som eksponenter for genus» (ibid., s. 125–6). Genuskongruens i norsk er tydelegare regelstyrt innanfor nominalfrasen enn utanfor. Dessutan markerer bøyingsmorfema tydeleg genus i eit tradisjonelt norsk tregenussystem, spesielt i bestemt form eintal (Enger 2001, s. 165). Bøyingsendingane i Stavanger bymål, *en*, *å* og *e* – som *NRG* definerer som *bestemt artikkel* – viser høvesvis til maskulinum, femininum og nøyttum. Bøyingsaffiksa til substantivet er såleis ein markør for grammatisk kjønn.

For å få oversyn over både attributiv, predikativ og anaforisk kongruens, kan ein føra det opp som ein tabell slik:

Tabell 8: Genuskongruens i Stavanger bymål

		determinativ			adjektiv ub.f.	personleg pronomer
		kvantor	demonstrativ	possessiv		
attributiv kongruens	M	<i>en bil</i>	<i>den bilen</i>	<i>min bil</i>	<i>fine</i>	<i>han</i>
	F	<i>ei lampa</i>	<i>den lampå</i>	<i>mi lampa</i>	<i>fine</i>	<i>hu</i>
	N	<i>et hus</i>	<i>det huset</i>	<i>mitt hus</i>	<i>fint</i>	<i>det</i>
predikativ kongruens	M				<i>bilen er min</i>	<i>fine</i>
	F				<i>lampå er mi</i>	<i>fine</i>
	N				<i>huset er mitt</i>	<i>fint</i>

anatorisk kongruens	M
	F
	N

bilen – <i>han, an</i>
lampå – <i>ho, henna, na</i>
bordet – <i>det</i>

(tabell inspirert av Conzett, Johansen og Sollid, 2011, s. 14)

3.8 Forskingsspørsmål

I denne delen presenterer eg forskningsspørsmål eg vil undersøka nærmare i denne avhandlninga. Basert på talemålsopptak frå 1981, 1982 og 2010, vil eg få eit oversyn over genuskongruens av talemålsbrukarane i Stavanger med eit særskilt fokus på femininum.

3.8.1 Språk og alder

Hypotese 1: Dei yngre språkbrukarane opererer med færre feminine genusformer enn dei andre aldersgruppene.

Forskingsspørsmålet ovanfor baserer seg på føresetnaden at ein kan trekka ei utviklingslinje der den generelle førekomsten av feminine former i talemålet går stadig ned. Om ein ser dei same utviklingstendensane for grammatisk hokjønnsom i andre byar, er det grunn til å anta at eldre personar har fleire kongruensformer med femininum enn andre aldersgrupper.

Di yngre språkbrukaren er, di mindre kongruerer han med femininum.

.

3.8.2 Possessivet *mi*

Determinativ possessiv er genusmarkør i talemål. Sidan informantane snakkar om seg sjølv om sine opplevingar rettar eg blikket mot possessivet i første person, *mi*. Denne kan plasserast både prenominalt og postnominalt, noko som dannar to variablar (sjå presentasjonen av variablane i 4.4). Hovudleddet ter seg på ulike måtar avhengig av posisjonen til possessivet. Når det står *framom* hovudleddet i nominalfrasen, står substantivet i ubestemt form. Eit etterstilt possessiv fordrar bestemt form, som betyr at genuset kjem tydelegare fram på grunn av dei uttrykte bøyingsendingane. Her er det altså

grunn til å anta at possessiv i postnominal posisjon vil samsvara med femininum i større grad. Eg antar at når språkbrukaren har uttrykt bøyingsendinga, er det lettare å kategorisera dei tilhøyrande orda med genuskongruens.

Hypotese 2: Postnominal possessiv vil oftare få genuskongruens med feminina enn prenominal possessiv

3.8.3 Determinativ og adjektiv

Som vist i kap. 3.6.3.2 er det ein del frekvente adjektiv og determinativ som tek etter for femininum. Eg kjem til å undersøka determinativ og adjektiv fordi dei fell inn under definisjonen *tilhøyrande ord* (sjå 3.7.3). At adjektiv og determinativ får feminine kongruensformer med *a*-ending, har Stavanger bymål til felles med andre *a*-mål, blant anna rbm.

Hypotese 3: Frekvente adjektiv og determinativ får feminine kongruensformer

3.8.4 Språk og kjønn

Som gjort greie for tidlegare i kapitlet (3.4.3) er kvinner meir innovative i språkbruken. Dei bruker også prestisjeformer i større grad enn menn. Eg går ut frå at bruk av felleskjønn er prestisje, fordi det er språktrekk som ein finn igjen i skriftleg bokmål. Aasen (2011, s. 42) skriv at «[s]kriftspråket fungerer på mange måtar som ei overordna norm i førestellingane våre». Eg vil nok tru at skriftspråket kan fungera som eit slags normsenter og prestisje. Som konsekvens vil kanskje kvinner bruka makuline fleksjonar, som ein finn igjen i bokmål og dialekta i Bergen, som mogleg er det andre normsenteret for Stavanger.

Den markerte bøyingsmorfemet i Stbm. er kanskje ein annan grunn til å tru at kvinner unngår å bøya feminina med *å*-ending. For menn er det meir stigmatiserande å ta i bruk «finare» språktrekk, noko som støttar opp om bruk den tradisjonelle bøyingsforma blant menn.

Hypotese 4: Kvinner bruker mindre feminine genusmarkørar enn menn.

Eg går ut frå at menn vil innan alle aldersgruppene ha eit meir tradisjonelt genussystem. Grammatisk hokjønn vil truleg vera meir redusert blant kvinnene, noko som resulterer at dei vil bøya feminina med maskuline former i større grad enn menn.

4 Metode

4.1 Innleiing

Til denne avhandlinga har eg basert meg på datamateriale frå eksisterande transkriberte talemålsopptak. Desse vart tekne opp i 1981 og 2010 i samband med avhandlingane til Finn Gabrielsen (1984) og Kristine Nymark Aasen (2011). Opptaka er søkbare gjennom *Talebanken*, talemålskorpuset til Universitetet i Bergen.

I dette kapittelet kjem eg først til å beskriva datamaterialet eg har arbeidd med. Eg vil kort gjera greie for innhenting og handsaming, før eg vurderer datamaterialet eg nyttar i dette prosjektet. Deretter vil eg gjera greie for den metodiske framgangsmåten for behandlinga av datamaterialet.

Seinare i 4.4 listar eg opp dei språklege variablane eg skal undersøka i denne avhandlinga, som heng saman med forskingsspørsmåla som vart presenterte i 3.8. Eg kjem òg til å gjera kort greie for enkelte metodekritiske emne, blant anna utfordringar kring validitet og reliabilitet, og skilnaden mellom kvantitativ og kvalitativ metode.

4.2 Datamaterialet eg nyttar

Datamateriale i denne avhandlinga er basert på transkriberte talemålsopptak frå Stavanger. Opptaka vart henta inn hausten i 1981 og 2010, i samband med dei variasjonslingvistiske avhandlingane til Finn Gabrielsen (1984) og Kristine N. Aasen (2011). Avhandlingane hadde som mål å beskriva dei språklege forholda i Stavanger. Gabrielsen si avhandling *Eg eller je? Ei sociolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger* har søkelys på den synkrone variasjonen i dialekta blant dei yngre talarane. Avhandlinga til Aasen, *Stavanger-dialekten 30 år etter*, er ei sociolingvistisk oppfylgingsgransking av dialekta. Nye talemålsopptak vart

samla inn til å samanlikna med dei eldre talemålsopptaka frå 1981 i eit diakront perspektiv, i tillegg til å studera språkleg variasjon i eit synkront perspektiv.

Aasen (2011, s. 53–7) henta ikkje berre talemålsdata frå yngre informantar, ho inkluderte to aldersgrupper til – midaldra og eldre – i tråd med dei andre avhandlingane om talemål, kalla *Dialektendringsprosessar*. Desse aldersgruppene skulle tydeleg gjenspegla ulike livsfasar, som personar i skulealder, i yrkesaktiv alder og eldre personar som allereie er eller skal verta pensjonistar (Anderson, 2017, s. 2). Aasen fekk òg tilgang på intervjuopptak frå 1982 med eldre personar frå Stavanger byarkiv, som «var meint å vere ei referansegruppe med eldre personar, sidan Gabrielsen berre hadde intervjuar ungdommar» (Aasen, 2011, s. 48). Ho er likevel kritisk til dette materialet. Det er usikkert om ein kan lita på det gamle materialet frå Stavanger byarkiv, mellom anna fordi det er usikkert kor tilfeldig informantutvalet er. Om ein i det heile kan rekna desse eldre personane som informantar i sosiolingvistisk forstand, kjem eg tilbake til seinare i kapitlet.

I motsetnad til Aasen (2011), hadde ikkje Gabrielsen (1984) tilsvarande talemålsopptak å jamføra med. Han hevdar likevel at avhandlinga har eit diakront perspektiv sidan han jamfører funna med eldre beskrivingar av bymålet, som boka *Stavanger bymål* frå 1925 (Gabrielsen, 1984, s. 4–5). Det er likevel vanskeleg å vita kva grad *Stavanger bymål* er ei sannferdig skildring av Stbm. eller ei idealisering av talemålet (sjå diskusjon i 3.6). Eg kjem tilbake til innhentinga i 4.2.1, og korleis informantane vart kategoriserte i 4.2.2.

4.2.1 Innhenting

Både Gabrielsen og Aasen intervjuar informantane sine to og to om gongen. Gabrielsen utførte to intervjurundar. Den første var prega av at det var ein formell situasjon. Han som intervjuar vart «konfrontert med ein intervjuar som var austlending og som snakka norsk normaltalemål» (Gabrielsen, 1984, s. 61). Gabrielsen reknar altså den sentrale austlandsdialekta som det mest prestisjefylte talemålet i Noreg at han definerer det som standard (jf. 3.5.2.4). Sidan den første intervjurunden ikkje ligg tilgjengeleg i talemålskorpuset, *Talebanken*, kjem eg ikkje til å kommentera dette vidare.

I feltarbeidet til Gabrielsen deltok 30 yngre informantar, 15 jenter og 15 gutar, som var elevar på tre forskjellige vidaregåande skular i byen; Bergeland, Godalen og St. Olav vidaregåande skular (Gabrielsen, 1984, s. 52) Informantane frå samfunnsklasse 3 kom frå

Godalen og Bergeland, og informantane frå samfunnsklasse 1 og 2 gjekk på St. Olav (Gabrielsen, 1984, s. 65). Sjølv om det er lik fordeling, er utvalet disproportjonalt, då det ikkje er samsvar med fordelinga i den reelle populasjonen (Gabrielsen, 1984, s. 66). I 1981 var det altså fleire som hørte til samfunnsklasse 3 enn 1 og 2. Frå den nyare innsamlinga deltok 24 informantar i ulike aldrar, der dei yngste var mellom 14 og 16 år og gjekk på ungdomsskule i Stavanger sentrum. Dei tilsette på skulen sette elevane saman i par (Aasen, 2011, s. 50). Det er gunstig å intervju informantane i par, hevdar Milroy & Gordon (2003, s. 66). Informantane vil stilla spørsmål til kvarandre, ikkje berre med observatøren. Det er med på å gjera samtalen mindre formell og språket kvardagsleg. Om den eine avvik vesentleg frå korleis han elles taler, ville den andre reagert. På den måten fungerer den eine informanten som ein subtil kontrollør på språkbruken til den andre.

Under den andre runden frå 1981 låg samtaleemna nærmare ungdommane sitt eige daglegliv. Her liknar i større grad på det sosiolingvistiske intervjuformatet, som er relativt lite strukturert (Milroy & Gordon, 2003, s. 57). Tonen er også meir uformell, noko som legg opp til større grad av spontanitet frå informantane. I Aasens feltarbeid var informantane berre med i ein uformell samtale. Desse vart intervju av Krister Vasshus, ein medstudent med stavangerdialekt (Aasen, 2011, s. I), på lik linje som ved dei eldre intervju, der Finn Gabrielsen utførte intervju sjølv. Gabrielsen (1984, s. 63) omtaler dialekta si som nært «Stbm 1925». Dermed fekk ein så like vilkår som mogleg for informantane i det nye opptaket som det gamle, fordi at opptaksleiarar skal ha talemål som ikkje låg så langt frå det dei har på opptaksstadene (Anderson, 2013, s. 10). Når vilkåra er like er det gunstig å samanlikna opptaka, blant anna fordi det er færre feilkjelder. Ein annan fordel er at det er mindre sannsynleg at informantane akkommoderer talemålet sitt og snakkar autentisk, når intervjuaren har tilnærma lik dialekt som informantane.

I tillegg fekk Aasen tak i gamle intervju frå Stavanger byarkiv. Det fanst ikkje tilstrekkeleg bakgrunnsopplysningar om personane i intervjuet til å kunna bruka alt som språkleg materiale. Derfor vart det trekt ut åtte intervju, tre kvinner og fem menn frå 1982-materialet. Desse personane har vore sentrale innan kultur, samfunn eller politikk, og har representert eliten i byen. Informantutvala til Gabrielsen (1984) og Aasen (2011) har derimot ein meir sannferdig representasjon av dei ulike samfunnsklassane i Stavanger. Dei åtte personane frå Stavanger byarkiv er fødte mellom 1890 og 1920, og vert derfor rekna som eldre i 1982 (Aasen, 2011, s. 48). Sjølv om desse vart henta inn av ein mann frå Stavanger, skil intervjuformatet frå det sosiolingvistiske intervjuet. Inntrykket mitt er at intervjukonteksten er formell samanlikna med opptaka der Finn Gabrielsen og Krister

Vasshus var intervjuarar. Dei fortel om sitt kulturelle og profesjonelle virke, og snakkar i mindre grad om det personlege livet sitt. Sjølv om visse personar snakkar om barndommen sin, er tonen likevel relativt formell, i motsetnad til dei eldre og midaldra informantane til Aasen (2011). Sidan desse personane var prominente i Stavanger, legg det føringar for konteksten; det er ein viss formalitet i intervjuet som ikkje er like tydeleg i dei andre kontekstane.

4.2.2 Handsaming

Materialet som vart samla inn har vorte behandla på fleire måtar. Først og fremst er opptaka transkribert til normert nynorsk. Dei transkriberte opptaka vert så sende over til eksterne programmerarar som koplur dei saman til eit korpus, som heiter *Talebanken*. Dette er ein søkbar database. Systemet tildeler automatisk alle ord til sine respektive ordklasser basert på syntaktiske analysar, sånn at ein seinare kan søka opp grammatikalske kategoriar. Transkriberinga følgjer nynorsk ortografi og morfologi. Det er meint til å gjera det gunstigare når ein vil søka opp forskjellige språktrekk eller spesifikke ord. På den måten vert det òg lettare når ein ønsker å koda variablar til ulike variantar. Likevel vil ikkje alltid transkriberinga i *Talebanken* samsvara med talemålet til informanten, anten når det gjeld grammatikken eller ordvalet.

I *Talebanken* vert informantane tildelte eigne talkodar som er med på å sikra anonymiteten deira seinare. Samstundes vert bakgrunnsopplysningane for kvar enkelt informant registrerte i *Talebanken*, slik at desse kan koplur opp mot språket deira. Bakgrunnsopplysningane vart henta inn ved at informantane fyller ut eit spørjeskjema. Ein får opplysningar om sosiale variablar som alder, samfunnsklasse og kva for bydel informanten kjem frå. Det gjer det mogleg å søka opp informantkodar og sosiale bakgrunnsdata. «I sosiolingvistisk forskning, og særleg i kvantitativ variasjonslingvistikk, har ein søkt å finne sosiale avleiringer i den språklige variasjonen uttrykt i ulike samvariasjoner mellom sosiale og språklige variablar» (Bugge, 2020, s. 30). Korpuset fasiliterer for at ein kan trekka samanhangar mellom språket og sosiale tilhøve, som er av interesse for sosiolingvisten (jf. kap. 3.4).

For Gabrielsen sin del var det sentralt å kategorisera informantane. Basert på foreldra sitt yrke, kategoriserte han gymnaselevane til ein av tre samfunnsklassar; arbeidarklassen, småborgarskapet og borgarskapet (jf. 3.4.3). Aasen (2011, s. 37) har òg registrert kva for sosialgruppe informantane høyrer til, men har ikkje brukt det som eit utveljingskriterium. I staden for heldt ho seg til postnummer i sentrale delar av byen. Ho har

ikkje bevisst trekt ut informantar etter bydel. I datamaterialet hennar kan ein få opplysningar om kva for bydel dei kjem frå, i motsetnad til gymnaselevane i Gabrielsen (1984) sin studie.

4.2.3 Vurdering av datamaterialet

Talemålsopptaka har vore særskildt gunstige i arbeidet mitt. Det inkluderer ei rekke informantar som alle kjem frå Stavanger. Det er ei mangfaldig gruppe med forskjellig klasse- og yrkesbakgrunn, alder og kjønn. Den yngre aldersgruppa frå studien til Gabrielsen (1984) er ungdommar mellom 16 og 19 år, medan for Aasen (2011, s. 57) er desse yngre, mellom 14 og 16 år gamle. Til saman utgjer Stavanger innhenta i 1981 og 2010 utgjer om lag 20 timar til saman med talemålsopptak. 12 timar frå Aasen (2011), 7 ½ timar frå Gabrielsen (1984). Fordelte på x informantar, er informantgrunlaget dermed representativt for varieteteten.

Intervjuaren gir informantane lang taletid, slik at ein får mykje talemålsdata som seinare kan analyserast. Opptakssituasjonane ber preg av å vera uformelle, der praten sit relativt laust. Som forventat er samtalen noko stiv og oppstylda til å begynna med, før informantane vert «varm i trøya». Informantane fortel om karrieren og skulen. Dei snakkar òg om barndommen, som for mange vil engasjera emosjonelt, og fylgjeleg ta bort fokuset frå korleis dei snakkar. Det er såpass mykje uformell og autentisk tale at talemålsopptaka frå 1981 og 2010 kan brukast til å studera talemålet i Stavanger med forskjellige innfallsvinklar.

På ei anna side er ikkje det typiske sosiolingvistiske intervjuformatet nødvendigvis den konteksten der ein får mest treff på breidda av genusformer i talemålet hjå informanten. Som gjort greie for i kapittel 1.3 om tidlegare forskning, er det brukt andre metodar for å undersøka genus i norske talemål. Westergaard & Rodina (2016) tok i bruk ein eksperimentell metode for å framkalla genus i talemålet i Tromsø. Med 70 informantar – med eit aldersspenn frå 3 til 64 år, fordelt i fem aldersgrupper – er studien representativ for tromsødialekta. Det første eksperimentet fokuserte på alle dei tre grammatiske kjønna etterfylgt av eit anna som berre fokuserte på femininum (Westergaard & Rodina, 2016, s. 168–74). I eksperimenta vart informantane utsette for spesifikk stimuli for å framprovosera produksjon av nominalfrasar med tilhøyrande ord. På ein skjerm vart informanten vist bilete av fleire objekt med ulike fargar, som ein bil (m.), ei flaske (f.) og eit tog (n.). Til saman vart 24 substantiv viste i tilfeldig rekkefylge. Observatøren stiller spørsmål om fargen, og ytringane til informanten vert tekne opp på bandopptak. På det neste biletet har den eine tingen forsvunnen, og observatøren stiller spørsmålet *ka som forsvant?* Det vert lagt opp til at «deltakerne skulle produsere både ubestemt artikkel og former med dobbelbestemthet. På

den måten var det mulig å teste produksjonen både av genusformer og av bestemthetssuffikset» (Busterud, mfl., 2021, s. 6). Genusformer i denne sammenhengen kan sidestilla som *tilhøyrande ord*, og inkluderer determinativ og adjektiv som samsvarer med det grammatiske kjønnet til nomenet (jf. 3.7.3).

Metoden skissert ovanfor er valid sidan han bidreg til at ein får spesifikt treff på det studien er ute etter. Samtidig er ikkje denne framgangsmåten så subtil: Informanten er klar over at han deltek i eit eksperiment der han skal svara på spesifikke spørsmål under observasjon. Fylgjeleg er situasjonen meir formell enn ved den mindre strukturerte, sosiolingvistiske samtalen. Dei merksame informantane kan til og med få aning om kva talemålsgranskaren er ute etter. Det fører til at informanten vert meir språkleg bevisst, som kan påverka den språklege produksjonen og realiseringa. Situasjonen legg ikkje opp til naturleg tale, og vil kanskje ikkje bera preg av like autentisk tale som sosiolingvistisk talemålsgransking verdset.

Det er ikkje utenkeleg at ein kunne ha gjennomført ein tilsvarande studie for talemålet i Stavanger. I ein mindre skala med færre informantar kunne ha vore eit aktuelt for eit masterprosjekt. På ei anna side ville det ha vore veldig utfordrande å få løyve til å gjennomføra feltarbeid på grunn av smitteførebyggande tiltak som har prega samfunnet sidan mars 2020, som fylgje av den pågåande pandemien (SARS-CoV-2). Vidare diskusjon om metodeval kjem eg tilbake til i drøftingskapittelet (6.).

4.3 Framgangsmåten

4.3.1 Kort om talemålskorpuset

På bakgrunn av forskningsspørsmåla i føregåande kapittel (3.8) har eg lista opp åtte ulike språklege variablar som eg skal undersøka nærmare. Ein stor del av variablane kan ein forventa å finna kongruens med genus; adjektiv, determinativ og pronomener. Desse kallar eg for *tilhøyrande ord* (sjå kap. 3.7.3) I tillegg, for å eit fullstendig oversyn over grammatisk hokjønn og genuskongruens i talemålet, reknar eg med bøyning av substantiv som tilfredsstillande markør for genus. Fylgjeleg har eg inkludert variablar som dreiar seg om feminine bøyingsartiklar, altså bøyingsmorfem og frittståande artiklar. Tidlegare i teorikapittelet drøfta eg i kva grad ein kan tolka substantiv som markør for genus.

Med bruk av talemålskorpuset til Universitetet i Bergen (tilgjengeleg via <https://clarino.uib.no/korpuskel/>) kan ein søka opp dei ulike språktrekka ein er på jakt etter, både via eit ordsøk og gjennom å søka opp ein spesifikk ordklasse, som til dømes maskuline substantiv i fleirtal. I *Talebanken* er ord kategoriserte etter ordklasser basert på nynorsk normering (sjå 4.2.2). Likevel er det ikkje nødvendigvis sånn at den innbygde grammatikalske kodinga til talemålskorpuset stemmer overeins med grammatikken til talemålet. Det førte til visse utfordringar der eg måtte søka opp enkelte ord i søkefeltet til *Talebanken* for å danna valide resultat.

Sidan korpuset gir moglegheit til å annotera dei ulike variabeltreffa til ein førehandsdefinert variant, kan ein seinare henta ut distribusjonen av dei ulike variantane og knyta dei opp til uavhengige variablar som kjønn og alder.

4.3.2 Feilkjelder

Sidan eg utførte denne kodinga sjølv vil det vera fare for tolkingsfeil. Aasen (2011, s. 59) kommenterer at:

Ein annan faktor som kan føre til feilkjelder, er behandlinga av materialet i transkripsjons- og kodingsprosessane. Arbeidet som eg har gjort, er tolkingar av lyd, noko som i ein viss grad er subjektivt. At eg ikkje har det same målføret sjølv, kan kanskje føre til at eg ikkje oppfattar alt slik som ein innfødd.

Dei gongene Aasen var i tvil, fekk ho hjelp av ein innfødd til å kontrollera arbeidet hennar. Sjølv er eg heller ikkje innfødd siddis; likevel vil eg påstå at eg har lokal kjennskap til talemålet i Stavanger. Eg har gått tre år på vidaregåande skule i sentrum av Stavanger, og ein stor del av kontaktnettverket mitt kjem frå kommunedelen Hundvåg (sjå figur 2). Desse har ei folkeleg dialekt som ligg nært Stbm. Trass i dette har eg vore i tvil fleire gonger då eg koda variablar til bestemte variantar. Eg gjorde grep for å sikra meg valide resultat. For kvart treff lytta eg fleire gonger før eg avgjorde kva variant eg skulle koda variabelen. Seinare i prosessen lytta eg gjennom kodinga på ny for å dobbelsjekka arbeidet mitt. Særleg ved dei mindre frekvente variablane lytta eg fleire gonger, fordi eg ønskte nøyaktige resultat av desse variablane til seinare analyse og diskusjon. Ved vanskelege tvilstilfelle, fekk eg sporadisk hjelp av ein medstudent med godt dialektøyra frå same regionen til å kontrollera arbeidet mitt.

I enkelte tilfelle har det vore vanskeleg å koda til aktuell variant, fordi mange av variablane er såkalla minimale par der det er berre eitt fonologisk element som skil dei frå kvarandre. Det vil seia at ofte er det berre éin språklyd som avgjorde kva slags allomorf det

er snakk om. Å skilja mellom lydar som stod i ein kontaktassimilert posisjon var særskilt vanskeleg. Det er altså ord som har lik, eller tilnærma lik, ending som den første stavinga i det neste ordet (Bugge, 2020, s. 218). Desse vart koda som *nøytralisert*. Dersom det ikkje var mogleg å vita kva variant som var aktuell, vart treffet koda som *utydeleg*. Korkje nøytraliserte eller utydelege kodar vart medrekna vidare, fordi ein må spekulera i for stor grad det som faktisk vert sagt. Likevel kan det finnast menneskelege feil i denne avhandlinga. I 5.2 trekker eg fram eitt avvik mellom lyttetolkingane mine samanlikna med Aasen (2011).

4.3.4 Andre vurderingar i kodingsarbeidet

Tidleg i prosjektet hadde eg med det ubestemte fleirtalsmorfemet av femininum og maskulinum som variabel og forskingsspørsmål. Variabelen skulle gje svar på om femininum og maskulinum framleis har distinkte fleirtalsendingar. Som gjort greie for tidlegare (sjå 3.5.3.1.3) såg Gabrielsen (1984) tendensar til ein ny allomorf i det yngre talemålet i Stavanger, eit arkemorfem. På grunn av utfordringar med å annotera til aktuell variant, valde eg å stryka fleirtalsmorfemet som variabel. I drøftinga forklarar eg vidare om denne utfordringa (6.7.2).

Eg har heller ikkje koda til ein variant når informantane hermar etter andre dialekter og siterer kjentfolk eller folk dei kjenner. Mange av informantane gjer narr av dht. Her er det ofte – men ikkje alltid – merkt med anførselsteikn i den transkriberte teksten, som gjer det lettare å unngå feil i annoteringa. Når informantane nemner stadnamn som til dømes *Aker brygge* og *Hjelmelandsgata* er heller ikkje annoterte.

Ei anna utfordring eg opplevde då eg lytta til datamaterialet, var at visse stader stemde ikkje transkriberinga med det som faktisk vert sagt. For det meste var dette tilfelle når det var interferens mellom informantane og når talen var så utydeleg eller rask at det ikkje var mogleg å tyda kva som vart sagt. Særleg ein eldre informant stamma mykje. Det gjorde det for vanskeleg å vita kva slags ord det var snakk om. Når denne informanten snakka, klarte eg ikkje å annotera presist, sjølv om det var treff innanfor dei aktuelle variablane. Ei rekke språklege variablar viste seg å vera så lite frekvente i intervjuet at det er uråd å trekka gode kvantitative slutningar. Det gjer det vanskeleg å sjå samanheng med sosiale bakgrunnsvariablar. I staden for kan eg dokumentera ein generell førekomst av relevante språktrekk, for så å gå i djupna på kvart treff.

4.4 Språklege variablar

Her kjem lista over dei undersøkte språklege variablane. I neste kapittel skildrar eg variabelen før eg presenterer den aktuelle variasjonen i datamaterialet.

Variabel 1: Bøyingsmorfemet av hokjønn i bestemt form eintal

Variabel 2: Svake femininum i ubestemt form eintal

Variabel 3: Den ubestemte artikkelen

Variabel 4: Demonstrativ possessiv i prenominal posisjon

Variabel 5: Demonstrativ possessiv i postnominal posisjon

Variabel 6: Frekvente determinativ

Variabel 7: Frekvente adjektiv

4.5 Reliabilitet og validitet

Når ein skal gjennomføra ei sosiolingvistisk gransking, må ein ta inn over seg ei rekke metodiske omsyn. For det første må ein sikra reliabilitet, altså kor truverdig og nøyaktig empirien ein baserer seg på er (Akselberg & Mæhlum, 2003, s. 73). For å unngå at undersøkinga ikkje stemmer overeins med røynda, er det viktig å bruka metodar som fører til truverdige resultat. For talemålsgranskaren står idealet om «ekte tale» i fokus. Det gjeld å innhenta data på ein måte som sikrar autentisk tale.

Som diskutert ovanfor er det alltid ein fare for feilkjelder, og at resultata ikkje stemmer overeins med røynda. For å sikra validitet, altså kor gyldig ein studie er, må ein sikra gode metodar for korleis ein handsamar datamaterialet. I denne avhandlinga kan ein potensielt risikera usikre resultat på grunn av sjølvne kodinga av dei forskjellige variantane. Som gjort greie for tidlegare (4.3), har eg gjort fleire grep for å sikra gyldige og valide resultat. Likevel kan feil oppstå, og «en eventuell gjentatt koding ville kunne gi en annen fordeling av variantene» (Bøe, 2013, s. 64).

Ein kan stilla seg kritisk til det gamle materialet frå 1982 frå Stavanger byarkiv når det kjem til validitet og reliabilitet. Det er usikkert i kva grad det er «naturleg tale» i intervju frå 1982. Kor truverdig talemålet deira er, kan ein stilla seg kritisk til. På ei anna side snakkar dei åtte informantane relativt fritt, og les ikkje opp ei liste med ord eller fraser som om dei hadde vore deltakarar i ein dialektologisk studie.

4.5.1 Situasjonsbunden variasjon

Det store metodologiske gjennombrøtet innan sosiolingvistik var å retta søkelyset mot autentisk språkbruk. Labov (1972) kalla det for 'vernacular speech', som er «the speech we use when we are least conscious of it and pay a minimum amount of attention to what we are saying» (Agnihotri, 2013, s. 107). For språkforskaren er ikkje berre den autentiske talen av interesse, empirien skal òg vera representativ (Hårstad mfl., 2017, s. 167).

Men å observera og studera autentisk språkbruk er utfordrande; dei tidlege sosiolingvistane sette inn mykje energi på å skapa språkbrukssituasjonar der nett den «naturlege talen» kunne koma fram i si pure form (Hårstad mfl., 2017, s. 137). På same tid, for at ein skal kunna observera og studera språkbruk, må ein innhenta talemål på eit systematisk måte. «No matter what other methods may be used to obtain samples of speech (...), the only way to obtain sufficient good data on the speech of any one person is through an individual, tape-recorded interview», påpeikar Labov (1972, s. 209).

Trass i at ein sikrar systematisk observasjon gjennom talemålsopptak, er det ikkje ein subtil måte å innsamla talemålsdata. Sidan ein slik situasjon kan oppfattast ganske oppstylda og formell, vil det sannsynlegvis påverka «the vernacular speech». Sollid (2002, s. 176) påpeiker at «[e]n sentral erkjennelse innen sosiolingvistikken er at vi som språkbrukere ikke bare har én variant av vårt talespråk, men at vi gjerne rår over et stilregister». Det individuelle registeret er kontekstbunden, og språkbruken vil blant anna variera etter kor formell samtalsituasjonen er. Når ein mikrofon vert plassert framfor informanten, vert han bevisst på at det han seier vert teke opp på band, lagra og lytta på seinare. Det er eit metodisk problem at informantane «potensielt endrer adferd fordi de blir studert» (Hårstad, mfl., 2017, s. 137), som fører til at dei modererer språkbruken sin. Det kallar ein for observatørens paradoks (Sollid, 2002; Hårstad mfl., 2017).

Det finst ei rekke metodar for å minska fokuset frå konteksten, og over på sjølve dialogen. Intervjuaren må ta bruk si medmenneskelege *forståing* til å stilla gode oppfylgningsspørsmål, vera tolmodig og vita når ein kan gå vidare på nye tema. Å gje lang taletid vil gjera samtalen meir uformell, og informanten vil senka akslene og oppleva å bli lytta til. Det kan òg resultera i at ein får meir autentisk talemålsdata frå informantane. Under sjølve intervjuet er det viktig å forholde seg til informantane som subjekt, ikkje forskingsobjekt. Ein annan måte er å stilla spørsmål som engasjerer informanten emosjonelt (Sollid, 2002, s. 176). Når eit samtaleemne engasjerer informanten, vil ikkje informanten vera like bevisst på korleis han snakkar. Ideelt sett vil ein innhenta autentisk språkbruk, som ein definerer som den talen der ein er minst bevisst om kva ein seier.

4.6 Kvantitativ og kvalitativ metode

Innanfor sosiolingvistisk forskning har det vore vanleg å skilja mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Med William Labov sine variasjonslingvistiske studiar i New York vert han rekna som ein føregangsfigur for den kvantitative tradisjonen, som seinare skulle dominera sosiolingvistikken i stor grad (jf. Aitchison, 2013). Då sosiolingvistikken fekk eit visst omfang i Noreg, stod den kvantitative variasjonslingvistikken såpass sentralt at ein ofte kallar paradigmat *labovsk*.¹⁶ Til å begynna med tok sosiolingvistane i bruk kvantitative metodar, med utgangspunkt i forskingstradisjon frå samfunnsvitskapane.

Om ein nyttar kvantitativ tilnærming legg ein vekt på moglegheiten til å måla og kvantifisera data frå ei representativ gruppe informantar. Ideelt sett bør ein kunna *registrera* fenomen «som på et eller annet vis kan telles og måles i form av mengde, grad, frekvens eller utbredelse» (Hårstad, m.fl., 2017, s. 53). Gjennom systematiske og strukturerte observasjonar hentar ein inn talemålsdata. Ut frå denne empirien kan ein trekka statistiske korrelasjonar, «sånn at en kan komme fram til mest mulig allmenne, gjennomsnittlige og statistisk sett representantive mønstre» (Hårstad mfl., 2017, s. 54). I og med at ein har gode apparat for analyse av kvantitative data, inneber det at ein lettare kan etterprøva resultatane. Dette styrkar validiteteten.

Kvalitative framgangsmåtar, på ei anna side, legg ikkje alltid så stor vekt på statistiske utrekningar; kvantifiseringar av ei større gruppe står ikkje like sentralt, men fokuserer i større grad på kvar enkelt informant, frå ei mindre gruppe deltakarar. Tilnærminga er ikkje like *positivistisk* fundert, som vil seia at berre erfaringsgitt empiri kan studerast (jf. Hårstad mfl., 2017, s. 130). Viktige tilnærmingar i den kvalitative talemålsgranskninga er bruk av kvalitative intervju, innleving og *forståing* (Akselberg, 2006, s. 144). Ifylgje Selås (2005, s. 172) kan forståing forklarast som ønsket om å leva seg inn i sinnet til ein annan: Det vert hevda at «menneskeleg aktivitet blir [...] best granska gjennom fortolking og hermeneutiske forsøk på å forstå samanhengane menneska handlar i». På bakgrunn av fyldige data om personar og situasjonar kan ein oppnå forståing av sosiale fenomen (Thagaard, 1998, s. 11). Akselberg (2006, s. 144) kommenterer at «[f]or

¹⁶ jf. «den labovske sosiolingvistikken» (Skramstad, 2000, s. 140; Hårstad, mfl., 2017, s. 133), «den labovske kvantitative variasjonslingvistikken» (Sollid, 2002, s. 175) og «the Labovian sociolinguistic paradigm» (Akselberg, 1994).

tilhengjarane av kvalitativ metode er dette gyldige metodar som gjev kunnskap og innsikt – og resultatata har generaliseringspotensiale». Ein kan likevel stilla seg kritisk til i kva grad resultatata frå kvalitativ metode kan generaliserast for eit heilt språksamfunn. Med tanke på at det plar vera færre informantar med i kvalitative studiar, er det utfordrande å verifisera representativiteten. Edit Bugge (2020, s. 229) påpeiker at «[n]år informantene ikke er valgt ut tilfeldig er det også vanskelig å forsvare at gjennomsnitt og gruppefrekvenser forteller oss noe om samfunnet som heilhet».

Kvantitativ og kvalitativ metode er likevel ikkje motsetnader; dei representerer snarare kvar sitt ytterpunkt på ein skala (Grønmo, 2012, s. 89). I praksis vil mange kvalitative studiar òg ha varierende innslag av kvantifiserande tilnærmingar: «I en rekke konkrete forskningsprosjekter skjer det da også en eksplisitt forening av de to tilnæringsmåtene (...)» (Hårstad mfl., 2017, s. 53–4). Ei slik foreining der ein studerer eit fenomen med fleire forskjellige metodar, kallar ein gjerne *metodetriangulering*. Då ser ein på språket både frå eit sosiologisk makroperspektiv og eit individualisert mikroperspektiv (jf. Hårstad, mfl., 2017, s. 131–2). Metodetriangulering inneber at ein kombinerer ulike tilnæringsmåtar, der kvantitative og kvalitative metodar kan utfylla kvarandre.

Empirien eg bruker i denne avhandlinga har eit kvantitativt preg. Datamaterialet er innhenta med formål om kvantifisera visse språklege variablar til ein representativ mengde informantar. Under intervju viste seg at somme variablar er meir frekvente enn andre. Det gjeld blant anna variablane 1, 2 og 4 som tek for seg feminine substantiv, altså artiklar og bøyingsmorfem. Her er det meir formålstenleg å kvantifisera reultata. I analysen av mindre frekvente variablar, er det gunstigare å gå meir kvalitativt til verks for å forklara og utdjupa resultatata. Med andre ord vil eg kombinera både kvalitativ og kvantitativ metode for å analysera genusmarkørane i talemålet.

5 Resultat

5.1 Innleiing

I dette kapittelet kjem eg til å presentera kvar enkelt variabel med dei aktuelle variantane. I tabellar presenterer eg kvantitative data over førekomst av dei ulike variantane. Dei variantane som har så lite belegg at det ikkje utgjer meir enn éin prosent, har eg ikkje

inkludert i tabellane nedanfor. Det betyr at det er registrert andre variantar i tillegg til dei som er skildra undervegs.

Innom kvar variabel presenterer eg først det samla oversynet frå dei ulike opptaksåra. Her er det greitt å merka seg at opptaksåra 1981 og 1982 slegne i hop i same raden under dei samla oversyna. Etter kvart presenterer eg resultata fordelte utover dei sosiale bakgrunnsvariablane aldersgruppe og kjønn. Sjølv om visse variablar er lite frekvente, er dei likevel presenterte i tabellar som gir godt oversyn over førekomst av dei ulike variantane. Visse former og variantar viste seg å ha så få treff i talemålskorpuset at det ikkje er presentert her, men vert diskutert undervegs i kapittel 6. Det gjeld òg anaforar, som bør drøftast kvantitativt

I tillegg har eg trekt ut tre informantar: ein yngre, ein midaldra og ein eldre. Mot slutten av kapitlet vert kongruenssystemet deira presentert for å sjå på den intraindividuelle variasjonen av dei ulike variablane.

Det er generelt sett stor variasjon mellom informantane, òg når det kjem til kven som snakkar mest. Når ein ser på den totale distribusjonen, er det visse årsklassar og informantar som har større treff innanfor dei ulike variablane enn andre. Det kjem tydeleg fram i presentasjonen av enkeltinformantane i 5.12. Det fører til at ein ujamn representasjon der ein kan trekka slutningar basert på dei midaldra og eldre informantane i større grad enn dei yngre. Datamaterialet til Aasen (2011) er nesten dobbelt så langt som materialet til Gabrielsen (1984). Fylgjeleg er det mest treff blant informantane hennar. Aasen (2011, s. 62) er òg kritisk til om ein kan stola på det eldre materialet frå Stavanger byarkiv frå 1982, sidan ein ikkje veit kor tilfeldig informantutvalet er.

5.3 Variabel 1: Bøyingsmorfemet av feminina i bestemt form eintal

Her kjem eg til å kvantifisera førekomsten av dei ulike bøyingsendingane i bestemt form eintal av svake og sterke feminina i ein og same variabel. Som gjort greie for i 3.6.3 har distinksjonen mellom sterke og svake hokjønnsord falle saman i Stavanger bymål. I det høgare talemålet (dht.) har grammatisk hannkjønn og hokjønn meir eller mindre falle saman til felleskjønn.

Seinare etablerer eg derimot ei todeling av variabelen for å undersøka om det finst skilnader på korleis informantane bøyer svakt og sterkt hokjønn i bestemt form eintal. Det finst tre variantar til denne variabelen. Variant 1 er endinga *å*, som eg reknar som tradisjonell variant for Stbm. Variant 2 er *en* og variant 3 er *a*.

5.3.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 9 Variabel 1, etter opptaksår. Skåre i prosent

Opptaksår	å		en		a		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
1981/82	37	26,4	98	70	5	3,6	140
2010	223	65,4	112	32,8	6	1,8	341

Det er ein markant høgare førekomst av den tradisjonelle *å*-endinga i 2010 enn i 1981/82. Blant informantane frå 2010 er det flest som bøyer hokjønnsord i bestemt form med *å*-ending, medan om lag ein tredel bruker *en*-ending. Frå dei tidlegare talemålsopptaka bruker 70 prosent *en*-ending, og mindre enn ein tredel bruker *å*-ending. Førekomsten av *a*-ending er generelt liten, og det ser ut til at denne varianten er på retur, ettersom berre 1,8 prosent av informantane i 2010 bruker denne varianten, mot 3,6 prosent frå opptaksåra 1981/82.

5.3.2 Alder

Tabell 10 Variabel 1, fordeling etter alder, skåre i prosent

Opptaksår	å		en		a		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre							
1982	24	20,2	90	75,6	5	4,2	119
2010	128	69,2	48	26	9	4,8	185
Midaldra							
2010	64	57,1	48	42,9	0	0	112
Yngre							
1981	13	61,9	8	38,1	0	0	21
2010	31	66	16	34	0	0	47

Når ein ser på resultatet fordelt på alder ovanfor, ser ein at det er særleg dei eldre informantane frå 1982 som dreg opp den samla førekomsten av *en*-ending. Fylgeleg bruker dei minst *å*-ending samanlikna med dei andre aldersgruppene. Det er berre dei eldre som bøyer feminina med *a*-ending. Denne held seg stabilt låg på om lag 4 prosent. Blant dei yngre informantane har variabelen halde seg stabil frå 1981 til 2010: Informantane bruker

ikkje *a*-ending, og *en*-ending utgjorde om lag ein tredjedel av alle hokjønnsorda i begge opptaksåra. Dei midaldra informantane er den gruppa som bruker mest *en*-ending av informantane frå opptaksåret 2010. Prosentskåren på 43 prosent er likevel ikkje så mykje høgare enn dei yngre frå 1981, der 38 prosent brukte same varianten. Her må eg minna lesaren på at det er ein del panelinformantar blant dei midaldra aldersgruppa, som kan ha utslag i likskapen. Likevel har eg ikkje gått i djupna på eventuelle livsfaseendringar i denne avhandlinga.

5.3.3 Kjønn

Tabell 11: variabel 1, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent

1981/82	å		en		a		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	14	24,5	42	73,7	1	1,8	57
Menn	23	27,7	56	67,5	4	4,8	83
							140

Tabell 12: : variabel 1, fordelt etter kjønn, opptaksår 2010, skåre i prosent

2010	å		en		a		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	117	61,9	70	37	2	1,1	189
Menn	106	69,7	42	27,6	4	2,7	152
							341

Tabellane ovanfor frå begge opptaksåra viser generelt større førekomst av varianten *en* blant dei kvinnelege informantane. I 1981/82 er det stor overvekt av denne varianten blant både dei mannlege og kvinnelege informantane; likevel er førekomsten størst blant kvinnene. I 2010 står denne varianten for over ein tredel blant dei kvinnelege informantane, og om lag 28 prosent for dei mannlege. Skilnaden mellom kjønna er likevel ikkje så stor. Som vist i tabell @ ovanfor, er det heller større skilnader frå det nyaste opptaksåret samanlikna med det gamle: Dei eldre informantane frå 1982 trekker opp den konservative varianten *en* i


størst grad. Dei yngre gymnaselevane frå 1981 bruker varianten *en*, men ikkje i mykje større grad samanlikna med dei midaldra og yngre informantane frå 2010.

Det er fleire kvinner enn menn som bruker *en*-ending. Det gjeld begge opptaksåra. Dei mannlege informantane bruker *a*-ending i større grad. Denne forma kjem eg tilbake til i neste kapittel. Likevel er den totale førekomsten av variabelen for låg til å trekka slutning ut av prosentandelane.

5.3.4 Skilnader mellom svake og sterke feminina

Det er interessant å sjå om det er skilnad mellom dei svake og sterke hokjønnsorda i datamaterialet. Her er svake og sterke feminina delt opp, og eg presenterer dei kvar for seg for å sjå om det er forskjell på korleis informantane bøyer hokjønn i bestemt form eintal. Trykklett *a*-ending i ubestemt form eintal kjenneteiknar dei svake hokjønnsorda (jf. 3.6.3.1.2). Særleg interessant er det å retta blikket mot informantane frå opptaksåra 1981 og 2010, med tanke på at talemålet til mange av desse informantane opererer med eit talemål som ligg nærmare Stbm.

Figur 6 Fordeling av svake og sterke hokjønn



Generelt sett er det høgare førekomst av sterke hokjønnsord, som gir større belegg til å seia noko om dei sterke hokjønnsorda.

Tabell 13 Sterke hokjønnsord

	å		en		a		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Opptaksår	21	20,6	77	75,5	4	3,9	102
2010	123	60	81	39,5	1	0,5	205

Tabell 14 Svake hokjønnsord

	å		en		a		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Opptaksår							
1981/82	16	42,1	21	55,3	1	2,6	38
2010	100	73,5	31	22,8	5	3,7	136

Ser ein utelukkande på resultatane frå opptaksåra, ser ein at det er ein marginal forskjell. Dei sterke hokjønnsorda får oftare maskulin fleksjon med *en*-ending enn dei svake hokjønnsorda. Dei svake får oftare får tradisjonell genuskongruens med *å*-ending. I tabellane nedanfor er hokjønnsorda fordelt etter alder.

5.3.4.1 Alder

Tabell 15: Sterke feminina, fordelt etter alder, skåre i prosent

	å		en		a		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre							
1982	12	14,4	71	82,2	4	3,4	87
2010	71	67	34	33	1	< 1	106
Midaldra							
2010	30	46,2	35	53,8	0	0	65
Yngre							
1981	9	45,8	6	54,2	0	0	15
2010	22	64,7	12	35,3	0	0	34

Tabell 16: Svake feminina fordelt på alder, skåre i prosent

	å		en		a		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre							
1982	12	33,3	19	65,6	1	1,1	32
2010	57	75	14	18,4	5	6,6	76
Midaldra							
2010	34	72,3	13	27,7	0	0	47

Yngre							
1981	4	77,8	2	22,2	0	0	6
2010	9	69,2	4	30,8	0	0	13

Fordeler ein dei 481 treffa utover aldersgruppene, ser ein at dei svake hokjønnsorda får oftare tradisjonell genuskongruens hjå dei yngre informantane. I 1981 er skilnaden tydelegast: Dei sterke hokjønnsorda får feminin bøyingsending berre 46 prosent av gongene, mens prosentskåren er på nesten 78 prosent for dei svake hokjønnsorda. I 2010 er derimot ikkje skilnaden så markant. Dessutan er det større belegg i det nyaste datamaterialet blant alle aldersgruppene. Situasjonen er lik hjå dei midaldra informantane i 2010 som dei yngre i 1981; det er dei sterke hokjønnsorda som er utsette for *en*-ending. Denne likskapen har ein klar samanheng ved at mange av desse er panelinformantar; desse vart intervjuva i 1981 og på ny i 2010. Denne aldersgruppa bøyer oftare dei sterke hokjønnsorda med maskulin fleksjon enn med feminin *å*-ending.

Sjølv om dei eldre informantane frå 1982 stort sett opererer med *en*-ending for alle feminina. er det interessant å sjå at same tendensen er òg å finna i denne aldersgruppa. Dei svake hokjønnsorda får *å*-ending ein tredel av gongene; innom dei sterke hokjønnsorda er førekomsten halvert til 14 prosent. Dei eldre informantane frå 2010 har operativt hokjønn i størst grad. Innom denne aldersgruppa er det 75 prosent førekomst av *å*-ending av dei svake hokjønnsorda og 67 prosent blant dei sterke. I neste kapittel kjem eg tilbake til skiljet mellom svake og sterke hokjønnsord, og kva for implikasjonar det har for genussystemet til informantane i Stavanger.

5.4. Variabel 2: Endingsmorfemet av svake feminina ubestemt form eintal

Stbm. er eit sørvestlandsk tregenussystem som tradisjonell sett har *a*-mål (sjå 3.6.1). Det vil seia at talemålet har både *a*-infinitiv og at svake feminina i ubestemt form eintal endar på trykklett /a/. Denne variabelen vil difor ta føre seg førekomsten av *a*-ending i feminina i ubestemt form eintal, med variantane *a* og *e*. Her reknar eg *a*-endinga som tradisjonell variant. Kva grad ein kan rekna variabelen som ein markør for genus, vert diskutert grundigare i 6.2.3.

5.4.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 17: Variabel 2, etter opptaksår, skåre i prosent

Opptaksår	a		e		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
1981/82	12	18,3	52	81,2	64
2010	84	47,5	93	52,5	177
					241

I forhold til dei andre variablane har variabel 2 ganske høg førekomst. Det er registrert høvesvis 64 og 177 tilfelle av feminina i ubestemt form eintal. Varianten *e* står sterkast i begge opptaksåra. Frå datamaterialet i 2010 har derimot *a*-ending ein prosentskåre på nesten 48 prosent, som er eit synleg auke frå 18,3 prosent i 1981/82.

5.4.2 Alder

Tabell 18: Variabel 2, fordelt etter alder, skåre i prosent

Opptaksår	a		e		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre					
1982	6	7,4	50	92,6	56
2010	56	62,2	34	37,8	90
Midaldra					
2010	21	31,8	45	68,2	66
Yngre					
1981	6	66,6	3	33,4	9
2010	7	33,3	14	66,7	21

Det er høgast førekomst av *e*-ending hjå dei eldre informantane frå 1982. Som tidlegare påpeikt snakkar ein god del av desse informantane nærmare dht. samanlikna med dei andre aldersgruppene. I tabellen ovanfor er det altså denne aldersgruppa som hovudsakleg dreg opp prosentskåren, med tanke på at det er berre tre tilfelle av *e*-ending blant dei yngre informantane frå 1981.

Den største forskjellen er at dei yngre informantane frå 2010-opptaket har *e*-ending på svake feminina i større grad enn dei yngre informantane i 1981. Ser ein på prosentandelen derimot, er situasjonen snudd heilt om. Likevel må ein ta høgde for at belegga blant denne

aldersgruppa – ni i 1981 og 21 i 2010 – ikkje er høg nok til å trekka representative slutningar. Dei midaldra i 2010 bruker òg *e*-ending i større grad enn *a*-ending. Det ser ut som denne trykklett *a*-ending er på vikande front i talemålet i Stavanger, med tanke på at det er dei eldre informantane i 2010 og dei yngre informantane i 1981 som bruker denne varianten signifikant meir enn dei yngre og midaldra aldersgruppene.

Sidan ein del av dei yngre informantane frå hausten 1981 som vart intervjuja på nytt i 2010, er dette ein av fleire variablar der panelinformantane har gått gjennom livsfaseendringar. Med det auke ein ser frå dei yngre i 1981 til dei midaldra i 2010, verkar det som om dette språktrekket er utsett for ein slags reduksjon, frå variant med *a*-ending til *e*-ending. Det er likevel viktig å poengtera at eg ikkje har fokusert på livsfaseendringar i denne avhandlinga, mellom anna fordi det er for få treff på dei resterande variablane.

5.4.3 Kjønn

Tabell 19: Variabel 2, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent

1981/82	a		e		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	3	9,5	28	87,5	32
Menn	9	26,5	25	73,5	34
					66

Tabell 20: Variabel 2, fordelt etter kjønn, opptaksår 2010, skåre i prosent

2010	a		e		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	50	46,7	57	53,3	107
Menn	34	48,6	36	51,4	70
					177

Prosentskåren for *e*-ending er høg hjå informantane frå Stavanger byarkiv. Her er det høgare førekomst av dei kvinnelege informantane som bruker variant *e*. Blant mennene er førekomsten av denne varianten noko mindre. Sidan det er berre tre treff på *e*-ending hjå dei yngre informantane i 1981, er det dei eldre informantane som står hovudsakleg for førekomsten av *e*-ending her. Frå 2010-materialet er det ikkje store skilnader mellom kjønna når det kjem til denne variabelen. Informantane bruker jamt over noko meir *e* enn *a*. Også her bruker kvinner meir *e*-ending enn menn.

5.6 Variabel 3: Artikkelen *ei*

Variabelen tek føre seg den ubestemte artikkelen. Variabelen har to variantar: Variant 1 er *ei*, variant 2 er *en*. I tillegg fekk eg eit par treff på varianten *e* blant informantane frå Stavanger byarkiv og ein eldre informant frå 2010. På grunn av at denne varianten viste seg å vera lite frekvent, vert ikkje denne varianten inkludert.

I tillegg har eg søkt opp *ei* som ord i *Talebaken*, og registrert førekomst av artikkelen når han ikkje står i prenominal posisjon, men i referensiell posisjon utan eit etterfylgjande nomen. Det kjem eg tilbake til seinare i neste kapittel.

5.6.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 21: Variabel 3, etter opptaksår, skåre i prosent

Opptaksår	ei		en		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
1981/82	30	37,5	50	62,5	80
2010	84	41,8	117	58,2	201
					281

Det er høgare førekomst av varianten *en* samanlikna med varianten *ei* frå alle opptaksåra. Varianten *en* utgjorde 62,5 prosent i 1981/82 og 58,2 prosent i 2010. Ser ein utelukkande på opptaksåra, er det fleire treff på varianten *ei* frå 2010 enn i dei to andre opptaksåra. Likevel er ikkje denne auken så stor at ein kan slå fast at *ei* er i ekspansjon.

5.6.2 Alder

Tabell 22: Variabel 3, fordelt etter alder, skåre i prosent

Opptaksår	ei		en		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre					
1982	23	20,8	42	79,2	65
2010	50	56,8	38	43,2	88
Midaldra					

2010	26	29,2	63	70,8	89
Yngre					
1981	7	47,9	8	59,2	15
2010	8	36,4	16	63,6	24

Som forventta finn ein størst førekomst av varianten *en* hjå dei eldre informantane frå 1982. Mange av desse snakkar finspråk eller har mange trekk frå dht. Samstundes er det heile 20 % treff på varianten *ei* framføre hokjønnsord blant denne aldersgruppa. Hjå dei yngre og midaldra Størst førekomst av varianten *en* finn ein hjå dei midaldra og yngre informantane. Berre blant dei eldre informantane frå 2010 er det fleire treff på varianten *ei* samanlikna med *en*, med nesten 57 prosent bruk av varianten *ei* framføre feminine nomen. Det ser ut til at denne variabelen ikkje står så sterkt i talemålet i Stavanger, noko som er i tråd med funna til Johannessen (2020, s. 114): Ho trekker fram såkalla «hybridformer», der den prenominala artikkelen ikkje kongruerer med hovudleddet.

Blant dei midaldra er det særskilt to mannlege informantar som trekker opp førekomsten av den finare varianten *en*. Samanlikna med dei andre informantane i den same aldersgruppa, framstår altså talemålet til desse to informantane «finare» (jf. 3.6) enn sine jamaldrande.

5.6.3 Kjønn

Tabell 23: Variabel 3, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent

1981/82	ei		en		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	4	18,2	18	81,8	22
Menn	19	44,2	24	55,8	43
					65

Tabell 24: Variabel 3, fordelt etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent

2010	ei		en		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	39	43,3	51	56,7	90
Menn	45	40,5	66	59,5	111
					201

Når ein fordeler variabelen på kjønn, finn ein interessante funn. For det første ser det ut til at variabelen held seg påfallande stabil blant dei mannlege informantane. Fordelinga av variantane *ei* og *en* har altså ikkje endra seg stort frå dei opptaksåra 1981/82 til 2010. Prosentskåren blant kvinnene har derimot endra seg i større grad. Frå opptaksåra 1981/82 var det særleg låg førekomst av varianten *ei* med ein prosentskåre på berre 18,2. Men i 2010 har denne varianten auka til 43,3 prosent, som er høgare enn førekomsten av varianten *ei* blant mennene (40,5 prosent).

5.7 Variabel 4: Demonstrativ possessiv i prenominal posisjon

Både variabel 4 og 5 tek for seg forma på possessivet når hovudleddet i nomenfrasen er feminint eintal (sjå 3.6.3.3). Variabel 4 tek for seg forma på possessivet når det står *framom* nominalet. Det kallar eg for prenominal heretter. Eg ser på førekomsten av dei to ulike variantane *mi* og *min*, der eg reknar *mi* som tradisjonell for Stbm. Denne varianten er òg markør for genus.

Grunnen til at variabelen er delt i to er at eg antar det er lettare å bøya tilhøyrande ord i samsvar med genus når hovudleddet i nominalfrasen kjem *før* dei frittstående kongruenselementa. I nominalfrasar der possessivet er etterstilt, er det grammatiske kjønnet på nominalet allereie etablert, då substantivet er bøygd med uttrykt bestemtheitssuffiks.

5.7.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 25: Variabel 4, etter opptaksår, skåre i prosent

Årstal	mi		min		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
1981/82	1	5,9	16	94,1	17
2010	4	30,8	9	69,2	13
					30

Jamt over er varianten *min* mest frekvent. Skilnaden er minst frå det nyare talemålsopptaket, der varianten *mi* utgjør ein tredel av alle treffa. Her må eg minna lesaren på at ein midaldra kvinneleg informant aleine står for 6 av varianten *min* frå 2010. Slike individuelle fraseringar og talemåtar kan potensielt overdriva den kvantitative verdien av éin variant.

Fordelinga mellom opptaksåra for denne variabelen er òg interessant. Sjølv om variablane ser nokså like ut med tanke på frekvens, er det viktig å poengtera at

talemålsopptaket frå 2010 er større enn 1981/82. Datamaterialet er kanskje ikkje stort nok til å sikra ein representativ førekomst av denne variabelen. Likevel er det verdt å merka seg at det ikkje er treff på denne variabelen blant den yngre aldersgruppa, som ein kan sjå på tabellen nedanfor, noko som kan tyda på at dette språktrekket er på veg ut av talemålet i Stavanger. Eg kjem tilbake til denne variabelen i neste kapittel.

5.7.2 Alder

Tabell 26: Variabel 4, fordelt etter alder, skåre i prosent

Opptaksår	mi		min		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre					
1982	23	20,8	42	79,2	17
2010	4	57,4	3	42,6	7
Midaldra					
2010	0	0	6	100	6
Yngre					
1981	0	0	0	0	0
2010	0	0	0	0	0

Det er ingen av dei yngre informantane frå 1981 som bruker possessiv framom det feminine nominalet. Det er heller ingen av dei yngre informantane frå 2010-materialet om bruker possessivet i denne posisjonen. Blant dei midaldra informantane er det generelt sett få treff, der éin informant står for heile bruken av variabel 5. Blant dei eldre informantane i 2010 er det noko større førekomst av varianten *mi* enn *min*. Dei eldste informantane frå Stavanger byarkiv bruker varianten *min* meir enn *mi*. Interessant nok er det ein prosentskåre på heile 21 prosent på varianten *mi* blant denne aldersgruppa.

5.7.3 Kjønn

Tabell 27: Variabel 4, opptaksår 1981/82, fordelt etter kjønn, skåre i prosent

1981/82	mi		min		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinne	0	0,0	7	100,0	7

Mann	1	10,0	9	90,0	10
					17

Tabell 28: Variabel 4, opptaksår 2010, fordelt etter kjønn, skåre i prosent

2010	mi		min		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinne	3	25,0	9	75,0	12
Mann	1	100,0	0	0,0	1
					13

5.8 Variabel 5: Demonstrativ possessiv i postnominal posisjon

I variabel 5 undersøker eg forma på possessivet i *etterstilt* posisjon, det vil seia når possessivet står *etter* det feminine nominalet. Denne variabelen har variantane *mi* og *min*. Eg reknar varianten *mi* som genusmarkør.

5.8.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 29: Variabel 5, etter opptaksår, skåre i prosent

	mi		min		SUM
Årstal	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
1981/82	3	100	0	0	3
2010	46	83,6	9	16,4	55
					58

Med 58 treff er postnominalt possessiv nesten dobbelt så frekvent samanlikna med prenominalt possessiv med sine 29 treff. Det er ingen førekomst av postnominal *min* etter feminina, berre *mi*. Blant informantane i 2010-opptaket utgjer varianten *mi* nesten 84 prosent av alle treffa innom denne variabelen, medan dei eldre opptaka berre har 3 treff på possessiv etter feminina. Til samanlikning er førekomsten berre 31 prosent når possessivet står framom nominalet, som tidlegare vist i tabell 26 ovanfor. Det er altså ein klar tendens: det er høgare grad av genuskongruens av denne variabelen dersom possessivet vert plassert *etter* det feminine nomenet.

5.8.2 Alder

Tabell 30: Variabel 5, etter alder, skåre i prosent

Opptaksår	mi		min		SUM
	N	%	N	%	N
Eldre					
1982	2	100	0	0	2
2010	23	100	0	0	23
Midaldra					
2010	15	88,2	2	11,8	17
Yngre					
1981	1	100	0	0	1
2010	14	93	1	7	15

Når possessivet er etterstilt er det fleire treff på denne variabelen blant alle aldersgruppene, utanom dei eldre informantane frå 1982-materialet, som berre plasserer possessivet etter det feminine nomenet to gonger i talemålsopptaket. Men begge gongene er det samsvarsbøygde med varianten *mi*.

Det er òg høgare prosentskåre av den samsvarsbøygde varianten *mi*, samanlikna med variabel 5, altså når possessivet står *framom* nominalet. Ein finn to treff på bruk av varianten *min* blant dei midaldra og eitt treff blant dei yngre i 2010. I dei tre tilfella der informantane bruker den maskuline forma, er det feminine substantivet bøygde med bestemtheitssuffikset *-en*. Det «opnar» såleis opp for varianten *min* ved at informanten kategoriserer hovudleddet i nominalfrasen som maskulinum.

5.8.3 Kjønn

Tabell 31: Variabel 5, etter kjønn, opptaksår 1981/82, skåre i prosent

1981/82	mi	min	SUM

Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	0	0	0	0	0
Menn	3	100	0	0	3
					3

Tabell 32: Variabel 5, etter kjønn, opptaksår 2010, skåre i prosent

2010	mi		min		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	20	74,1	7	25,9	27
Menn	26	92,9	2	7,1	28
					55

2010-materialet gir eit godt samanlikningsgrunnlag fordi førekomsten av variabelen er tilnærma likt fordelt blant kvinner og menn, med høvesvis 27 og 28 treff. Menn bruker nesten ikkje varianten *min*. Prosent-skåren er likevel på 7,1 i tabell 33 på grunn av lite belegg på denne variabelen. Blant kvinnene er varianten *min* meir frekvent med ein skåre på nesten 26 prosent. Frå opptaksåra 1981/82 bruker ikkje kvinner possessiv etter feminina. Førekomsten blant menn er òg låg, med berre tre treff til saman.

5.9 Variabel 6: Determinativ

Variabelen inkluderer determinativ som ikkje kan kategoriserast som kvantorar, demonstrativ eller possessiv. Kongruens med grammatisk hokjønn kan koma til uttrykk i bestemt form eintal, som presentert tidlegare i 3.6.3. Variabelen har endingane *a* og *e* som variantar.

Her gir eg eit samla oversyn over determinativ som står i ein relasjon til eit feminint nomen. Under arbeidet med kodinga annoterte eg med ei todeling mellom prenominale og postnominale determinativ. Dei fleste determinativane var plasserte framføre hovudleddet i frasen; 23,3 prosent av determinativane var derimot postnominale. Her vert determinativ presentert under ein og same variabel. I neste kapittel vert determinativane diskutert grundigare.

5.9.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 33: Variabel 6, etter opptaksår, skåre i prosent

Årstal	a		e		SUM
	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
1981/82	2	100	0	0	2
2010	8	27,6	21	72,4	29
					31

Ser ein på tabellen ovanfor ser ein at førekomsten av determinativ som står i relasjon til feminint nomen er særst låg. Når resultatet av denne variabelen er fordelt ut etter sosiale bakgrunnsvariablar i tabellane nedanfor, resulterer det at det empiriske grunnlaget er tynt. Frå alle 31 treffa der determinativ står til eit feminint nomen, får determinativ *e*-ending vesentleg oftare enn *a*-ending. Det er høgare førekomst av denne variabelen frå det nyaste datamaterialet. Til saman kongruerer determinativ med feminint nomen 28 prosent av dei 29 treffa i talemålsmaterialet frå 2010. Frå opptaka i 1981 og 1982 er det berre to treff til saman på determinativ. Begge gongene det er i bruk, er det genuskongruens med bruk av *a*-ending.

5.9.2 Alder

Tabell 34: Variabel 6, etter alder, skåre i prosent

	a		e		SUM
Opptaksår	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre					
1982	1	100	0	0	1
2010	4	80	1	20	5
Midaldra					
2010	3	17,6	14	82,4	17
Yngre					
1981	1	100	0	0	1
2010	1	14,3	6	85,7	7

Det er høgast treff av denne variabelen blant dei midaldra informantane, med til saman 17 treff. Blant denne aldersgruppa får determinativ som står til eit feminint nomen *e*-ending markant oftare enn *a*-ending. Variant *e* førekjem også oftast blant dei yngre informantane. Frå 2010-materialet er det berre eitt treff på *a*-ending. Det er høgare førekomst av varianten *a* blant dei eldre informantane i 2010.

5.9.3 Kjønn

Tabell 35: Variabel 6, fordelt etter kjønn, skåre i prosent

	a		e		
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	6	31,6	13	68,4	19
Menn	4	33,3	8	66,6	12
					31

I tabellen ovanfor er opptaksåra 1981/82 og 2010 samla. Det er tilsynelatande ikkje skilnader mellom kvinner og menn når det kjem til variabelen. Likevel er det så få treff at det er vanskeleg å trekka slutningar knytte til blant anna kjønn. Alt i alt er variant med *e*-ending mest frekvent blant informantane.

5.10 Variabel 7: Frekvente adjektiv

Visse frekvente adjektiv kongruerer med genus i bestemt form eintal. Mange av desse frekvente adjektiva vert òg bøygd i superlativ (jf. 3.6.3.2). Adjektiv kongruerer med hokjønn etter same mønster som determinativane (variabel 7). Her har eg søkt opp adjektiv i datamaterialet og lytta til realisering av allomorfen når adjektivet står i eit forhold til feminina. Variabelen har to variantar: endingane *a* og *e*.

Som gjort greie for i 3.6.3.2.1 vil adjektivet *liten* få andre bøyingsendingar når det står til feminina. I motsetnad til andre adjektiv, kan det bøyast i samsvar med genus sjølv i ubestemt form. I heile datamaterialet var det berre ni treff på adjektivet *liten* i relasjon til feminina. I tillegg er det registrert to treff på dette adjektivet i bestemt form der adjektivet får segmentert konsonant. Det kjem eg tilbake til i neste kapittel. Eg registrerte tre ulike variantar: *liden*, *lidå* og *lide*. Siste varianten tolkar eg ikkje som om ein «avkorta» eller nøytralisert undervariant av *liden*. Bakgrunnen for denne tolkinga ligg i lyd kvaliteten: Eg kunne merkbar høyra at informantane uttalte denne annleis enn når *lite* står til nøytrum. Konkret sett uttalte informantane varianten som [²li:de], ikkje som [²li:də]. Med berre to treff på *lide*, er det uråd å definera denne endinga som eigen allomorf. I denne delen reknar eg varianten *lide* som ein genusmarkør på lik linje med *lidå*. Vidare, for å forenkla presentasjonen av variabelen, er varianten *liden* plassert i lag med varianten *e* og kongruensparet *lidå–lide* er plassert i lag med varianten *a*.

5.10.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 36: Variabel 7, etter opptaksår, skåre i prosent

Årstal	a		e		SUM
	N	%	N	%	N
1981/82	3	6,7	14	93,3	17
2010	11	34,6	21	65,4	32
					49

Generelt sett er det få treff på denne variabelen i datamaterialet. Av dei 49 treffa er det flest treff på *e*-ending: I likskap med variabel 6 står variant *a* for om lag ein tredel når adjektiv

står til eit feminint nomen blant informantane frå 2010-materialet. Frå dei eldre talemålsopptaka er det berre eit treff på at adjektiv frå *a*-ending.

5.10.2 Alder

Tabell 37: Variabel 7, fordelt etter alder, skåre i prosent

	a		e		SUM
Opptaksår	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Eldre					
1982	3	20	13	80	15
2010	4	31	9	69	13
Midaldra					
2010	7	53,9	6	46,1	13
Yngre					
1981	0	0	1	100	1
2010	1	14,3	6	85,7	7

Når variabelen er fordelt etter aldersgruppene, er det lågast førekomst av denne variabelen blant dei yngre informantane. Som diskutert tidlegare i metodekapittelet kan dette ha samanheng med at det er generelt mindre tale blant dei yngre informantane samanlikna med dei midaldra og eldre. Ser ein på den yngre aldersgruppa er det til saman berre seks treff, og alle er med varianten *e*. Det er altså ingen informantar i denne aldersgruppa som bruker varianten *a*.

Samanlikna med dei andre aldersgruppene, bruker dei eldre og midaldra informantane frå 2010-materialet meir varianten *a*. Informantane frå Stavanger byarkiv bruker nesten utelukkande *e*-ending; det er berre eitt einaste treff på *a*. Ein kunne kanskje ha forventa å sjå tilsvarende variasjon innom determinativane frå tabell 39 ovanfor, men det er berre eit einaste treff frå 1982.

5.10.3 Kjønn

Tabell 38: Variabel 7, fordelt etter kjønn, skåre i prosent

	a		e		SUM
Kjønn	<i>N</i>	%	<i>N</i>	%	<i>N</i>
Kvinner	7	25,9	20	74,1	27
Menn	8	36,4	14	63,6	22
					49

Fordelinga blant menn og kvinner er relativt lik som determinativane (variabel 6) skildra ovanfor. Prosentskåren viser at dei mannlege informantane bruker variant *a* i litt høgare grad enn kvinnene.

5.11 Informantar

Som nemnt innleiingsvis har eg trekt ut tre informantar frå talemålsopptaket til Aasen (2011). For at informantane skal representera si eiga aldersgruppe, består desse av ein yngre, ein midaldra og ein eldre informant. Med andre ord er ikkje informantane trekt ut heilt tilfeldig, som diskutert tidlegare i 3.6, har eg lagt mest vekt på informantar som snakkar Stbm. Språktrekka typisk for det høgare talemålet (dht.) er det færre og færre som bruker.

Informantane vert presenterte i sine respektive tabellar, for å gje ei god oversikt over den intraindividuelle variasjonen. I første kolonne i tabellen er variablane nummererte. I andre kolonne er variablane framstilte på ein forenkla måte med variantar. Eg har delt inn variantane i to, på bakgrunn av drøftinga i neste kapittel (6.1).

5.11.1 Informant 411

Informant 411 er ein mannleg informant fødd i 1995. Hausten 2010 gjekk han på ein ungdomsskule i Stavanger sentrum (sjå 4.2.1). Han kjem frå Storhaug, som er ein av dei mest sentrumsnære bydelane av Stavanger (sjå figur 2). Han spelar i rockeband på bydelhuset på Tasta. Talemålet hans er folkeleg.

Tabell 39: Genuskongruens for informant 411, skåre i prosent

Variablar	Variantar	
	+ genuskongruens	– genuskongruens

		<i>N</i>	%	<i>N</i>	%
1	b. f. eintal. fem. <i>å / en</i>	5	100	0	0
2	svake fem. ub. f. eint. <i>a / en</i>	1	100	0	0
3	artikkel <i>ei / en</i>	2	66,7	1	33,3
4	prenom. possessiv <i>mi / min</i>	0	0	0	0
5	postnom. possessiv <i>mi / min</i>	1	100	0	0
6	determinativ <i>a / e</i>	0	0	0	0
7	adjektiv <i>a / e</i>	0	0	0	0

Han bruker artikkel framfor hokjønnsord tre gonger. Den eine gongen han bruker varianten *ei* er under ein seanse der intervjuaren viser bilete, deriblant av *ei bursdagskaga*. Han bruken varianten *en* framfor det sterke hokjønnsordet *stund*. Det var ingen treff på svake hokjønnsord i bestemt form eintal, berre sterke, som han kongruerte med *å*-ending alle gongene. Det er altså ikkje grunnlag for å slå fast at han kategoriserer sterke feminina som maskulinum, sjølv om han plasserer *en* framom *stund*. Kongruensen hans er interessant med tanke på at sterke hokjønnsord får oftare bestemtheitsmorfemet *en* i forhold til dei svake hokjønnsorda (jf. 5.3.4). Det er få eller ingen treff på dei lågfrekvente variablane, 5 til 8. Sjølv om han ikkje bruker *e*-infinitiv ofte, er prosentskåren høgare samanlikna med dei andre informantane.

5.11.2 Informant 408

Informant 408 er ein midaldra kvinne frå bydelen Tasta. Ho er fødd i 1965, og var om lag 45 år gammal ved opptakstidspunktet. Ho har gått på høgskule. Ho opplever at ho snakkar tilnærma likt som då ho var lita. I intervjuet verkar ho ikkje bekymra over språkendingar; i staden for ser ho på det som ein refleksjon som går i takt med samfunnsendingane i Stavanger generelt sett.

Tabell 40: Genuskongruens for informant 408, skåre i prosent

Variablar		Variantar			
		+ genuskongruens		– genuskongruens	
		<i>N</i>	%	<i>N</i>	%
1	b. f. eintal. fem. <i>å / en</i>	16	76,2	5	23,8
2	svake fem. ub. f. eint. <i>a / en</i>	3	50	3	50
3	artikkel <i>ei / en</i>	2	40	3	60
4	prenom. possessiv <i>mi / min</i>	0	0	0	0
5	postnom. possessiv <i>mi / min</i>	6	66,7	2	33,3
6	determinativ <i>a / e</i>	1	50	1	50
7	adjektiv <i>a / e</i>	2	100	0	0

Den midaldra kvinna har eit utbygd genussystem med tradisjonell kongruens med femininum. Samstundes er det variasjon. Feminina i bestemt form får oftare *å*-ending enn endinga *en*. Ho bruker berre etterstilt possessiv, som ho kongruerer med varianten *mi* 66,7 prosent av gongene. Adjektiv og determinativ kongruerer ho med hokjønn, utanom eitt tilfelle der ho bruken endinga *e*. Likevel er det vanskeleg å konkludera frå fire treff. Sjølv om ho bruker utelukkande *a*-infinitiv, får hokjønnsord i ubestemt form eintal *a*- og *e*-ending like mange gonger. Basert på resonnementet i 3.6.3.5, er det nærliggande å tru at *a*-infinitiven og *a*-ending av svake fem. ub. f. eint. støttar kvarandre. Det er likevel ein disproporsjonal representasjon, då det er mange fleire treff på infinitivsmorfemet enn svake fem. ub. f. eint.

5.11.3 Informant 427

Den siste informanten, 427, er ei eldre kvinne fødd i 1949. Ho kjem frå bydelen Hillevåg, som ligg sør for Stavanger sentrum. Høgaste fullførte utdanning er vidaregåande opplæring. Ho har eit folkeleg talemål som ligg nært opp til Stbm.

Tabell 41: Genuskongruens for informant 427, skåre i prosent

Variablar		Variantar			
		+ genuskongruens		– genuskongruens	
		<i>N</i>	%	<i>N</i>	%
1	b. f. eintal. fem. <i>å / en</i>	5	62,5	3	37,5
2	svake fem. ub. f. eint. <i>a / en</i>	6	66,6	3	33,4
3	artikkel <i>ei / en</i>	6	66,6	3	33,4
4	prenom. possessiv <i>mi / min</i>	2	100	0	0
5	postnom. possessiv <i>mi / min</i>	2	100	0	0
6	determinativ <i>a / e</i>	0	0	0	0
7	adjektiv <i>a / e</i>	0	0	0	0

Tabellen til den eldre kvinna frå Hillevåg skil seg ut frå tabellane til dei andre informantane: Ho bruker possessiv både prenominalt og postnominalt. Alle fire gongene kongruerer ho med varianten *mi*. Interessant nok har variabel 1 og 2 tilnærma lik prosentskåre, trass i at dei er ganske ulike variablar. Hokjønns substantiv vert stort sett bøygd med dei genuskongruerte formene, i tråd med tradisjonelt *a*-mål. Det er likevel ikkje førekomst av determinativar og adjektiv i feminine nominalfraser. Det hadde vore interessant å få oversyn over fordelinga hennar av desse variablane.

6 Drøfting av resultat

I dette kapitlet kjem eg til å summera opp resultatata frå førre kapitlet. Eg freistar å gje eit overordna blick og undersøker om det er eit gjennomgåande mønster i talemålet. Først rettar eg blikket mot feminine *artiklar*, som inkluderer fleksjon og endingane av hokjønns substantiv, variabel 1, 2 og 3. Etterpå drøftar eg variablane med mindre belegg. Først ut er variabel 4 og 5 som tek for seg førekomsten av *mi*. Så drøftar eg resultatata for variabel 6 og 7, frekvente determinativ og adjektiv. På grunn av lite belegg på visse variablar, har det vore utfordrande å sjå samanhengen mellom språk og sosiale variablar som alder og kjønn. Det har ført til at eg har gått djupare på enkelte døme, som belyser noko interessant om grammatisk hokjønn i talemålet. Undervegs i kapitlet trekker eg fram akutelle døme som ikkje kom med i dei kvantifiserte tabellane i kapittel 5.

I drøftinga kjem eg til å leggja liten vekt på dei eldre informantane frå 1982. I metodekapitlet kommenterte eg i kva grad desse informantane er representative for dialekta. Etter å ha lytta på talemåten deira, representerer dei eit Stavanger som ikkje finst lenger. Dei bruker konservative språkformer. I tillegg snakkar dei ei høgstatusosiolekt (dht.) som ikkje lenger er aktuell for Stavanger. Dei er inkluderte i tabellane i kapittel 5 for å belysa at sjølv om talemålet er eit togenussystem, finst det likevel variasjon blant språkbrukarane.

Eg kastar først og fremst blikket mot den sosiale variabelen alder, for å sjå om ein ser tendensar til framtidige språkendingar eller endring av genussystem. Til slutt drøftar eg resultatata for kjønn, før eg tek ei ny vurdering av metoden min i lys av resultatata. Mot slutten av kapitlet drøftar eg metoden og datamaterialet eg har brukt i lys av resultatata mine.

6.1 Markør for genus

Nedanfor har eg samla alle variablane i ein tabell. Variantane er plasserte i to ulike kolonnar. I den midtre kolonnen finn ein dei tradisjonelle formene som eg reknar som markørar for genus. Desse finn òg ein igjen i andre *a*-mål innom dei sørvestlandske målføra, som har eit operativ tregenussystem. I den høgre kolonnen er dei formene som ligg nærmare eit togenussystem der feminint kjønn er redusert eller har falle saman med maskulinum. Desse formene finn ein for så vidt igjen i det høgare talemålet (dht.).

Tabell 42: Variabel 1–8 med variantar

Variabel		Genuskongruens med femininum	Redusert genuskongruens
1	bøyingsmorfem fem. b. f. eint.	<i>å</i>	<i>a / en</i>
2	endingsmorfem av svake fem. ub.f. eint.	<i>a</i>	<i>e</i>
3	den ubestemte hokjønnsartikkelen	<i>ei</i>	<i>en</i>
4	prenominal possessiv, 1. person	<i>mi</i>	<i>min</i>
5	postnominal possessiv, 1. person		
6	frekvente determinativ	<i>a</i>	<i>e</i>
7	frekvente adjektiv		

6.2 Feminina og artiklar

Sidan opptaksåra 1981 og 1982 er slegne saman i resultatdelen, er det meir gunstig å sjå på feminina og artiklane i lys av alder. Dei eldre informantane frå 1982-opptaket skil seg ut frå resten. I denne aldersgruppa er det ein overvekt av informantane som snakkar formelt eller nært dht. Det er reflektert i frekvensfordelinga av varianten *å*-ending av bestemt form eintal feminina (variabel 1), med berre 20 prosent førekomst av denne varianten. Den eldre aldersgruppa i 2010 opererer derimot med hokjønn, og samsvarsbøyer i mykje større grad med bruk av genusmarkøren *å*. Den same tendensen ser ein igjen i variabel 3, den ubestemte artikkelen. Den eldre aldersgruppa frå 1982 bruker i all hovudsak den maskuline varianten *en*, med ein førekomst på nesten 80 prosent. Sjølv om dei eldre informantane frå 2010 tilsynelatande opererer med eit tregenussystem, står variabel 3 svakare samanlikna med variabel 1.

Dersom ein undersøker dei andre aldersgruppene for variabel 3, ser det ut til at den tradisjonelle varianten *ei* er på retur. Dei yngre informantane i 2010 bruker varianten *ei* i mindre grad enn den same aldersgruppa i 1981. Gymnaselevane i 1981 kongruerer med den feminine varianten om lag halvparten av gongene, mot ein skåre på om lag 36 prosent blant dei yngre i 2010. Likevel er dette språktrekket mest redusert hjå dei midaldra informantane, som plasserer den maskuline varianten *en* framføre feminina heile 71 prosent av gongene. Tabell 19 i 5.6.2 viser uansett at denne variabelen ikkje står så sterkt i dialekta i Stavanger, uansett alder og opptakstidspunkt. Variabelen er med andre ord blant dei mest svekte

formene i talemålet, som også Johannessen (2020, s. 112) kommenterer i si masteroppgåve om talemålet i Stavanger.

Størst indikasjon på formell og dht.-nær tale hjå dei eldre informantane frå 1982, ser ein i variabel 2, endingsmorfemet av feminina i ubestemt form eintal. Desse bruker den maskuline varianten nesten 93 prosent av gongene. Blant dei eldre informantane frå 2010, er den tradisjonelle *a*-endinga mest frekvent med ein skåre på 62 prosent. Liknande prosentskåre finn ein hjå dei yngre informantane frå 1981, med om lag 67 prosent. Gymnaselevane produserer svake feminina i ubestemt form eintal berre 9 gonger (sjå 5.4.2), så det er vanskeleg å trekka ei representativ slutning frå denne aldersgruppa. Når det kjem til endingsmorfemet av svake fem. ub. f. eintal (variabel 2), ser det ut til at dette språktrekket ikkje står like sterkt. Dei midaldra og yngre aldersgruppene i 2010 bruker oftast den maskuline endinga *e*, med ein skåre på 68 og 67 prosent. Ein skulle kanskje tru at dersom svake fem. i ubestemt form får oftare maskulin ending, vil det ha overføringsverdi på bøyingsendinga i bestemt form eintal (variabel 1). Likevel ser det ikkje sånn ut. Ser ein på tabellane i 5.3.4.1, ser ein at dei yngre informantane i 2010 ikkje gjer skilnad på svake og sterke feminina; dei gir den feminine genusmarkøren *å* signifikant oftare enn den maskuline, med ein skåre på høvesvis 65 og 69 prosent. Situasjonen er ikkje lik hjå dei midaldra. Der er tendensen meir lik som dei eldre informantane frå 2010. Sterke feminina får den feminine kongruensvarianten *å* 46 prosent av gongene. Denne førekomsten er markant lågare samanlikna med dei svake feminina, som kongruerer i bestemt form 72 prosent av gongene.

6.2.1 Hybridformer

I motsetnad til funna mine, skissert i 5.4.1, var endingsmorfemet av feminina i ubestemt form eintal eit språktrekk som stod sterkt i talemålsmaterialet til Johannessen (2020, s. 69). Derimot står ikkje den prenominala artikkelen like sterkt. Det har skapt såkalla *hybridformer*, som til dømes «ein veska» (Johannessen, 2020, s. 98). Det er altså maskulin artikkel *en* i kombinasjon med hokjønnsord med det tradisjonelle endingsmorfemet *a*. Johannessen (2020, s. 113) kommenterer at same forma er òg påvist blant yngre talarar i Tromsø. Sjølv fann eg berre eitt døme på liknande hybridform i talemålsopptaka: *en hytta*, sagt av ei midaldra kvinne i 2010.

Frå talemålsmaterialet eg har undersøkt, fann eg ein annan tendens: Den prenominala artikkelen varierer avhengig om han står til eit sterkt eller svakt hokjønnsord. Informantane plasserer den maskuline artikkelen *en* framom dei sterke hokjønnsorda oftare enn dei svake. Denne observasjonen har eg ikkje kvantifisert og plassert i ein tabell; det er heller eit generell mønster som eg oppdaga og noterte undervegs i annoteringa. Med tanke

på at sterke hokjønnsord oftare får den maskuline fleksjonen *en* i bestemt form eintal (variabel 1) og oftare tek den prenominala artikkelen *en* (variabel 3), ligg det ein tendens at denne kategorien er utsett for reduksjon.

6.2.2 Reduksjon og de kategorisering

I 5.3.4 ser ein eit interessant mønster. Det er dei sterke hokjønnsorda som er mest utsette for maskulin fleksjon. Dei eldre frå 1982 gir svake hokjønnsorda tradisjonell genusmarkør *å* 33 prosent av gongene, medan dei sterke hokjønnsorda får *å*-ending 14 prosent av gongene. Den same tendensen finn ein òg hjå dei eldre og midaldra informantane i 2010, men skilnaden er ikkje like stor. Det var ei rekke sterke hokjønnsord som ikkje vart kategoriserte som femininum i det heile. Særleg problematiske var ord som *stund* og *skulder*. I talemålsopptaket i 2010 brukte informantane frå alle aldersgruppene former som *stunden* og *en stund*, framfor former som *stundå* og *ei stund*. Informantane kategoriserte også *skulder* konsekvent med maskuline former. Når visse historiske hokjønnsord kongruerer, er det moglegvis grunnlag nok for å diskutera om desse heller er hannkjønnsord i talemålet. Det er likevel utfordrande å dra diakrone utviklingslinjer for visse enkeltord, som dei to døma ovanfor. Først og fremst fordi ein ikkje kan slå fast kor tid ein overgang frå femininum til maskulinum skjedde. Sjølv om *stund* er kategorisert som femininum i rogalandske bygdemål (rbm.), er det problematisk å slå fast at desse orda har vore hokjønnsord i det heile tatt i bymålet.

Dersom ein går ut frå at *stund* og *skulder* har vore femininum tidlegare, er ein vitne til ein overgang til maskulinum. Det er relevant å stilla seg undrande til kva som er årsaka til denne de kategoriseringa. Som diskutert i 3.5.1.1 er analogisk motivert utjamning ein forklaringsmodell. Det vil seia at *stund* og *skulder* er de kategoriserte som fylgje generalisering etter mønster frå ein annan, meir frekvent språkleg konstruksjon. I dette tilfellet maskulinum. Når ein ser utelukkande på dei sterke hokjønnsorda, ser ein at den midaldra aldersgruppa gir maskulin bøyingsending 54 prosent av gongene, mot 28 prosent av dei svake. Også blant dei yngre og eldre informantane får dei sterke hokjønnsorda maskuline former i større grad.

Det er likevel interessant at sterke feminina viser seg å vera meir utsette for analogisk utjamning. Med tanke på at sterke feminina faktisk er *meir frekvente* enn svake feminina i det talemålsopptaka (sjå 5.3.4), skulle ein tru at denne kategorien ville halda seg i større. Det inneber at frekvens truleg ikkje er ein sentral årsak bak prosessen der sterke feminina

er meir utsette for genussamanfall. I staden for vil eg retta blikket mot sjølve forma av dei sterke hokjønnsorda. Svake feminina er meir markerte i talemålet med endingsmorfemet *a* i ubestemt form eintal. Sjølv om førekomsten av varianten *a* (variabel 2) ikkje stod så sterkt i talemålsopptaka, vil eg likevel definera denne som produktiv. I talemålsopptaket frå 1981 er det ein mannleg informant som bruker hybridforma *ei hard kjerna*. Ordet *kjerne* tilhøyrrer dei svake hannkjønnsorda, men har i dette tilfelle fått feminine former, hokjønnsartikkelen *ei* og *a*-ending. Dette eine kontradiktoriske dømet er sjølvstøtt ikkje nok grunnlag til å spekulera om svake feminina er *produktivt* i talemålet; i staden for peiker det på at (morfofonologisk) form påverkar genustilordninga i talemålet, som gjort greie for i 3.3.1.2. Det vil seia ord vert tilordna femininum basert på siste stavinga, som står i stil med tilordningsreglane til Trosterud (2001).

Også ei rekke svake hokjønnsorda var utsette for reduksjon. Frå det nyaste talemålsopptaket var det mange av dei yngre informantane som sa *oljen* i staden for *olja* for bestemt form eintal av *olje*. Særleg ein mannleg informant fødd i 1996 drog opp førekomsten av maskuline endingar. Eg trekker fram nett dette dømet, fordi uttrykksmåten «olja» har sett seg som eit veletablert uttrykk for når ein skal snakka om petroleumsproduksjonen på Vestlandet. Sidan intervjuaren er sjølv frå Stavanger, ser eg ikkje på akkommodasjon under opptaket som ein sterk faktor. Sidan det er først og fremst dei sterke hokjønnsorda som er mest utsette for reduksjon, er også analogisk utjamning usannsynleg i dette tilfellet. Som konsekvens er dei sterke hokjønnsorda som kan få overgang til maskulinum gjennom analogi. Eg kjem tilbake til kjelder til språkending i slutten av kapittelet.

6.2.3 Kriterium for genus?

Ein av variablane i prosjektet mitt er endingsmorfemet av fem. i ub. form eintal (variabel 2). I tabellen ovanfor definerer eg endinga *a* som ein markør for genus. Likevel, i lys av diskusjonen i teorikapittelet, kan ein stilla seg kritisk til om dette språktrekket faktisk er ein genusmarkør. Dette språktrekket oppfyller kanskje ikkje definisjonane for genus. Mange lingvistar lener seg på standarddefinisjonen til Hockett (1958, s. 231), som legg vekt på genus viser seg hovudsakleg i dei tilhøyrande orda. I denne avhandlinga støt eg meg til mellomposisjonen, at artiklar til ein viss grad uttrykkjer genus, så lenge dei korrelerer med kongruenseigenskapar (sjå diskusjon i 3.7.3). Men i talemålet i Stavanger endar ei rekke ord på trykklett /a/, som til dømes kvantorane *fira* og *åtta*. Det indikerer at *a*-endingane ikkje berre er knytte til feminina i ubestemt form eintal, men opptrer som ein slags «default» i

talemålet. Språktrekket hadde hatt ein sterkare funksjon som genusmarkør dersom svake hokjønnsord *berre* fekk endinga *a* når det står til den preminale artikkelen *ei*. I så fall utløyer hokjønnsartikkelen ein slags progressiv kongruens med *a*-ending. Som drøfta ovanfor, under 6.2.1, får likevel svake hokjønnsord *a*-ending, sjølv når det står til den maskuline artikkelen *en*. Vidare har ikkje dette språktrekket gått utover svake maskulina, sidan dei får *e*-ending i ubestemt form eintal. Det inneber at det er eit skilje mellom svake maskulina og feminina, som viser seg i siste stavinga. På bakgrunn av denne tilsynelatande enkle distinksjonen, kan ein kalla definera endinga som eit *morfem*, fordi det har ein meiningsberande funksjon.

6.2.4 Alder og språk

Alder spelar ein viktig rolle i frekvensfordelinga for variabel 1. Samstundes er det særskilt vanskeleg å trekka ei utviklingslinje for denne variabelen, fordi det er blant dei midaldra informantane at hokjønnsord er mest redusert. Blant dei eldre informantane i 2010 står den tradisjonelle genusmarkøren *å* sterkast, med skåre på 69 prosent. Dei yngre informantane frå 2010 har ein tilsvarande skåre på 66 prosent. Variabel 1 er med andre ord stabil. Frå resultatane ser det ut til at den tradisjonelle genusmarkøren held seg.

Når feminina er i ubestemt form eintal (variabel 2), påverkar alder frekvensfordelinga på ein annan måte samanlikna med variabel 1. Den feminine varianten *a* står sterkt blant dei eldre informantane frå 2010, med ein skåre på 62 prosent. Denne varianten står òg sterkt blant dei yngre informantane frå 1981, men eg må minna lesaren om at den totale førekomsten av variabel 2 er berre ni blant denne aldersgruppa. Blant dei yngre og midaldra informantane frå 2010-materialet er heller *e*-ending meir frekvent, med ein gjennomsnittleg skåre på 68 prosent (sjå 5.4.2). Endingsmorfemet av *fem.* i ubestemt form eintal er altså ein av dei mest svekte språktrekka.

Variabel 3 har relativt lik aldersvariasjon som variabel 2. Når det kjem til alder, ser det ut til at variabel 3 heng tett saman med bøyingsendinga i bestemt form (variabel 1). Det dannar seg ein tendens som viser at dei aldersgruppene som kongruerer med den tradisjonelle bøyingsendinga, brukar den feminine artikkelen *ei* i større grad enn dei andre aldersgruppene. Dette mønsteret ser ein blant dei eldre informantane frå 2010 som brukar den feminine forma *ei* i størst grad, samstundes som at dei brukar den feminine bøyingsendinga *å* meir enn dei andre aldersgruppene. Dei midaldra informantane er den aldersgruppa som har den høgaste skåren av den maskuline varianten *en*, med ein skåre på om lag 70 prosent. Dei har òg høgast skåre på bøyingsendinga *en*, sjølv om denne berre ligg

på 43 prosent. Blant dei yngre aldersgruppene frå 1981 og 2010 har ikkje varianten *en* like høg prosentskåre som dei midaldra.

Det finst likevel ikkje ein samla tendens for variablane ovanfor. Feminin bøyingsending i bestemt form eintal ser ut som å halda seg, òg blant dei unge språkbrukarane. Endingsmorfemet av ubestemt form eintal ser til å vera eit av dei mest svekte språktrekka. På ei anna side fann Johannessen (2020) motstridande resultat frå studien hennar av yngre mål i Stavanger. Vidare ser det ut til at den maskuline artikkelen er ekspansiv. I 3.8.1 la eg fram hypotesen om at dei yngre personane opererer med lågast grad av kongruens med femininum. Basert på drøftinga, stemmer ikkje denne hypotesen heilt. Det er snarare dei midaldra informantane som i størst grad bruker maskuline kongruensformer for grammatisk hokjønn. Denne hypotesen kjem eg tilbake fleire gonger seinare i drøftinga.

6.3 Possessiv

Grunnen til at eg ville sjå på førekomsten av *mi*, er fordi den fell inn under definisjonen som *tilhøyrande ord* og er ein genusmarkør i dei sørvestlandske talemål. Possessiva i 2. og 3. person (*di* og *si*) kongruerer etter same mønsteret. Eg såg likevel berre på possessivet i 1. person fordi det var effektivt å søka det opp i talemålskorpuset og lytta seg gjennom alle possessiv som stod til feminina.

Ser ein alle talemålsopptaka under eitt, er det ein samla førekomst på 88 treff på possessiv som står til femininum. Som presentert i førre kapittel, er den postnominale variabelen (variabel 5) meir frekvent enn den prenominalen (variabel 4) når det kjem til førekomst i datamaterialet. Samanliknar ein desse to variablane, er det ein tydeleg tendens til at den prenominalen er på veg ut av talemålet i Stavanger. Resultata viser at dei yngste aldersgruppene plasserer possessivet alltid *etter* nomenet.

Når possessivet står *føre* nomenet vil språkbrukarane bruka den maskuline forma *min*. Ser ein på den eldre aldersgruppa i 2010, er resultatet meir varierende, men med eit lita overvekt på den feminine *mi*. Når possessivet kjem *etter* nomenet, ser ein meir kongruens. Blant den eldre aldersgruppa står denne sterkast. Tendensen finn ein igjen hos dei andre aldersgruppene òg. Dette språktrekket står sterkt i talemålet i Stavanger, og er ikkje utsett for samanfall med maskulinum. Funna mine samsvarer godt med hypotesen min, der eg antok at etterstilt possessiv vil kongruera med grammatisk hokjønn meir enn den prenominalen possessivet.

6.3.1 Familierelasjonar

I mange norske dialekter, står possessiva i ei særstilling når ein skal snakka om familierelasjonar. Tradisjonelt sett vert possessivet plassert bakom nomenet, og ein droppar bøyingsuffikset, som til dømes *mor mi*. Det var mykje variasjon blant språkbrukarane i Stavanger når det kom til konstruksjonar som uttrykker familierelasjonar. Eg startar med døme frå ein midaldra mann frå det nyaste talemålsopptaket:

mine foreldre og syster mi og ungene

Han øyer *syster* i samsvar med possessivet *mi*, etter tradisjonelt mønster. Ei yngre kvinne fødd i 1995 seier

den andre stesystera mi

Her har ho både endinga *å* med den genuskongruerte *mi*. Men det er andre informantar i same aldersgruppe som formulerer seg annleis. Blant anna er det to unge menn, fødd i 1995 og 1996, som formulerer familierelasjonar to gonger på denne måten

søsteren min

Eksempelet er veldig interessant fordi informanten bøyer det animate *syster* som eit hannkjønnsord. Som konsekvens tek possessivet den maskuline forma *min*. Vidare fann eg to hybridformer. I det nyaste talemålsopptaket er det både ei midaldra kvinne og ei yngre kvinne som seier *mor min*. Her er det kombinasjon av tradisjonelt mønster, men det manglar genussamsvar mellom *mor* og possessivet. Eg viser til eit nytt eksempel:

en søster av min mor

Bak denne ytringa står ei eldre kvinne frå 2010-opptaket. Ho bruker både den ubestemte artikkelen og possessiv med maskulin variant, *en* og *min*, sjølv om ho snakkar om noko animat. At animate feminine nomen ikkje får kongruerte former med sitt biologiske kjønn, verkar ganske oppsiktsvekkande, spesielt fordi det er eit trekk som gjekk igjen blant fleire aldersgrupper når eg lytta etter variabel 4 og 5. Det vitnar om at animate nomen ikkje legg absolutte føringar på genustilordning.

6.4 Kongruens med pronomen

Corbett (1991, s. 13) hevdar at om ein kjenner til meininga til eit gitt nomen, kan ein fastslå det grammatiske kjønn. Døma ovanfor viser derimot at det er usikkert i kva grad animante,

altså levande nomen, legg føringar på kva genus nomenet får i talemålet, sidan dei bøyer ord som *mor* og *syster* som maskulinum. Samstundes noterte eg motstridande døme frå talemålsopptaka. Ei eldre kvinne omtaler sin tidlegare sjef som

hu sjefå vår

I dette tilfellet er referenten til ordet ei kvinne, og informanten gir aktuelle kjønnskarakteristika. Animate eigenskapar nullar ut det grammatiske kjønnet. Hybridforma *sjefå* vert truleg utløyst gjennom pronomenet *hu*, at informanten ønsker kongruens mellom pronomenet og substantivet. I tillegg observerte eg at adjektiv (variabel 7) fekk genuskongruens, utløyst av feminint pronomen (sjå 3.6.3.2). Eg tek med to nye døme:

hu yngsta datter mi

Den eldre mannen frå det nyaste talemålsopptaket gir feminin *a*-ending til superlativet *yngste*, slik at det får samsvar med det etterfylgjande *dotter*. Det same gjer ei midaldra kvinne:

hu yngsta, hu går på Jåttå

I begge desse tilfella er det pronomenet *ho*. Men det finst variasjon. Ein midaldra mann formulerer seg slik:

alstå hu eldste datra mi

Her har ikkje superlativet fått feminin *a*-ending. Likevel er det kongruens med bruk av *mi*. Det interessante her er at informanten bøyer nokre få hokjønnsord med *a*-ending, eit språktrekk som ikkje er typisk for talemålet i Stavanger.

I tillegg fann eg eit eksempel der det personlege kjønnet til avsendaren påverkar samsvaret. Den eldre kvinna bak ytringa ovanfor bøyer superlativet i tråd med sitt biologiske kjønn:

eg e den eldsta av tre søsken

Det ser ut som om pronomenet *ho* legg ein sterkare føring på genuskongruens enn den fysiske betydninga av eit ord. Som vist ovanfor, kan ord som *mor* og *syster* få maskulin kongruens.

6.5 Adjektiv og determinativ

Som gjort greie for i teorikapittelet, kan determinativ og adjektiv få genuskongruens i prenominal posisjon, så lenge nomenet er i bestemt form eintal. Under visse vilkår kongruerer dei med genus postnominalt, som til dømes etter pronomen (jf. 3.6.3.2). I talemålsopptaka har eg difor berre annotert dei determinativane og adjektiva som kan ta etter for genus. Med tanke på at dei kongruerer likt morfofonologisk, definerer eg dei som det same språktrekket i dette kapittelet.

Det er til saman 49 treff på adjektiv (variabel 7) og 31 treff på determinativ (variabel 6) som står til hokjønn. Av dei 81 treffa, finn ein determinativ og adjektiv i både prenominal og postnominal posisjon. I tillegg oppdaga genuskongruert adjektiv i predikativ posisjon. Det kommenterer eg grundigare undervegs. Under arbeidet med å annotera til riktig variant, registrert eg likevel at dei prenominala var hadde høgare førekosmt for både variabel 7 og 8. Tabellane i førre kapittel viser at språkbrukarane i større grad bruker maskulin fleksjon når det står til feminina. Det utgjer ein samla skåre på 70 prosent.

Med så låg frekvens, er det vanskeleg å drøfta desse resultatata i lys av sosiale variablar som alder og kjønn. Når ein fordeler variablane for alder, som vist i tabell 39 og 42, ser ein at det vanskeleg å danna eit mønster; variasjonen verkar derimot tilfeldig. For å sjå etter mønster, har eg slått saman variablane og fordelt dei utover alder nedanfor.

6.5.1 Aldersvariasjon

Tabell 43: Variabel 6 og 7, fordelt etter alder, skåre i prosent

Opptaksår	a		e		SUM
	N	%	N	%	N
Eldre					
1982	4	23,5	13	74,6	17
2010	8	44,4	10	55,6	18
Midaldra					
2010	10	33,3	20	66,6	30
Yngre					
1981	1	50	1	50	2
2010	2	14,3	12	85,7	14

I tabellen ovanfor er adjektiva (variabel) og determinativane (variabel) presentert i lag og fordelt utover alder. Aldersvariasjonen er relativt stabil. Om ein berre legg vekt på prosentskåren, ser det ut til at dei eldre informantane frå 2010 kongruerer i størst grad med *tilhøyrande ord* som adjektiv og determinativ. Den mest interessante aldersgruppa i tabellen er dei eldre frå Stavanger byarkiv. Sjølv om talemålet deira ligg nært dht., er det fire treff på feminine kongruensformer. Blant desse fire treffa, er det to døme som er særskilt interessante. Det første er sagt av ein eldre mann fødd i 1899:

ei lidå stund

Ein midaldra mann fødd i 1946 uttrykker seg tilsvarande:

opp te Tjensvoll ei lide stund

I begge eksempla kongruerer informantane til både artikkel og adjektiv, og det er eit sterkt hokjønnsord som set i gang kongruensformene *ei* og *lidå*. Som diskutert ovanfor i 6.2.2, er sterke hokjønnsord utsette for maskuline former, der mellom anna hokjønnsordet *stund* ikkje fekk tradisjonell *å*-ending i bestemt form eintal. Likevel utløyser *stund* feminin kongruens. Vidare registrerte eg adjektivet *liten* to gonger i bestemt form. I det første eksempelet er det ei eldre kvinne fødd i 1943 som seier:

den lille sriben opp

Denne informanten snakkar relativt pent. Det viser seg ved at det svake hokjønnsordet *stripe* ikkje får tradisjonell *å*-ending, men heller det maskuline bestemtheitssuffikset. Med tanke på at *stripe* vert bøygd som eit hannkjønnsord, får også adjektivet maskulin *e*-ending. Det andre eksempelet, uttrykt av ei eldre kvinne fødd i 1939, er kanskje meir interessant å ta tak i:

hu lille

I denne nominalfrasen står adjektivet i ein postnominal posisjon. Ein kunne ha forventa genuskongruert *a*-ending med her med tanke på at hovudleddet i nominalfrasen er animat. Her må eg skyta inn at det er heilt gangbart å seia *lilla* som adjektiv i dialekta, på grunn av at tonelag skil dei frå kvarandre: Adjektivet vert realisert som [²lilɑ], ikkje som fargen [¹lilɑ].

Med så låg frekvens må eg innfinna meg at det er vanskeleg å sjå samanheng med aldersvariasjon. Ut frå tabellen ovanfor ser ein variasjon, men ikkje ein tendens innanfor dei ulike aldersgruppene.

6.5.2 Hybridformer

Eg registrerte og noterte ned ein del hybridformer der det er inkongruens mellom hovudledd og determinativ. Mange av hybridformene vart sagt av den same informanten, ein yngre mann fødd i 1996. Eg trekker fram nokre eksempel:

heile tidå

Sjølv om det sterke hokjønnsordet får den genusmarkerte *å*-endinga, heng ikkje determinativet etter i same mønsteret. Denne informanten opererte stort sett med maskulin fleksjon av substantiv, noko som ein når han seinare uttrykker frasene *heile elven* og *heile tiden*. Informanten varierer mellom å gje ordet *tid* feminine og maskuline former. Denne intraindividuelle variasjonen finst også i genussystemet til ein av dei utvalde informantane, den midaldra kvinna frå Tasta (sjå 5.11.2). Frå tabellen henanr ser ein at ho bøyer adjektiv med feminint endingsmorfem *a*. Når determinativet står til feminina, får det både *a*-ending (1) og *e*-ending (2).

6.5.3 Hypotesetesting

I teorikapittelet la eg fram hypotesen om at frekvente adjektiv og determinativ vil få genuskongruens med feminina. Denne hypotesen stemmer for så vidt med resultata for variabel 7 og 8. Genuskongruens eksisterer, men på ei anna side er den maskuline varianten meir brukt i alle aldersgruppene. Alder spelar tilsynelatande lita rolle for dette språktrekket. På grunn av liten frekvens, er det for lite belegg til å koma med frampeik av desse variablane.

6.6 Kjønn og språk

På bakgrunn av diskusjonen i teorikapittelet (sjå 3.4.3) antok eg at kvinner vil ha færre tradisjonelle kongruensformer. Eg har difor lagt fram forskingsspørsmålet (hypotese 4) om at menn vil ta i bruk fleire feminine genusmarkørar enn kvinner.

Frekvensfordelinga for kjønn for dei ulike variablane heng tett saman med opptakstidspunkt. Ser ein på variabel 1, 2 og 4, er det stor kjønnsforskjell frå det tidlegare opptakstidspunktet. Frå dei 1981/82 ser ein at kvinner bruker mykje færre feminine former. Her ser ut til at grammatisk hokjønn ikkje er i operativ bruk i det heile tatt for dei kvinnelege informantane. Frekvensfordelinga av dei maskuline variantane heng saman med at dei eldre kvinnene frå talemålsopptaket i 1982, snakkar veldig «pent». Det er vanskeleg å vita i kva grad opptakssituasjonen forsterkar konservative variantar blant denne aldersgruppa.

Ser ein på det nyare talemålsopptaket, ser ein derimot at kjønn ikkje har så stor påverknad språkbruken. Me kan ta for oss variabel 1, hokjønn i bestemt form eintal. I tabell 13 vil menn bruke menn den tradisjonelle *å*-endinga marginalt meir enn kvinner. Kvinner bruker meir *en*. Likevel vil dei fleste kvinnene bøya hokjønn med genusmarkøren *å*. Det er ingen nemneverdige skilnader mellom menn og kvinner når det gjeld variabel 2, endingsmorfemet av svake hokjønnsord. Tendensen frå variabel 2 ser ein igjen i variabel 3: Kjønn gir lite utslag på prosentskåren av dei ulike variantane *ei* og *en*. For variabel 3 er det faktisk kvinnene som har høgast skåre av den feminine artikkelen *ei*, men skilnaden er uansett marginal (jf. 5.6.3).

6.7 Metodiske merknader

I denne avhandlinga har eg teke i bruk eksisterande talemålsopptak frå avhandlingane til Gabrielsen (1984) og Aasen (2011), sett på heilt andre variablar enn det som kanskje var tiltenkt. Talemålskorpus har vist seg å vera eit nyttig verktøy, fordi ein kan «gjenbruka» empiri for å belysa andre språktrekk. Dessutan sparer ein seg for mykje tid og arbeid med å finna informantar, for så å transkribera intervjuet etterpå.

Likevel bydde datamaterialet på fleire utfordringar. Konteksten rundt det sosiolingvistiske intervjuet opnar ikkje opp for heile den grammatiske breidda i språket. Når ein sit og fortel, bruker ein gjerne same formuleringane, berre i ny drakt. Det førte til at eg fekk mange treff på dei tre første variablane, men betydeleg mindre belegg av dei fire siste variablane. Mellom anna hadde eg planlagt å inkludera anaforar som ein språkleg variabel, men då eg gjekk i gang med lytting av datamateriale, innsåg eg at det ville ikkje la seg gjera.

6.7.1 Andre genusstudiar

Dei siste åra er det gjort studiar av grammatisk kjønn i byar som Trondheim og Tromsø. I desse studiane er det brukt ein eksperimentell metode, der informantane vart utsette for stimuli, altså bilete av ulike ting, i håp om å produsera substantiv med kongruensformer, som blant anna ubestemt artikkel og bøyingsending for bestemt form eintal (Westergaard & Rodina, 2016; Busterud mfl., 2021). Av til saman fem aldersgrupper i genusstudiane, var tre av dei i skule- og barnehagealder. Studiane opererte med få variablar, men med eit representativt utval av unge menneske.

Resultata frå Stavanger ikkje like dramatiske som i Trondheim eller Tromsø. Men det er ikkje uproblematisk å samanlikna studiane til Busterud mfl. (2021) med resultata

mine. Eg har basert meg på to opptak der det nyaste er over ti år gammalt. Dei yngste vart fødd i 1996, og er over 25 år i dag. Så resultatene eg har presentert i denne oppgåva er ikkje dagsfersk lenger. Dersom ønsket mitt var å samanlikna Stavanger med Trondheim og Tromsø, føreset det at eg måtta ha henta inn nye talemålsopptak.

Sjølv valde eg å ta med fleire variablar, i håp om å dekkja fleire språktrekk innom dialekta. Likevel viste det seg å vera vanskeleg å sjå samanheng mellom sosiale og språklege variablar det var så få belegg for i talemålsopptaka. Men då må ein kanskje ha ein annan form innhentinga av talemålsdata enn det sosiolingvistiske intervjuet. Slike *tilhøyrande ord* som adjektiv og possessiv – i tillegg til anaforar – vil nok dukka oftare opp i andre kontekstar, som leik, sportsaktivitetar og arbeid.

6.7.2 Arkemorfemet og *Talebanken*

Ein sær relevant variabel i denne avhandlinga hadde vore å undersøka det ubestemte fleirtalsmorfemet av maskulina og feminina (sjå 3.6.3.1.3). Med tanke på problemstillinga, hadde det vore sær relevant å kvantifisera førekomsten av fleirtalsendingane *er*, *ar* og *år* i talemålsopptaka. Vidare kunne ein ha undersøkt om maskuline og feminine substantiv framleis har opposisjon, altså sær eigne bøyingsendingar i ubestemt form eintal.

Ei slik variabel ville ha vore sær interessant med tanke på at dette er eit forholdsvis nytt og unikt fenomen for Stavanger, og fylgjeleg ikkje er gjort i tidlegare genusstudiar. I masteravhandlinga til Johannessen (2020) undersøkte ho førekomsten av /or/, men som ein variant av maskulinum i ub. f. fl. Men dette nøytraliseringsproduktet er interessant i lys av grammatisk kjønn. I så fall måtte ein ha kvantifisert førekomsten av *år*-ending for både maskulinum og femininum; det hadde gitt eit godt samanlikningsgrunnlag. Dessverre valde eg å stryka denne variabelen frå oppgåva. Tidleg i prosjektet prøvde eg å annotera maskuline og feminine ord i ubestemt form eintal til ein bestemt variant. Det viste seg å vera overraskande utfordrande å skilja mellom kortvokalane, og eg sleit med å gjenkjenna kva for *fon* som vart sagt føre den uvulære frikativen [ɣ]. Ei av årsakene er at vokalen i ubestemt form fleirtal er veldig kort. Ei anna utfordring ligg i vokalkvaliteten i talemålet. Fonemet /a/ vert realisert som [ɑ], som er meir bakre enn [a]. Det inneber at det er kort avstand frå [ɑ] til den bakre, halvhøg og runda kortvokalen. Eg oppfatta denne som allofonen [ɔ]. Under arbeidet med å annotera innsåg eg at eg ikkje klarte å gjenkjenna den aktuelle allomorfen.

Talebanken har ein audio-spelar med start-knapp. Denne spelaren gir òg moglegheit til å spola fram eller tilbake i opptaket. Likevel framstår denne spelaren datert, noko som

gjorde det vanskeleg å spola presist i opptaket. Audio-spielaren har heller ingen funksjon der ein kunne ha senka hastigheiten på opptaket. Med slike funksjonar på plass, kunne ein lettare ha gått i djupna på variablar som er utfordrande å lytta på.

6.8 Språkendring

Resultata viser stor variasjon blant informantane fordelt på dei ulike variablane. Ein sentral faktor til variasjonen er alder. Når ein skal undersøka endringar i språket, vil ulik variasjon fordelt på alder gje ein framtidig peikepinn på kva retning språket er på veg hen. Likevel er mange variablane veldig stabile. Aldersvariasjonen for bøyingsendinga av bestemt form eintal er stabil. Den stabile tendensen finn òg i postnominal possessiv der det er sterk genuskongruens med grammatisk hokjønn.

Aldersvariasjonen for den ubestemte artikkelen viser derimot at dette språktrekket kan vera på veg ut av språket. Sjølv om ikkje tabellen for sterke feminina i 5.3.4 peiker på at yngre totalt mister den feminine *å*-endinga, er det grunn til å tru at dette fenomenet er ekspansivt. Som drøfta tidlegare er det spesielt dei sterke hokjønnsorda som tek den maskuline forma *en*. Samstundes får dei sterke hokjønnsorda oftare *en* i bestemt form eintal, som drøfta i 6.2.2 Tendensen er at sterke feminina tek maskulin kongruensformer. Det er grunn til å tru at denne reduksjonen av sterke feminina har kome til talemålet frå eit anna sentra. Som gjort greie for i teorikapittelet, kan ein spekulera om Bergen fungerer som normsenter for Stavanger. At nye språktrekk til talemålet kjem hovudsakleg frå det bergenske talemålet. Ein annan ytre påverknadsfaktor er skriftspråket. Sjølv om mange sosiolingvistar hevdar at det er lite truleg at skriftspråket påverkar grammatikken i talespråket, fungerer det likevel som ei overordna norm i førestillingane våre (Aasen, 2011, s. 42). Det er vanskeleg å vita kor lenge Stavanger har hatt dette språktrekket, og kor innovasjonen kjem frå (viss det er ein innovasjon). Eg vil anta at dette fenomenet er ekspansivt, mellom anna fordi det vert støtta opp av internlingvistisk faktorar. Når forma *en* både fungerer som bestemtheitsartikkel og artikkel i ubestemt form, definerer me det som alliterativ kongruens. Ein slik utviklingstendens vil over tid føra til grammatisk forenkling, fordi den alliterative kongruensen vil utkonkurrera dei tradisjonelle formene, som er meir markerte (sjå 3.5.2.3).

Endingsmorfemet *a* er eit relativt svekt språktrekk i Stavanger. Aldersvariasjonen for variabelen viser påbegynnande reduksjon. I 2010 har varianten *a* berre ein førekomst på om lag 30 prosent blant dei midaldra og yngre språkbrukarane. Dette språktrekket har Stavanger til felles dialektene i sitt omland (rbm.), men òg dei sørvestlandske dialektene

lenger sør og nord. Eit talemål som ikkje har dette trekket, er talemåla i Bergensområdet. Eg antar at dette *e*-ending vert sett på som prestisje, medan den tradisjonelle *a*-endinga vil språkbrukaren i Stavanger sjå på som ruralt og breitt. Ein ser ein tendens til at det er dei midaldra språkbrukarane som bruker dette trekket i minst grad. Men blant dei unge er ikkje endinga *a* like redusert. Sidan Johannessen (2020) trekker fram at denne variabelen held seg stabil blant *unge språkbrukarar*, får det meg til å spekulera at denne variabelen er utsett for livsfaseendringar, der språkbrukarane endrar si språklege åtferd i løpet av livet. Frå ein person er myndig til han er etablert i jobb (midaldra) er det stor sannsyn for at han har fått vener frå andre stader av landet eller jobba ein periode utanfor heimbyen sin. Livsfaseendingsprosessen kan i dette tilfellet føra til at språkbrukaren vel vekk det som er *markert*, og ta i bruk den mest frekvente forma, altså trykklett /e/.

Når ein ser på determinativ og adjektiv i lag

7 Konklusjon

7.1 Oppsummering

I denne masteroppgåva har eg undersøkt sju språklege variablar frå eksisterande talemålsopptak frå Stavanger. Variablane eg har undersøkt er: Bøyingsmorfemet av hokjønn i bestemt form eintal; svake femininum i ubestemt form eintal; den ubestemte artikkelen framføre hokjønn; demonstrativ possessiv 1, person i prenominal og postnominal posisjon; frekvente determinativ og frekvente adjektiv. Førekomsten av dei ulike variantane er presentert i ulike kvantifiserte tabellar, fordelt på dei sosiale variablane alder og kjønn. Vidare har eg stilt forskingsspørsmål undervegs der eg presenterte hypotesar til datamaterialet.

I innleiinga la eg fram problemstillinga som eg har forsøkt å svara på.

Korleis realiserer språkbrukarane i Stavanger genuskongruens med femininum?

Språkbrukarane varierer i stor grad mellom dei ulike variablane eg har undersøkt. Talemålet får eigne kongruensformer og bøyingsendingar når ordet står til femininum. Likevel er det stor førekomst på maskuline former innom sterke hokjønnsord og den ubestemte artikkelen.

7.2 Vidare forskning

Som tidlegare drøfta i 4.2.3 og 6.7.1, vil andre metodar vera meir presise og valide dersom ein skal undersøka genussystemet til eit talemål. Den eksperimentelle metoden kunne også fungert i ein genusstudie i Stavanger-talemålet, for eksempel med endå yngre talarar. På ei anna side har det vore verdifullt å bruka talemålsopptak på ny for å undersøka ulike språktrekk, som støttar reliabiliteten til resultata.

Sidan språket er stadig i utvikling, kan ein danna eit betre bilete av utviklingstendensane dersom ein i framtida har yngre aldersgrupper med i studien. Yngre språkbrukarar representerer framtida og vil gje frampeik på korleis dialekta potensielt vil utvikla seg.

Ein variabel ein som treng grundig undersøking, er det ubestemte fleirtalsmorfemet, og undersøka førekomsten av det innovative nøytraliseringsproduktet *år* for både maskulina og feminina. Det kan gje oss betre forståing om kategoriane hokjønn og hannkjønn er i ein overgangsperiode mot felleskjønn.

Samandrag

I denne masteroppgåva har eg undersøkt korleis språkbrukarane i Stavanger realiserer og viser samsvar med grammatisk hokjønn. Empirien i studien er sosiolingvistiske talemålsopptak frå 2010 og 1981, i tillegg til eksterne intervju frå 1982. Opptaka er gjennomført av Kristine Nymark Aasen og Finn Gabrielsen, tidlegare hovudfagsstudentar ved Universitetet i Bergen, og inneheld aldersgruppene yngre, midaldra og eldre.

Talemålet i Stavanger kunne tidlegare delast opp i eit høgstatus- og ein lågstatusvarietet. I dag vert lågstatusdialekta rekna som den ekspansive og einerådande varieteteten i Stavanger. I undersøkinga har eg valt ut sju språklege variablar, der grammatisk kjønn avgjer kva for ei t som kongruerer med femininum og maskulinum.

Studien viser at det er stor variasjon mellom variablane. Samstundes ser det ut til at mange av variablane held seg stabile. Det er få ingen indikasjonar til genussamanfall, men tendensar til endring av genussystemet. Mine resultat viser at den sosiale variabelen kjønn tilsynelatande ikkje påverkar variasjonen.

Abstract

This master's thesis is a study of how dialect users in Stavanger show agreement with feminine. The empirical data for this study is sociolinguistic interviews from 1981 and 2010, collected by Kristine Nymark Aasen og Finn Gabrielsen for their master's thesis. These interviews contain three different age groups.

Previously, the dialect in Stavanger was divided by a high social status sociolect and a low social status dialect. Today the low social status dialect is considered the most popular dialect,

In this study I analyzed variety among seven different variables, in which grammatical gender may lead to different concords. Though my results show variation, the variables seem stable. The variation shows tendencies to minimal changes of the gender system. The social variable sex seems to have no impact on variation.

The dialect users had feminine agreement, though the middle age group had a reduced gender system compared to the older users.

Litteraturliste

Agnihotri, R. K. (2013). Labov's Concept of the Vernacular Speech: The Site of Language Structure, Acquisition and Change. I *Contemporary Education Dialogue* 10. SAGE Publications

Akselberg, G. (1993). Paradigmeutvikling i sosiolingvistikken. Om utviklinga mot ein post-labovsk sosiolingvistikk. I Gilje, N. & Storebø, O. (red.) *Vitenskapsteori og lingvistikk*. Universitetet i Bergen

Akselberg, G. (1994). Phenomenology, sociolinguistics and sociology. I *Nordica Bergensia* 1. Bergen: Universitetet i Bergen

Akselberg G. (1995) *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. (dr.art.-avhandling) Bergen: Universitetet i Bergen

Akselberg, G. (2002). Bergen – an international meeting place. I *Nordica Bergensia* 26/2002

Akselberg, G. (2006). Horisontalistar versus vertikalistar. Om ulike tolkingar av talespråklege endringsprosessar i Noreg. I *Målbryting* 8

Alsos [Munin: Genus i tromsødialekten. En komparativ sosiolingvistisk undersøkelse fra to områder i byen. \(uit.no\)](http://munin.uit.no)

Anderson, R. (2013). *Metodisk opplegg for feltarbeid på Vestlandet*. Bergen: Universitetet i Bergen. Tilgjengeleg via [01 Drøftingsnotat for metodisk opplegg, versjon 6 \(uib.no\)](http://101.drøftingsnotat.for.metodisk.opplegg.versjon.6.uib.no) (lasta ned 4. desember 2021)

Brendalsmo, J. & Paasche, K. (2017). Stavanger – før det ble en by. I *Historisk tidsskrift*, 96. 103–123. Oslo: Universitetsforlaget

Busterud, G.; Lohndal, T.; Rodina, Y.; Westergaard, M. 2019. *The loss of feminine gender in Norway: a dialect comparison*. Universitetet i Tromsø
[<https://munin.uit.no/handle/10037/16793>]

Bugge, E. (2015) *Språktradering i Bolsøy. En variasjonslingvistisk analyse med vekt på familietilhørighet som sosial variabel*. Doktoravhandling. Universitetet i Bergen

- Bugge, E. (2020) Sosiolingvistisk undersøkelse av talemålsvariasjon og dialektendring. I Neteland, R.; Aa, L. I. (red.) *Master i norsk. Metodeboka*. Oslo: Universitetsforlaget
- Conzett, P.; Johansen, Å. M.; Sollid, H. (2011) Genus og substantivbøying i nordnorske språkkontaktområder. I *Nordand 2011 6(1)*
- Corbett, G. G. (1991). *Gender*. Cambridge University Press
- Dahl, Ö. (2000). Animacy and the notion of semantic gender. I Unterbeck, B & M. Rissanen (red.) *Gender in Grammar and Notion*. Mouton de Gruyter.
- Doublet, I. A. C. (2015). *Randaberg, den grønne landsbyen. Ei sosiolingvistisk undersøkning av talemålet i Randaberg*. Masteravhandling. Høgskulen i Volda
- Dyvik, H. (1999). Er diakron syntaks mulig?
- Eckert, P. & S. McConnell-Ginet (2003) *Language and Gender*. Cambridge University Press
- Enger, H.-O. (1998). Grammatisk forenkling og dialektkontakt: Noen spekulasjoner. I Akselberg, G. (red.). *Nordica Bergensia 19*. Universitetet i Bergen 3–26
- Enger, H.-O. & K. E. Kristoffersen (2000) *Innføring i norsk grammatikk: morfologi og syntaks*. J. W. Cappelens forlag
- Enger, H.-O. (2002). Stundom er ein sigar berre ein sigar: problem i studiet av leksikalsk genus. I *Maal og Minne 2/2002* s. 135–151
- Enger, H.-O. (2004) Tre endringer i det skandinaviske genussystemet i lys av grammatikaliseringsteori.
- Enger, H.-O. & P. Conzett (2016). Morfologi. I Helge Sandøy (red.). *Norsk språkhistorie. Mønster*. Novus forlag
- Enger, H.-O. & T. A. Haugen (2017). Styrking og svekking av genussemantikk – ei diakron drøfting av (in)animathet ved pannekakesetninger og anaforisk den. I *Maal og Minne*
- Faarlund, J. T.; Vanneboe, K. I.; Lie, S. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget
- Gabrielsen, F. (1984). *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger*. Oslo: Novus forlag

- Garmann, N. G. (2003) Kvanitetsomleggingen i et kognitivt perspektiv. I J. T. Faarlund (red.) *Språk i endring. Indre norsk språkhistorie*. Novus forlag
- Gjerde, K. Ø. (2002) «Stavanger er stedet». *Oljebyen 1972–2002*. Norsk Oljemuseum
- Gjerde, Å. B. (2020). *mellomkrigstiden*. I Store Norske Leksikon. Henta 22. april 2022 frå www.snl.no/mellomkrigstiden
- Hagemann, K. (2015). Analogidannelse. I *Store Norske Leksikon*. Henta 8. november 2021 frå www.snl.no/analogidannelse
- Haugen, E. (1966). *Language Conflict and Language Planning: The Case of Modern Norwegian*. Cambridge: Harvard University Press.
- Haugen, O. E. (2009) *Norrøn grammatikk i hovuddrag*. Oslo: Novus forlag
- Haugen, O. E. (2015) *Norrønt på 140 ord*. Bergen: Universitetet i Bergen. Henta 20. august 2022 frå: <https://folk.uib.no/hnoi/nordisksprak/tekstar/norrønt/Norroent-140-ord%20v4.pdf>
- Hansen, T. I. (2019). Universitetet i Stavanger. I Store Norske Leksikon. Henta 30. april 2022 frå: www.snl.no/Universitetet_i_Stavanger
- Hegland, Karen Margrethe (1996). *Sjempesjekt! Uttaleendring av kj- og sj-lyd hos ungdommar i Stavanger*. Upublisert hovudfagsoppgåve ved Nordisk institut, Universitetet i Bergen
- Hognestad, J. K. (2019). Språk i småbyen: varietet og variasjon. I *Maal og Minne 1* (2019): s. 1–30
- Hårstad, S.; T. Lohndal, B. Mæhlum (2017). *Innganger til språkvitenskap. Teori, metode og faghistorie*. Cappelen Damm Akademisk
- Hårstad, S. & T. Opsahl (2021). «E' hel ei – e' halv ei» – om realiseringa av ubestemt hokjønnsartikkel i Oslo. I *Maal og Minne 2-2021*
- Jenstad, T. E. (2016) Ordforrådet. I Helge Sandøy (red.). *Norsk språkhistorie. Mønster*. Oslo: Novus forlag

- Hockett, C. F. (1958). *A Course in Modern Linguistics*. New York: The MacMillan Company
- Kolsrud, S. (1951), *Nynorsken i sine målføre*, Oslo: Universitetsforlaget
- Lightbown, P. M.; Spada, N. (2012). *How Languages are Learned*. 4. utgåve. Oxford University Press
- Kristoffersen, G. (2015) *Innføring i norsk fonologi*. 4. utgåve. Universitetet i Bergen
- Johannessen, J. T. (2020). *Talemålsendringer i Stavanger i dag. En sosiolingvistisk undersøkelse av yngre talere av stavangersk*. Masteravhandling. Universitetet i Stavanger
- Labov, W. (1972). *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press
- Labov, W. (1994). *Principles of Linguistic Change. Internal Factors*. Cambridge: Blackwell
- Lødrup, Helge (2011). Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? I *Maal og Minne*, 103(2)
- Meisel, Jürgen M. (2011). *First and Second Language Acquisition*. Cambridge University Press
- Milroy, L. & M. Gordon (2003). *Sociolinguistics: Method and Interpretation*. Wiley-Blackwell
- Müller, B. (2012). *Genustilordning når norsk er andrespråk*. Masteravhandling. Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet
- Myhre, J. E. (2015). Utvandring fra Norge. Universitetet i Oslo. Henta 20. april 2022 frå <https://www.norgeshistorie.no/industrialisering-og-demokrati/1537-utvandring-fra-norge.html>
- Myking, J.; Ulland, H. (1985). *Talemålet i Bergen. En kort lærerveiledning*. Bergen: Pedagogisk veiledningstjeneste
- Mæhlum, B. (1996). Opposisjonsinnlegg ved Gunnstein Akselbergs disputas. I *Maal og Minne* 1996. 170–183
- Nerheim, G. (1990) Da Stavanger ble valgt som sentrum for oljeleting på norsk sokkel. I *Årbok 1990*. Norsk Oljemuseum

- Nesse, A. (1994). *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten*. I *Talemål i Bergen* 5. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen
- Nesse, A. (2003). Boka – han og kua – den. I *Maal og Minne* 2/2003
- Nesse, A. (2008). *Bydialekt, riksmål og identitet – Sett fra Bodø*. Oslo: Novus forlag
- Nodland, E. (2008) «Dai æ sånne byassa så saie sj fårr kj å sänn». En sosiolingvistisk undersøkelse av kj- og sj-sammenfallets spredningsmønster fra Stavanger til Egersund (Masteroppgåve). Universitetet i Bergen
- Norrby, C. & G. Håkansson. (2015). *Introduktion till sociolingvistik*. Lund: Studentlitteratur
- Ogneva, A. (2020). Gender agreement hierarchy in common gender and epicene nouns in European Spanish. I *Borealis – An International Journal of Hispanic Linguistics* 9
- Sandøy, H. (1985) *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus forlag
- Sandøy, H. (1991). *Norsk dialektkunnskap*. 2. utgåve. Novus forlag
- Sandøy, H. (1996). *Talemål*. Novus forlag
- Selås, M. (2005). Forklaring og forståing i sosiolingvistikken. I *Målbryting* 7
- Skramstad, T. (2000). Hvor står sosiolingvistikken i dag? Sosiolingvistik – metoder, målsetning og ansvar. 1979–1999. I *Målbryting* 4
- Sandøy, Helge (1998). The Diffusion of a New Morphology in Norwegian dialects. I *Folia Linguistica XXXII/ 1-2*, s. 83–100
- Sandøy, Helge (2018) Samfunnstype og språkleg variasjon. Om språkendingar i Norge. [Sandoy 1728 Samfunnstype, 2018.pdf \(uib.no\)](#)
- Sandøy [Introduction SLICE 1 \(uib.no\)](#)
- Skjekkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring: Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Novus Forlag
- Sollid, H. (2002) Om observatørens paradoks. I *Målbryting* 6
- Stavanger kommune (2019). *Den åttende levekårsundersøkelsen. Kortversjon*. Stavanger kommune. Henta 24. april frå: www.stavanger.kommune.no/siteassets/om-kommunen/stavanger/kortversjon-levokarsundersokelsen-2019.pdf

Stavanger kommune (2021a). Antall arbeidsforhold etter næring og fylke - 11 Rogaland.

Henta 25. april 2022 frå:

www.public.tableau.com/app/profile/stavanger.statistikken/viz/Arbeidsforhold/Arbeidsforholdetterkommuneogring

Stavanger kommune (2021). Ansatte i ulike områder i Stavanger basert på

Brønnøysundregistrene. Henta 25. april 2022 frå:

www.public.tableau.com/app/profile/stavanger.statistikken/viz/Brnnyssund_bedrifter/Dashboard1

Stavanger kommune (2021a). Stavanger-statistikken. Befolkning etter bydel. Henta 25.

april 2022 frå:

www.public.tableau.com/app/profile/stavanger.statistikken/viz/Befolkning_0/Folkemengdeogrligeendringer

Stavanger kommune (2021b). Skolene i Stavanger. Henta 30. april frå:

www.stavanger.kommune.no/barnhage-og-skole/skole/skolene-i-stavanger/

Stavanger kommune (2022a). Fakta om Stavanger. Henta 22. oktober 2021 frå:

www.stavanger.kommune.no/om-stavanger-kommune/fakta-om-stavanger/#befolkning

Stavanger kommune (2022b). Næringslivet i Stavanger. Henta 30. april 2022 frå:

www.stavanger.kommune.no/naring-og-arbeidsliv/naringsutvikling

Statistisk sentralbyrå (2022a). 07459: Befolkning, etter region, statistikkvariabel og år. I

Statistikkbanken. Befolkning. Henta 25. april 2022 frå:

www.ssb.no/statbank/table/07459/tableViewLayout2/

Statistisk sentralbyrå (2022b). Flyttinger. Henta 25. april 2022 frå:

www.ssb.no/befolkning/flytting/statistikk/flyttinger

Statistisk sentralbyrå (2022c). Kommunefakta Stavanger. Henta 25. april 2022 frå:

www.ssb.no/kommunefakta/stavanger

Statistisk sentralbyrå (2022d). KOSTRA nøkkeltall. Rogaland. Befolkningsprofil. Henta 1.

mai 2022 frå: www.ssb.no/kommunefakta/kostra/rogaland/befolkningsprofil

Thagaard, T. (1998). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode.*

Fagbokforlaget

Trosterud, T. (2001). Genus i norsk er regelstyrt. I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 19

Trudgill, P. (1986). *Dialect in Contact.* Blackwell

Trudgill, P. (2011). Social Structure, Language Contact and Language Change. I Wodak, R.; B. Johnstone; P. Kerswill (red.). *The SAGE Handbook of Sociolinguistics*. SAGE Publications Ltd

Vagstein, A. (2009). *Hvor mange genus har norsk?* Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.

Venås, Kjell. (1982). *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistik eller språksosiologi*. Oslo: Novus forlag

Omdal, H. (1967). Noen karakteristiske trekk ved det høgere talemålet i Stavanger – jamført med folkemålet. *Maal og Minne*

Westergaard, M. & Rodina, Y. (2016). Hvor mange genus er det i Tromsødialekten? I *Maal og Minne 2/2016*

Aasen, K. N. 2011. *Stavanger-dialekten 30 år etter. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Stavanger*. Universitetet i Bergen